

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Møtestad:	Clarion Bergen Airport
Dato:	12.11.2019
Tid:	10:00

Program

- Kl. 10:00 - 10:10 Opning
- Kl. 10:10 - 11:10 Presentasjon av avdelinga på kultur, idrett og inkludering
- Kl. 11:10 - 12:15 Orientering om budsjett
- Kl. 12:15 - 13:00 Lunsj
- Kl. 13:00 - 15:45 Saksbehandling held fram til møtet er slutt
- Kl. 15:45 - 16:00 Dialog, evaluering og møteform i tida framover.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall: alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome påfølgande dag kl. 13.00.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Stian Jean Opedal Davies
utvalsleiar

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
	Godkjenningssaker		
GK 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/19	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
	Orienteringar Presentasjon av avdelinga på kultur, idrett og inkludering Orientering om budsjett		
	Referatsaker		
RS 1/19	Finansutvalet sitt arbeid med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023	2019/28	
RS 2/19	Rom for demokrati og dannelse. Nasjonal bibliotekstrategi 2020 - 2030	2019/33	
RS 3/19	Intensjonsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Lokale- og anlægsfonden	2019/35	
RS 4/19	Innspel til anleggsstrategi for Alver 2020 - 2024 Samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy	2019/36	
RS 5/19	Budsjettsøknader for driftstilskot til kunst, kultur og idrett 2020	2019/39	
RS 6/19	Invitasjon til kulturpolitisk toppmøte 25. november 2019 - regionreform - drøfting av oppgavedeling på kulturområdet	2019/71	
	Politiske saker		
PS 1/19	Kystpilegrimsleia. regionale pilegrimssenter	2019/27	
PS 2/19	Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland og Sogn og Fjordane, samt magasinutfordringar for KODE	2019/23	
PS 3/19	Tilskot ti drift av verna fartøy i Vestland - Reviderte retningsliner frå 2020	2019/22	
PS 4/19	Tilskot til verna kulturminne i Vestland - Reviderte retningsliner frå 2020	2019/41	
PS 5/19	Høyringsuttale lov om integrering	2019/51	

Godkjenningssaker

GK 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

GK 2/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Referatsaker

RS 1/19 Finansutvalet sitt arbeid med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023

Notat

Dato: 05.11.2019
Saksnr: 2019/28-2
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Til: Hovudutvala

Frå: Påtroppande fylkesrådmann Rune Haugsdal

Finansutvalet sitt arbeid med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023

Påtroppande fylkesrådmann legg med dette fram ei referatsak for å orientere om finansutvalet sitt arbeid så langt med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

Referatsaka viser saksframlegg og arbeidsdokument 6/19 om budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 som finansutvalet handsama i møte 24.10.19. Møteprotokoll frå handsaminga i finansutvalet ligg og ved referatsaka til orientering.

Arbeidsdokument 7/19 vil bli lagt fram for handsaming i finansutvalet i møte, 13.11.19.

Vedlegg

- 1 Sak i finansutvalet, 24.10.19, om budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 6/19
- 2 Arbeidsdokument 6/19
- 3 Protokoll frå finansutvalet, 24.10.19.

Saksnr: 2019/28-1
Saksbehandlar: Astrid Lernes, fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Nils Egil Vetlesand, fylkesrådmannen, Hordaland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet		24.10.2019

Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 6/19**Prosjektleiaren rår til å gjera slikt vedtak:**

Finansutvalet viser til framlagt arbeidsdokument 6/19 med vedlegg og gjer følgjande prosessvedtak:

Finansutvalet godkjenner tilrådingpunkt nr 1-21 i arbeidsdokument 6/19

Samandrag

I Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 – Arbeidsdokument 6/19 vert følgjande moment handsama;

- Statsbudsjettet, verknadar
- Investeringsbudsjett 2020-2023
- Driftsbudsjett 2020
- Sektorbudsjett 2020
- Budsjettsaldering 2020
- Økonomiplan 2021-2023
- Finansielle måltal.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Ingrid Kristine Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for
Organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Prosjektleiar, 17.10.2019

I dette arbeidsdokumentet til finansutvalet, har prosjektleiar fokus på følgjande områder:

- Finansutvalsmodellen
 - o Roller og ansvar
 - o Praktisk arbeidsmetode
- Statsbudsjettet
 - o Økonomiske verknadar av nytt inntektssystem
 - o Nye oppgåver
- Investeringsbudsjett 2020-2023
 - o Investeringsprogram bygg 2020-23
 - o Investeringsprogram fylkesvegar inkl. rassikring 2020-23
 - o Investeringsprogram kollektiv 2020-23

Kvart av investeringsprogramma er oppdatert i høve til tidsforskyvningar, endra kostnadsoverslag og nye prosjekt sidan førre handsaming
- Driftsbudsjett 2020
 - o Sektorrammer med justeringar som følgje av statsbudsjettet, tekniske endringar og eingongskostnadar
 - o Kapitalutgifter
 - o Pensjonskostnader/ amortisering av premieavvik
 - o Inntekter
 - o Innsparingstiltak og omprioriteringar
- Spesifiserte sektorbudsjett 2020
 - o Innafor kvar sektor er det presentert tal og laga omtale for kvart løyvingsnivå
- Økonomiplan 2021-2023
 - o Tiltak i økonomiplanperioden
 - o Program for administrativ effektivisering 2020 - 2024
- Budsjettsaldering
 - o Saldering budsjett 2020
 - o Saldering økonomiplan 2021-2023
 - o Investeringsnivå, lånegjeld og kapitalutgifter
- Finansielle måltal
 - o Netto driftsresultat
 - o Gjeldsgrad
 - o Rente- og avdragsbelastning
 - o Disposisjonsfond

Arbeidsdokument 6/19

Budsjett 2020/økonomiplan 2020–2023

Arbeidsdokument 6/19

I dette arbeidsdokumentet til finansutvalet har prosjektleiar fokus på følgjande område;

- **Finansutvalsmodellen**
 - Roller og ansvar
 - Praktisk arbeidsmetode
- **Statsbudsjettet**
 - Økonomiske verknadar av nytt inntektssystem
 - Nye oppgåver
- **Investeringsbudsjett 2020–2023**
 - Investeringsprogram bygg 2020–23
 - Investeringsprogram fylkesveggar inkl. rassikring 2020–23
 - Investeringsprogram kollektiv 2020–23
 - Kvart av investeringsprogramma er oppdatert i høve til tidsforskyvningar, endra kostnadsoverslag og nye prosjekt sidan førre handsaming
- **Driftsbudsjett 2020**
 - Sektorrammer med justeringar som følgje av statsbudsjettet, tekniske endringar og eingongskostnader
 - Kapitalutgifter
 - Pensjonskostnader/ amortisering av premieavvik
 - Inntekter
 - Innsparingstiltak og omprioriteringar
- **Spesifiserte sektorbudsjett 2020**
 - Innafor kvar sektor er det presentert tal og laga omtale for kvart løyvingnivå
- **Økonomiplan 2021–2023**
 - Tiltak i økonomiplanperioden
 - Program for administrativ effektivisering 2020–2024
- **Budsjettsaldering**
 - Saldering budsjett 2020
 - Saldering økonomiplan 2021–2023
 - Investeringsnivå, lånegjeld og kapitalutgifter
- **Finansielle måltal**
 - Netto driftsresultat
 - Gjeldsgrad
 - Rente- og avdragsbelastning
 - Disposisjonsfond
- **Neste møte i finansutvalet**

1 Finansutvalsmodellen

Prosjektleiar går i dette avsnittet gjennom roller, ansvar og praktisk arbeidsmetode som følgjer av ordninga med finansutval. Prosjektleiar vil i tillegg utdjupe dette i ein presentasjon.

Roller og ansvar

Hovudmålet med bruk av finansutvalsmodellen er å sikre større politisk involvering og medverke til at det politiske nivået får større eigarskap til budsjettet som styringsverktøy. Gjennom dette sikrar ein eit betre grunnlag for prioriteringane som må gjerast for å få samsvar mellom fylkeskommunal aktivitet og økonomiske rammeføresetnader.

Dette gjer at sjølve prosessen får ei meir sentral rolle i budsjettarbeidet, og at innhaldet i budsjettet vert eit resultat av

denne prosessen som fører fram til politisk slutthandsaming i november/desember.

Finansutvalsmodellen sikrar ein opnare prosess både mot det politiske miljøet og mot brukarane av fylkeskommunale tenester. Alle partar vil ha lik tilgang på informasjon undervegs i prosessen og dette vil gjere det lettare å kome med innspel og delta aktivt.

Praktisk arbeidsmetode

Arbeidsdokument

Til møta i finansutvalet vert det som hovudregel utarbeidd «Arbeidsdokument». Arbeidsdokumentet fungerer som

saksgrunnlag og gjev politikarane høve til å setje seg inn i dei tema som skal takast opp/drøftast i møtet.

Arbeidsdokumenta har i grove trekk slik oppbygging:

1. Aktuelle saker i dette arbeidsdokumentet – stikkordsform
2. Gjennomgang av sakene – med tilråding til vedtak
3. Oppsummering – med salderingsbalanse etter tilrådde vedtak

Aktuelle saker i neste møte

Tidlegare arbeidsdokument

Fellesnemnda som finansutval har tidlegare i 2019 hatt fem arbeidsdokument til handsaming. Prosjektlear går kort gjennom hovudpunkta i dei tidlegare arbeidsdokumenta:

Arbeidsdokument 1/19

– fellesnemnda sitt møte 14. februar:

- Roller, ansvar og arbeidsmetode
- Storleik budsjett 2020 og økonomiplan 2020–2023 for Vestland fylkeskommune
- Skissert utfordringar knytt til den økonomiske situasjonen
- Nytt inntektssystem frå 2020

Arbeidsdokument 2/19

– fellesnemnda sitt møte 13. mars

- Arbeidsdeling mellom fellesnemnda og nytt fylkesting
- Årsrekneskapen – resultat og rammekonsekvensar
- Gjennomgang av vedtekne investeringsbudsjett

Arbeidsdokument 3/19

– fellesnemnda sitt møte 23. mai

- Framlegg til kommuneproposisjon 2020
 - økonomiske verknader av nytt inntektssystem
 - nye oppgåver
- Politisk kontoplan/løvningsnivå
- Investeringsbudsjett – framlegg til forskyving og reduksjon i løyvingar
- Innsparingar i driftsbudsjettet – tilnærming til fordeling

Arbeidsdokument 4/19

– fellesnemnda sitt møte 18. juni

- Framlegg til kommuneproposisjon 2020
 - nytt inntektssystem
 - nye oppgåver
 - særskilt om overføring av fylkesvegadministrasjonen/fylkesvegdelene av sams vegadministrasjon

- Andre fellesinntekter og -utgifter
 - konsesjonskraft
 - kapitalinntekter og -utgifter
- Rammejusteringar
- Eksterne søknader
- Sektorrammer
- Saldering av budsjett og økonomiplan

Arbeidsdokument 5/19

– fellesnemnda sitt møte 18. september

- Status driftsreduksjonar
- Salderingsutfordringa
- Program for administrativ effektivisering
- Budsjettarbeidet framover

Vedtaksformer

I arbeidsdokumenta vert det i hovudsak nytta to presentasjons- og vedtaksmetodar:

Orienteringar politikarane vert inviterte til å ta til orientering/vitande

Utgreiingar/problemstillingar der politikarane vert inviterte til å gjere prosessvedtak

I orienteringspunktta tek prosjektlear opp saker som på ein eller annan måte påverkar fylkeskommunen sine økonomiske rammeføresetnader. Dette er saker som det såleis må takast omsyn til i den vidare budsjettprosessen.

I andre punkt kan gjelde utgreiingar/problemstillingar. Dette kan vere strategival, prioriteringar og konkrete tiltak eller problemstillingar knytt til sjølve gjennomføringa av prosessen finansutvalet må ta aktivt stilling til.

Felles for vedtaka som vert gjort av finansutvalet er at dei er prosessvedtak. Det vil seie at vedtaka vert gjort med den kunnskapen ein har på det aktuelle tidspunktet i prosessen, og at vedtaka gjeld fram til finansutvalet sjølv endrar dei. Vedtaka vert først bindande når finansutvalet gjer vedtak om å legge ut sitt framlegg til budsjett/økonomiplan for politisk slutthandsaming.

Politiske bestillingar

I arbeidsdokumenta og/eller i finansutvalsmøta vert det opna for å kome med politiske bestillingar. Dette kan vere utgreiing av ei ny problemstilling eller utfyllande informasjon om/vidare utgreiing av presenterte saker.

Ved å legge politiske bestillingar inn som ein del av finansutvalsmodellen sikrar ein at alle partane i budsjettarbeidet får høve til å kome med framlegg til aktuelle utgreiingar og at alle får lik tilgang til resultatet av vedtekne bestillingar. Slike bestillingar kan fort bli ressurskrevjande. Det er difor viktig at både behov og omfang er nøye vurdert før bestillingane vert framsette/vedtekne.

Møtebok/protokoll

Vedtatt i finansutvalet ved handsaming av arbeidsdokumentet vert protokollert i møteboka. Godkjenning av møteboka følgjer vanlege godkjenningsprosedyrar.

2 Statsbudsjettet 2020

Statsbudsjettet vart lagt fram 7. oktober. Regjeringa foreslår her nivået på dei frie inntektene for fylkeskommunane, som står for om lag $\frac{3}{4}$ av dei fylkeskommunale inntektene. Dei er såleis avgjerande for fylkeskommunen sitt økonomiske handlingsrom.

I kommuneproposisjonen som vart lagt fram i mai, ref. omtale i arbeidsdokument 4/19, varsla regjeringa at veksten i dei frie inntektene skulle liggja i intervallet -200 mill. kr til +100 mill. kr. I statsbudsjettet for 2020 har regjeringa lagt seg midt i dette intervallet og foreslår null realvekst i dei frie inntektene. Dette er i samsvar med det prosjektleiar har lagt til grunn for budsjettarbeidet.

I statsbudsjettet er det vidare gjort endringar som følgje av nye oppgåver til fylkeskommunane og det er gjort endringar for nokre tilskot som tidlegare var øyremerka, men som no går inn som ein del av dei frie inntektene. Dette er også i samsvar med det som vart varsla i kommuneproposisjonen i mai.

Regjeringa har likevel ikkje makta å få med i statsbudsjettet endringar som følgje av at ordninga med Sams vegadministrasjon skal avviklast. Det er varsla i statsbudsjettet at regjeringa kjem attende til dette i ein tilleggsproposisjon i november. Prosjektleiaren har difor ikkje rekna med endringar som følgje av dette og vil koma attende til det når regjeringa sitt forslag til korleis overføringa skal gjennomførast, ligg føre.

Økonomiske verknadar for Vestland

Endringar i inntektssystemet i samband med regionreforma vart omtala i kommuneproposisjonen og i arbeidsdokument 4/19. Hovudkonklusjonen er at Vestland fylkeskommune isolert sett kjem godt ut av det nye inntektssystemet, men

ein taper kompensasjonen som Sogn og Fjordane har hatt etter endringane i 2015. Sogn og Fjordane fekk i 2019 ein kompensasjon på 106,8 mill. kr. Denne summen fell bort i 2020. Departementet har rekna ut at netto tap for Vestland fylkeskommune utgjer 20,9 mill. kr. Det er innført ei overgangsordning på 4 år. Tapet i 2020 vert dermed redusert til 5,2 mill. kr.

Vestland fylkeskommune fekk i statsbudsjettet tildelt 9,749 mrd kr i skatt og rammetilskot. Av dette er 5,6 mrd.kr rammetilskot medan 4,2 mrd.kr er skatteinntekter. Samla er dette 835 mill. kr meir enn det som ligg i våre budsjettføresetnader.

Desse meirinntektene skal i hovudsak dekke:

- Løn- og prisvekst
- Finansiering nye oppgåver
- Innlemming av øyremerka tilskot

Løns- og prisvekst

Deflatoren for 2020 (løns- og prisvekst) er i framlegg til statsbudsjett sett til 3,1 %, der lønsvekst er sett til 3,6% medan prisvekst er sett til 2,2%.

Lønprisveksten for Vestland er berekna til 245,8 mill. kr.

Nye oppgåver/innlemming av øyremerka tilskot

Statsbudsjettet medfører at tideigare øyremerka tilskot vert lagt inn i dei frie inntektene. Det er også lagt inn midlar til dei nye oppgåvene som dei nye oppgåvene får frå og med 2020.

Prosjektleiar vil tilrå at midlane til nye oppgåver/innlemmingar av tidlegare øyremerka tilskot som ligg i «tabell C» (saker med særskild fordeling) vert tilført avdelingane. Samla utgjer det 61,6 mil.kr. Dette går fram av tabellen nedanfor.

Oppgåver	mill. kr
Overføring av fiskerihamneanlegg (regionreformen)	2,0
Overføring av ansvaret for arbeidsmarknadstiltaket BIO (regionreformen)	5,5
Innlemming av tilskot til lærlingar, praksisbrevkand. og lærekand. med særskilte behov	6,5
Overføring av tilskotsmidlar til Jobbsjansen del B (regionreformen)	9,6
Overføring av tilskotsmidlar for å etablere opplæring for innvandrarar (regionreformen)	0,6
Overføring av tilskotsmidlar til mentor- og traineeordningar (regionreformen)	1,0
Overføring av oppgåver innenfor kulturminneområdet (regionreformen)	0,2
Overføring av oppgåver frå IMDi (regionreformen)	2,9
Oppfølging av statleg tilskot til institusjonar	2,2
Innlemming av tilskot til inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn (regionreformen)	10,2
Innlemming av tilskot til fylkesvise partnerskap for karriereveiledning (regionreformen)	3,8
Innlemming av tilskot til tidleg karriereveiledning for nyankomne innvandrar	0,5
Overføring av oppgåver på landbruksområdet (regionreformen)	0,8
Overføring av tilskotsmidlar til tverrfaglig innsats på rusfeltet	0,3
Innlemming av tilskot til gang- og sykkelveggar	1,6
Rassikring	12,9
Vegbruksavgift naturgass	0,9
SUM	61,6

Overføring til finansiering av investeringsbudsjettet

Rassikringsmidlane

Rassikringsmidlane er i 2020 flytta frå øyremerka investeringstilskot og over til rammetilskotet. Vestland fylkeskommune mottok 413,3 mill. kr av ei totalramme på 796,3 mill. kr.

Prosjektlear vil tilrå at av tildelt beløp vert 400,4 mill. kr overført til investeringsbudsjettet til fullfinansiering av rassikringsbudsjettet. Restbeløpet, 12,9 mill. kr, vert fordelt til veg-, drifts- og vedlikehaldsbudsjettet til rassikringstiltak. Desse midlane kan overførast/nyttast i investeringsbudsjettet dersom tiltaket skal klassifiserast som investering, jf. rekneskapsforskriftene.

Prosjektlear vil gjere merksam på at dette ikkje er ei styrking av midlane til skredsikring, men ei innlemming av eitt statleg tilskot som har gått direkte til skredsikring.

Kompensasjon – forskrift om tunellsikkerheit

Fylkeskommunane har sidan 2015 blitt kompensert for

meirutgifter knytt til krava i tunellforskrifta. I utgangspunktet var det skissert at tilskotsordninga knytt til tunellforskrifta skulle gjelda for åra 2015 – 2019. Sogn og Fjordane hadde difor teke sin del ut av budsjettet for 2020, medan Hordaland framleis hadde det med i sine ramar.

Fordelinga knytt til kor mykje kvar enkelt fylkeskommune får er endra i 2020 i høve 2019. Den nye fordelinga er gjort med grunnlag i oppdaterte berekningar av behovet for kompensasjon. Resultatet gjev auka kompensasjon til Rogaland, Nordland, Troms/Finnmark medan den gjev redusert kompensasjon for Vestland.

Samla fekk Sogn og Fjordane og Hordaland 116,1 mill. kr i kompensasjon i 2019, mens Vestland får 89,4 mill. kr i 2020. Tek vi omsyn til prisstigninga er det ein nedgang på 26,7 mill. kr.

I høve våre føresetnader er det likevel ein auke på 47 mill. kr. Forklaringa på dette er at Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde teke tilskotet ut av si ramme for 2020, då det tidlegare

har vore uvisse knytt til satsinga frå staten ville bli vidareført, jf omtale over.

Prosjektleiar vil tilrå at tildelt beløp - 89,4 mill. kr – vert overført investeringsbudsjettet til finansiering av tiltak knytt til tunellforskrifta.

Fiskerihamneanlegg

Som ein del av regionreforma vart ansvaret for fiskerihamner overført til fylkeskommunane. I rammetilskotet er Vestland fylkeskommune tilgodesett med 23,7 mill. kr. Prosjektleiar vil tilrå at 8 mill. kr av dette vert overført til investeringsbudsjettet til tiltak knytt til fiskerihamneanlegg.

Under er eit oversyn over driftsmidlar som vert overført til investering.

Oppgåver	mill. kr.
Rassikring	400,4
Tunellrehabilitering jf. tunellforskrifta	89,4
Fiskerihamner	8,0
Sum overført investering	497,8

Regionale utviklingsmidlar frå KMD

Tilskotet frå KMD til regionale utviklingsmidlar har ein stor auke i 2020. Tilskotet for 2020 er på 99,4 mill. kr mot 64,285 mill. kr samla for Sogn og Fjordane og Hordaland i 2019. Auken har i hovudsak si forklaring i at fylkeskommunen har fått auka/overført oppdragsgjevaransvar og midlar knytt til fleire områder frå staten.

Prosjektleiar vil tilrå at auken i tilskot KMD – 34,1 mill. kr – i si heilheit vert fordelt til innovasjon og næring.

Tilråding 1

Prosjektleiaren si tilråding om styrking av sektorbudsjetta knytt til verknadane av statsbudsjettet og nye oppgåver/innlemming av øymerka tilskot vert innarbeidd i budsjett 2020.

Prosjektleiaren si tilråding om overføring av driftsmidlar til investering vert innarbeidd i budsjett 2020.

Prosjektleiar si tilråding knytt til KMD midlane vert innarbeidd i budsjett 2020.

3 Investeringsbudsjett 2020–2023

3.1 Investeringsprogram bygg 2020–23

Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsprogram vert presentert i tabellen under. Tala er i faste 2020-kr. Prosjektleiar vil under omtale endringane som er

gjort i investeringsprogrammet, i høve det som vart lagt fram for fellesnemnda våren 2019.

	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023
Forvaltning/fellesfunksjonar	1 363 968	359 768	457 400	474 400	72 400
Eigenkapitalinnskot KLP	30 000	7 500	7 500	7 500	7 500
El-bilar	8 500	1 900	2 200	2 200	2 200
IT-investeringar	126 800	28 700	32 700	32 700	32 700
Miljøprosjektet	4 368	4 368			
Fylkeshuset Leikanger - utviding av Firdasalen	3 000	3 000	0	0	0
Fylkeshuset Bergen- Ombygging/opprusting	1 100 000	300 000	400 000	400 000	0
Tilfluktsrom	10 300	10 300			
Fylkeshuset Leikanger - rehab	81 000	4 000	15 000	32 000	30 000
Opplæring	3 793 814	762 241	862 623	1 055 750	1 113 200
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	379 470	87 570	97 300	97 300	97 300
Utstyr og IT-investeringar på skulane	145 860	33 660	37 400	37 400	37 400
Skulebruksplan - planmidlar	14 000	3 500	3 500	3 500	3 500
Askøy vgs	550 000	95 000	215 000	160 000	80 000
Åsane vgs	258 000	224 000	34 000	0	0
Langhaugen vgs	92 000	3 000	50 000	39 000	
Sogndal vgs. Byggesteg II	8 969	8 969			
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	62 050	13 000	25 000	24 050	0
Måløy vgs - rehab. av blokk B og C	25 592	25 592	0	0	0
Mo og Øyrane vgs - ridehall	4 000	4 000	0	0	0
Førde vgs./campus Førde	710 000	60 000	170 000	240 000	240 000
Sogndal vgs avd. og Vitensenter	135 562	70 000	65 562		0
Flora idrettssenter	11 000	11 000	0	0	0
Nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs	130 500	102 500	28 000	0	0
Måløy vgs - blokk A og D	66 000	9 000	30 000	27 000	0
Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1 361		1 361	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbyg	30 000		10 000	14 000	6 000
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	25 000		8 000	10 000	7 000
Årdal vgs - rehab	45 000		3 000	16 000	26 000
Sogndal vgs - rehab badebasseng	27 000		2 000	5 000	20 000
Sogn jord- og hagebr. - rehab. fjøs-og verkstad	14 000			4 000	10 000
Eid vgs - nytt undervisningsareal	28 000		8 000	10 000	10 000
Stord vgs	220 000		20 000	100 000	100 000
Bømlo vgs	21 000		4 000	17 000	
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	560 000		30 000	170 000	360 000
Slåtthaug vgs	26 000	0	0	6 000	20 000
Sotra vgs	32 000	0	0	16 000	16 000
MØY vgs - internat mm.	55 500	1 000	5 000	16 000	33 500
Kvam nybygg fase 1	60 000	1 000	1 000	20 000	38 000
Måløy vgs - ny akvahall	20 000		5 000	15 000	

Tabellen held fra på neste side

	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023
Gang og sykkeltiltak - vgs	35 950	9 450	9 500	8 500	8 500
Tannhelse	116 050	28 550	35 800	25 600	26 100
Utstyr tannhelsetenesta	35 880	8 280	9 200	9 200	9 200
Tannklinikkar	52 870	9 270	10 300	16 400	16 900
Tannklinik Sogndal	27 300	11 000	16 300		
Kultur og regional utvikling	124 790	18 790	55 000	38 000	13 000
Gulatinget	72 000	5 000	42 000	25 000	0
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	11 790	2 790	3 000	3 000	3 000
Vedlikehald av fiskerihamner	40 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Nytt arkivdepot	1 000	1 000			
Sum investering	5 398 622	1 169 349	1 410 823	1 593 750	1 224 700

Finansiering (tal i 1000kr)	Sum i perioden	2 020	2 021	2 022	2 023
Mva-kompensasjon	1 079 724	233 870	282 165	318 750	244 940
Driftsmidler	188 788	47 197	47 197	47 197	47 197
Fond - egenkapitalinnskot	30 000	7 500	7 500	7 500	7 500
Diverse fond - investeringstiltak	617 986	256 400	340 000	21 586	
Sal av bygg	350 000	50 000		150 000	150 000
Tilskot Gulatinget - stat og kommune	47 500		23 750	23 750	
Unyttå lånemidlar tidlegare år	11 000	11 000			
Lånemidlar	3 073 624	563 382	710 211	1 024 967	775 063
Sum finansiering	5 398 622	1 169 349	1 410 823	1 593 750	1 224 700

Tidsforskyving for vedtekne prosjekt

Prosjektlear har oppdatert det samla investeringsprogrammet for bygg i tråd med forventa framdrift for investeringsprosjekta. Dette gjeld forskyvingar frå 2019, som er handsama i tertialrapportane i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt oppdatert framdrift i høve føresetnadane som ligg til grunn for prosjekta p.t. Når det gjeld investeringa i nye Førde vgs vil prosjektlear nemne at det er lagt til førebelse kalkulerte kostnader på 30 mill. kr til tomt og rekkefølgekostnader. Dette er i tråd med tidlegare vedtak knytt til prosjektet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, jf. FT-sak 16/19.

Endring i kostnadsoverslag og føresetnader for enkelt prosjekt

Nytt fylkeshus for Vestland fylkeskommune

Fylkestinget i Hordaland vedtok i sak 12/18 bygging av nytt

fylkesbygg. I sak 40/18 gjorde ein vidare vedtak knytt til finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget skal stå klart i 2023. Sak om eigarskap og byggestart for nybygg vart behandla i FT-sak 94/19.

I sak 90/19 vart samla kostnadsramme for prosjektet auka med 137 mill. kr, og det vart gjort vedtak om bygging i eigen regi. Auken i kostnader for investeringa var grunngeven med større areal og høgare marknadspris enn tidlegare antatt. Vidare vart kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala tatt inn i prosjektet. Det auka arealet, samt eit effektivt nybygg, gjer at det samstundes vart kalkulert med auka leigeinntekter, slik at totaløkonomien i prosjektet er styrka i høve tidlegare føresetnader.

Langhaugen

Prosjektlear legg opp til å gjennomføre dette prosjektet slik som det har vore vedteke i skulebruksplanen, med ei kostnadsramme på 92 mill. kr (84 mill. kr i 2016-kr). Dette

inneberer at prosjektleiar ikkje har funne rom til å legge inn midlar til etablering av ein ekstra parallell i musikk, som vart drøfta i fylkestinget i Hordaland i sak 46/18. Ein ekstra parallell i musikk vil gje ei auka kostnadsramme på 88 mill. kr, samt 6 mill. kr i auka driftskostnader (2018-kr).

Stord vgs

Prosjektet gjeld rehabilitering og tilbygg ved Stord vidaregåande skule. Det pågår ein prosess med Stord kommune knytt til om ein skal gjennomføre sal av Stord vgs, avd Saghaugen med sikte på samling av heile skulen på Vabakkjen. Samling av heile skulen vil gje vesentleg høgare kostnad (340 mill. kr i byggekostnad og 52 mill. kr i salsinntekt). Vidare har ein konkludert med at det er behov for å erstatta noko meir av eksisterande bygg, med nybygg, i høve det som tidlegare er lagt til grunn. Kostnadstala er også oppdatert med prisvekst frå 2016 til 2020.

Prosjektleiar legg opp til å gjennomføre dette prosjektet slik det har vore vedteke i skulebruksplanen. Dette inneberer at prosjektleiar ikkje har funne rom til å legge inn midlar til å samle heile skulen på Vabakkjen.

Laksevåg og Bergen Maritime vgs og Fagskule i Hordaland

Skulebruksplanen legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. I det politiske vedtaket for den vidaregåande skulen var elevtalet auka med 130 elevar samanlikna med det som var grunnlaget for investeringsplanen. Dimensjoneringa av fagskulen var oppe som eiga sak til fylkestinget i Hordaland i juni 2018 i FT-sak 42/2018. Her vart det lagt til grunn eit monaleg større tal på studentar enn tidlegare lagt til grunn (om lag 80% auke).

I dei reviderte kostnadstala er det lagt inn at auke i tal på studentar/elevar knytt til fagskulen og den vidaregåande skulen vil medføre ein kostnadsvekst på om lag 50%. Kostnadstala er også justert med prisvekst frå 2016 tal til 2020 tal. Prosjektleiar vil arbeide vidare med dimensjoneringa av prosjektet og sjå på moglege kostnadsreduksjonar.

Nye prosjekt

Kvam vgs

Prosjektet har tidlegare ikkje vore inne i investeringsplanen for Hordaland fylkeskommune, men var med i den langsiktige investeringsplanen knytt til skulebruksplanen. Dette er såleis ikkje eit nytt prosjekt, men ein mindre del av investeringa vert no forsert i høve tidlegare planar. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke å samlokalisere skulen i Øystese med unntak av verkstadslokala for EL og TIP. Verkstadslokala for TIP og EL skal bli igjen i skulebygget i Norheimsund/Steinsdalen inntil nye lokale blir bygd i eit fyrste byggetrinn av den nye skulen som er planlagt i sentrum av Norheimsund.

Tannklinikk i Sogndal

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i sak 23/19 å setje i gong arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinikk på Fosshaugane i Sogndal. Prosjektet vart sett

i gang med eit kostnadsoverslag på 23,5 mill. kr (2019-kr), og 4 mill. kr til dentalteknisk innreining av klinikken. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinikk i Sogndal, men dagens lokale dekker ikkje behovet tannklinikken har. Det er ein føresetnad for prosjektet at innsparne leigeutgifter ved klinikken vil dekke store delar av kapitalutgiftene ved investeringa i ny klinikk.

Måløy vgs – ny akvahall

Måløy vidaregåande skule har eit fylkesdekkande studie-tilbod innan dei marine og maritime utdanningsområda Naturbruk, Akvakultur, Fiske og Fangst og YSK-akva. Til tross for at akvakultur er eit yrkesretta opplæringstilbod har skulen ingen fasilitetar for praktisk opplæring innan akvakultur. Alle elevar ved skulen får difor i dag all praktisk opplæring gjennom utplasseringar på kommersielle anlegg. Praxis i bedrift gjev elevane ei kvalitativ god opplæring på fullskala, kommersielle anlegg, men kommersielle anlegg kan likevel ikkje dekke alle kompetansemåla i læreplanen.

Prosjektet er forankra i Verdiskapingsplanen og det er sett på som det viktigaste tiltaket i årsplan 2019.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane løyvde i sak 73/19 1 mill. kr til eit forprosjekt og med finansiering frå MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingfond). Hovudmålet med forprosjektet er å utarbeide eit grunnlag for vedtak om gjennomføring. Det vert arbeidd vidare med å avklare plassering, tomtetilhøve og tekniske løysingar for bygg og naudsynt infrastruktur. Til slutt vert det utarbeidd eit samla kostnadsoverslag samt finansiering av ein akvakulturhall ved Måløy vidaregåande skule. I eit førebels og grovt anslag er det rekna at prosjektet vil koste om lag 20 mill. kr eks tomt og infrastruktur vannforsyning.

Fiskerihammer

I sak 45/19 i fellesnemnda vart det vedteke å signere avtalen om overføring av 99 fiskerihammer til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I den same saka vart det framlagt ei foreløpig oversikt over vedlikehaldsetterslepet, som vart estimert til omlag 50 mill. kr. Endeleg rapport om vedlikehaldsetterslepet er kalkulert til 52 mill. kr. Dette forutan byggherrekostnader. I saka til fellesnemnda blei det anbefalt ein årleg investering til vedlikehald på 10 mill. kr for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet. Prosjektet er no lagt inn i investeringsprogrammet, finansiert med driftsmidlar overført til investering og mva refusjon, jf. pkt 2.

Nytt arkiv/depot

I forbindelse med utflytting frå fylkeshuset i Bergen, er det naudsynt å erstatte arkivkapasiteten som var i fylkeshuset. I framtidens fylkeshus i Bergen er det planlagt berre eit mindre lokalt arkiv, då areal midt i Bergen sentrum er vurdert til å vere for kostbart for arkiv og depot. Arkivbehovet i samband med utflyttinga frå fylkeshuset kan ikkje dekkast av den samla arkivkapasiteten i Vestland fylkeskommune, og det vil vere naudsynt å leiga arkivareal. For å dekke opp dette behovet og framtidig arkivkapasitet, er det naudsynt å etablere meir arkivkapasitet, eventuelt i samarbeid med kommunale behov. For å avklare eige framtidig behov, mogleg utleige av

arkivkapasitet, lokalisering, kostnader og eigarskap, ynskjer prosjektleiaren å starta eit planarbeid for eit framtidig arkiv/depot.

Avklaring av fullmakt til fordeling av sekkepostløyvingar

Det vert lagt opp til at fylkesrådmannen i det enkelte budsjettår har fullmakt til å fordele sekkepostløyvingane på prosjekt. Prosjektleiaren legg opp til denne presiseringa fordi det har vore noko ulik praksis i dei to «gamle» fylkeskommunane. Prosjektleiaren meiner det er tenleg å ha denne fullmakta både for å kunne sjå fordelinga i samanheng over tid, og for å kunne løyse naudsynte mindre investeringar som oppstår uføresett. Døme på dette vil vere å skifte ut tekniske anlegg som får havari/skadar eller tilpassingar for elevar med spesielle behov som ikkje er kjent i god tid. Praksisen vil vere at dersom prosjektet får eit større omfang enn ei kostnadsramme på 25 mill. kr, så skal prosjektet vedtakast spesifikt av fylkesutvalet eller fylkestinget dersom løyvinga strekker seg ut over budsjettåret.

Tilråding 2

Investerings- og finansieringsprogram for bygg vert innarbeidd i budsjett 2020/2020. Investeringsprogrammet for bygg vert detaljert og innarbeidd i budsjett 2021/økonomiplan 2021–2024.

3.2 Investeringsprogram fylkesveggar inkl. rassikring 2020–23

Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsprogram vert presentert i tabellen under. Tala er i faste 2020-kr. Prosjektleiar vil under omtale endringane som er gjort i investeringsprogrammet, i høve det som vart lagt fram for fellesnemnda våren 2019.

Investeringsprogrammet består av løyvingar til spesifikke prosjekt og sekkepostar. Døme på sekkepostar er «bruer og kaier». Prosjektleiar vil spesifisere sekkepostane i samband med framlegginga av budsjettdokumentet i neste møte i finansutvalet, 13. november.

Investeringar (i 2020-kr)	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023
Bompengepakkar	4 399 860	815 594	1 168 546	1 266 535	1 149 185
Byvekstavtalen til fylkesvegane (Miljøloftet-HP 2020-2023) eks bybanen	1 252 860	351 194	330 646	292 135	278 885
Bømlopakken	189 200	122 700	66 500		
Askøypakken	1 073 000	164 000	284 000	310 000	315 000
Nordhordlandspakken	808 000	149 000	216 000	265 000	178 000
Førdepakken	974 400	28 700	271 400	399 400	274 900
Framtidige bompengepakkar	102 400				102 400
Store investeringsprosjekt	2 443 000	170 800	608 300	925 900	738 000
Fv. 698 Blakesettunellen	142 700	99 300	43 400		
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	729 000	51 200	341 000	336 800	
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	712 000	3 100	157 300	275 800	275 800
Ferjeavløysing - Atløysambandet	716 800		51 200	307 200	358 400
Fv. 218 Horsøy *)	40 100	17 200	15 400	6 100	1 400
Framtidige store strekningsvise prosjekt	102 400				102 400
Tunellrehabilitering	1 598 700	375 400	475 700	356 000	391 600
Tunellar - utbetring etter tunellsikkerhetsforskrifta	1 107 000	206 400	300 200	300 200	300 200
Sikringstiltak og inv. av vedlikehaldskarakter i tunellar	110 000	20 000	30 000	30 000	30 000
Fv. 303 Seimsdalstunellen	320 300	149 000	145 500	25 800	
Følgefonnstunellen (Tunellsikkerhetsforskrifta)	61 400				61 400

Investeringer (i 2020-kr)	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023
Mindre utbetringar	1 115 894	203 416	369 659	246 219	296 600
Fv. 564 Austevollbrua	31 204	10 226	10 659	10 319	
Fv. 161 Åsen - Helleskaret	29 800			15 000	14 800
Fv. 7 Øystese - Ålvik - Granvin	46 000		10 200	10 200	25 600
Fv. 611 Sæle - Engebø	123 000	6 300	70 600	46 100	
Fv. 57 Dale-Storehaug	62 900	5 200	57 700		
Bruer og kaier	266 100	79 900	102 600	41 800	41 800
Framtidige bruinvesteringar	81 900				81 900
Forsterkning	290 790	47 390	86 000	86 000	71 400
Strekingsvise utbetringar på det overordna fylkesvegnettet	21 400				21 400
Mindre utbetringar (spleiselag)	75 300	18 400	18 000	18 000	20 900
Øvrige mindre utbetringar	75 500	33 000	10 900	15 800	15 800
Prosjektering framtidige tiltak	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Gang- og sykkelveg	199 820	128 020	27 400	22 200	22 200
Gang og sykkel	107 220	44 520	20 900	20 900	20 900
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)	5 200	1 300	1 300	1 300	1 300
Fv. 614 Breivika - Svelgen	41 400	36 200	5 200		
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	25 600	25 600			
Fv. 548 Brandsøy - Solheim	20 400	20 400			
Trafikktryggingstiltak	138 000	34 500	34 500	34 500	34 500
Trafikktryggingstiltak	138 000	34 500	34 500	34 500	34 500
Kollektivtrafikktiltak	98 800	33 100	21 900	21 900	21 900
Kollektiv og innfartsparkering	86 600	23 900	20 900	20 900	20 900
Kollektivknutepunkt Odda	8 200	8 200			
Andre kollektivtrafikktiltak	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Miljø- og servicetiltak	23 300	5 000	6 100	6 100	6 100
Miljø og service	23 300	5 000	6 100	6 100	6 100
Planlegging	90 500	22 700	21 800	23 000	23 000
Planprogram	90 500	22 700	21 800	23 000	23 000
Ymse	268 674	79 874	66 100	64 600	58 100
Refusjonar	207 274	71 774	50 000	46 500	39 000
Grunnerverv/avslutning av prosjekt	61 400	8 100	16 100	18 100	19 100
Rassikring	2 069 800	494 200	465 300	596 200	514 100
Rassikring stateg tilskot og løyving tilsvarande MVA-kompensasjon	357 900	108 500	60 600	81 800	107 000
Fv. 49 Krokalandet	290 000	30 000	80 000	80 000	100 000
Fv. 551 Tokagjelet	325 000		25 000	150 000	150 000
Fv. 722 Flovegen	503 800	184 300	133 100	102 400	84 000
Fv. 53 Ljoteli	243 800	149 900	93 900		
Fv. 55 Bru over Esefjorden	297 900		51 200	174 100	72 600

Tabellen held fra på neste side

Investeringar (i 2020-kr)	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023
Prosjektering mindre tiltak	2 000	500	500	500	500
Mindre rassikringstiltak - ufordelt	38 400	10 000	21 000	7 400	
FV. 5631 Øyni bru	11 000	11 000			
Sum investering	12 446 348	2 362 604	3 265 305	3 563 154	3 255 285

Finansiering (i 1000-kr)	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023
Bompengar	2 302 911	348 000	625 261	756 050	573 600
Tilskot	108 119	67 119	20 500	20 500	
Fondsmidler	484 100	260 200	223 900		
Lånemidler	5 489 618	827 994	1 398 933	1 631 376	1 631 316
Mva. refusjon	1 634 199	275 691	442 011	469 628	446 869
Driftsmidler til investering	2 034 400	489 800	466 400	572 300	505 900
Mva. refusjon skredsikring	393 000	93 800	88 300	113 300	97 600
Sum Finansiering	12 446 348	2 362 604	3 265 305	3 563 154	3 255 285

Tidsforskyving for vedtekte prosjekt

Prosjektleiari har oppdatert det samla investeringsprogrammet for fylkesvegvar i tråd med forventa framdrift for investeringsprosjekta. Dette gjeld forskyvingar frå 2019, som er handsama i tertiar rapportane i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt oppdatert framdrift i høve føresetnadane som ligg til grunn for prosjekta p.t.

Endring i kostnadsoverslag

Fv. 53 Ljoteli (rassikring)

Skredsikringsprosjektet på Fv. 53 er vedteke med eit kostnadsoverslag på 286 mill. 2018-kr. Etter anbudsutlysing er prognosen i prosjektet auka til 318 mill. 2019-kr. Prosjektet er starta opp. Auken vert finansiert med auka bruk av statle-ge midlar og mva. refusjon.

Nye prosjekt/ nye vurderingar for enkelte løyvingar

Krokalandet (del av Kvinnheradspakken) – endra gjennomføring

Nye gjennomføringsformer er på veg inn i samferdselssektoren. Kvinnheradspakken har for prosjekt Fv.551 Krokapar-sellen valt anbudsprosedyre konkurranseprega dialog og

totalentreprise med samspel som kontraktform. I hovudsak betyr det å involvere entreprenør på eit tidlegare tidspunkt, allereie i reguleringsplanfasen, og nytta entreprenørane sine erfaringar og kunnskapar i planlegginga for å få eit betre sluttprodukt. Målet er å få betre løysingar, meir veg for pengane og betre kontroll på risiko og usikkerheit. Prosjektet omfattar om lag 1400m tunell, og vegutbetring på delar av strekninga mellom Folgefonntunnellen og Årsnes. Ved å involvere entreprenøren tidleg ynskjer prosjektet i samarbeid å komma fram til løysingar for å nytta tunellmassane direkte til mest mogleg utvikling av eksisterande veg.

Åsen–Helleskaret (Os kommune)

Åsen og Helleskaret er eit fylkesvegprosjekt i Os kommune. Den nye vegen vil kople fylkesvegnettet i området på ny E39 Svegatjørn – Rådal. Fylkestinget i Hordaland godkjende oppstart av ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret i sak 60/2016. Fylkeskommunen skulle dekke 1/3 av ein estimert prosjektkostnad på 61 mill. kr. Os kommune skulle stå for 2/3 av kostnadane, ved hjelp av rekkeføljekrav/bidrag frå utbyggjarar. Prosjektet vart ikkje starta opp ettersom tiltaket viste seg å bli noko dyrare enn føreset. Os kommune har arbeid vidare med prosjektet, og i kommunestyret 24.09.19 vart ny områdeplan for vegen vedtatt, med ei kostnadsramme på 89,5 mill. kr ekskl. mva. Det vart vidare vedteke at Os kommune, seinare Bjørnafjorden kommune, tek risikoen

for eventuelle overskridingar, og at kommunen tek på seg byggherreansvaret for prosjektet. Prosjektet er eit kombinert VA- og vegprosjekt og det er difor naturleg at kommunen står som byggherre. Vegen vert overført til Vestland fylke når den er ferdig. I tertialrapporten for Hordaland fylkeskommune som vart handsama i juni, varsla fylkesrådmannen at ho saman med Os kommune ville vurdere nærare konsekvensane av føreslåtte kostnadskutt, og kvalitetssikre kostnadsestimata inklusive avsetjing for usikkerheit. Dette er no gjort og det er lagt inn eit bidrag frå fylkeskommunen på 1/3 av prosjektramma, på kr 29,8 mill. kr. Det vert lagt til grunn at dette er det endelege bidraget i prosjektet frå fylkeskommunen, og eventuelle meirkostnader i prosjektet vert dekkja av Os kommune.

Hovlandsbruene

Hovlandsbruene ligg på fv. 542 i Flora kommune ved Eikefjorden. Alle bruene er platebruer i betong og landkar i stein. Bruene har ein lengde på ca. 5,5 meter. Ved kontrollrekning blei det konkludert med at bruene ikkje held forskriftslast Bk10/60, og det vart bestemt å forsterke bruene ved oppstempling som ei midlertidig løysing for å halde normal trafikk på vegen. Dette er ei straksløysing og ikkje ei varig løysing då den snevrar inn mykje av lysopninga og dermed er utsett med tanke på flaum. Det vil vere nødvendig å starte bygging av nye bruer i 2020/2021. Samla kostnad er førebels vurdert til omlag 60 mill. kr.

Prosjektet er lagt under mindre utbetringar «Bruer og kaier»

Tunellrehabilitering

Sogn og Fjordane har tidlegare løyvd midlar til oppgradering som følgje av tunelltryggleiksforskrifta på vedlikehaldsbudsjettet. Desse tiltaka vert no overført til investeringsbudsjettet slik praksisen har vore i Hordaland, med ei løyving på 143 mill. kr i 2020. Løyvinga er knytt til oppfølginga av bindingar på pågåande prosjekt.

I resten av perioden er det lagt til grunn ei årleg løyving på 200 mill. kr. Dette kjem i tillegg til løyvingane i Hordaland sitt investeringsprogram. Det må utarbeidast ein ny samla plan for tunellrehabilitering i Vestland som ser på behovet i dei

to fylka under eitt. Planen vil vere grunnlag for fordeling av midlar på prosjekt framover.

Avviksløyving for store prosjekt – teke ut av investeringsplanen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i sitt investeringsprogram 2019–22 sett av ei løyving til å dekkje ev. avvik knytt til tunellprosjekta Blaksettunnelen og Seimsdalstunnelen (52,4 mill. kr), samt ei avviksløyving til bru over Ytre Steinsund (73,4 mill. kr). Desse er no føreslått tekne ut av investeringsprogrammet. Ev. kostnadsoverskridingar på desse prosjekta må derfor løysast som for andre prosjekt dersom overskridingar skulle oppstå. Prosjektleiari har gjort denne vurderinga i samband med samanstillinga til nytt investeringsprogram for Vestland, og harmonisering av føresetnadane som ligg i investeringsbudsjetta frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.

Tilråding 3

Investerings- og finansieringsprogram for fylkesveggar vert innarbeidd i budsjett.

3.3 Investeringsprogram kollektiv 2020–23

Investeringsprogrammet for mobilitet og kollektiv med tilhøyrande finansieringsprogram vert presentert i tabellen under. Tala er i faste 2020-kr. Prosjektleiari vil under omtale endringane som er gjort i investeringsprogrammet, i høvedet som vart lagt fram for fellesnemnda våren 2019.

Investeringsprogrammet består av løyvingar til spesifikke prosjekt og ein sekkepost – Terminalbygg/ sjåførfasilitetar. Prosjektleiari vil spesifisere denne sekkeposten i samband med framlegginga av budsjettdokumentet i neste møte i finansutvalet, 13. november.

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023
Mobilitet og kollektiv	5 691 700	2 421 800	1 927 900	1 076 600	265 400
Ferjekontraktar - ladeinfrastruktur	396 100	396 100	0	0	0
Automatisk passasjerteljing	12 300	3 000	3 100	3 100	3 100
Løysingar for sal og billettering	42 900	12 000	10 300	10 300	10 300
API'ar og datavarehus	14 300	5 000	3 100	3 100	3 100

Tabellen held fra på neste side

"Bus as a Service" (BaaS)	34 600	10 000	8 200	8 200	8 200
Mobilitetstenester (inkl. pilot best.løys.)	14 300	5 000	3 100	3 100	3 100
Trafikantinformasjon	16 300	4 000	4 100	4 100	4 100
Bom Voss kollektivpunkt	200	200	0	0	0
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	196 300	83 000	18 900	94 400	0
Bybanen – Byggjesteg 4	4 870 800	1 896 000	1 848 400	921 600	204 800
Bybanen – Byggjesteg 5	61 500	0	20 500	20 500	20 500
Terminalbygg/sjåførfasilitetar	32 100	7 500	8 200	8 200	8 200
Sum investering	5 691 700	2 421 800	1 927 900	1 076 600	265 400

Finansiering (tal i 1000kr)	Sum i perioden	2020	2021	2022	2023
Statleg tilskot	2 662 500	1 031 000	953 300	565 500	112 700
Bompengar	2 466 200	948 000	934 400	471 100	112 700
Enova- tilskot	140 200	140 200	0	0	0
Lånemidlar	422 800	302 600	40 200	40 000	40 000
Sum finansiering	5 691 700	2 421 800	1 927 900	1 076 600	265 400

Tidsforskyving for vedtekne prosjekt

Prosjektleiari har oppdatert det samla investeringsprogrammet for mobilitet og kollektiv i tråd med forventa framdrift for investeringsprosjekta. Dette gjeld forskyvingar frå 2019, som er handsama i tertialrapportane i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt oppdatert framdrift i høve føresetnadane som ligg til grunn for prosjekta p.t.

Endring i kostnadsoverslag og føresetnader for enkelte prosjekt

Bybanen i Bergen – Vognmateriell

Etter at kontraktstingingane for innkjøp av vognmateriell er gjennomført, kjem delar av kjøpesummen til utbetaling noko tidligare enn føresett. Betalingsplanen vert med dette endra noko, og tala i investeringsprogrammet er endra i samsvar med dette. Den totale budsjettsummen for denne investeringa, 276 mill. kr, er ikkje endra.

Bybanen i Bergen – byggjesteg 4

Framdrifta i høve til byggjesteg 4 av bybanen er vorte noko endra samanlikna med det som tidligare er lagt til grunn i budsjettet. Konkret dreier dette seg om at to av delprosjekta på Kronstad og Mindemyren kom seinare i gang enn

planlagt. Dette er relativt mindre endringar i framdrift og løysingar; sett opp mot dei årlege budsjettsummane for dette prosjektet. Den totale ramma for prosjektet er ikkje endra.

Bus as a Service

Digitalisering og ny teknologi legg føringar for utviklinga av kollektivområdet. Hordaland fylkeskommune ved Skyss er med i eit samarbeid for å få etablert standardar og retningsliner for IT-arkitektur i kollektivtrafikken. I 2020 vil to store kontraktsområde starte opp; Bergen Sentrum og Bergen Nord.

Løysingar for sal og billettering

Dette prosjektet har vore med i investeringsplanen, men har fått eit endra kostnadsoverslag. Løysningane på dette området skal i sin heilskap erstatta dagens løysingar. Dette vil som tidlegare meldt krevje investeringsressursar i økonomiplanperioden. Det var tidligare sett av 2 mill. kr til dette prosjektet i 2020; dette er no endra til 12 mill. kr.

API'ar og datavarehus

Prosjektet skal etablere ein tenesteorientert IT-arkitektur for framtidig mobilitet og framtidige kundeløysningar. Tidligare var det sett av 2 mill. kr i 2020 til dette prosjektet. Dette er no endra til 5 mill. kr.

Nye prosjekt

Mobilitetstenester

Dette prosjektet er nytt i høve til det som har vore inne i investeringsplanen til Hordaland fylkeskommune. Våren 2019 gjennomførte Skyss i lag med Tide Buss AS ein mogelegheitsstudie om bestillingstransport. Dette etter vedtak i fylkesutvalet. Pilotprosjektet «HentMeg» i Sauda dannar viktig grunnlag, og inspirasjon for arbeidet. Det er sett av 5 mill. kr til dette prosjektet i 2020, og 3 mill. kr for dei resterande åra i økonomiplanperioden.

Det er å merka seg at fleire av prosjekta over er investeringar som flyttar grensesnitt mellom fylkeskommunen og operatørane, og dette vil i sum gje innsparingar i drifta til fylkeskommunen. Meir spesifikke tal kring dette kjem ein attende til ved framlegginga av budsjettokumentet i neste møte i finansutvalet, 13. november.

Tilråding 4

Investerings- og finansieringsprogram for kollektiv vert innarbeidd i budsjett 2020. Investeringsprogrammet for kollektiv vert detaljert og innarbeidd i budsjett 2021/økonomiplan 2021–2024.

4 Driftsbudsjett 2020

4.1 Budsjett 2020 – rammer

Endeleg budsjett per sektor er stilt opp i tabellen under. Budsjettrammene innehar justeringar og endringar som følgje av eingongskostnadar, statsbudsjettet, vedtak i fellesnemnda som finansutval og tekniske justeringar. Dette i høve til budsjettrammene som er vedteke i fellesnemnda som finansutval.

Innarbeidd i desse budsjettrammene er tiltak med ei samla innsparing på 100 mill. kr.

/ 1000 kr

Sektor	Budsjettrammer
Felles	- 8 684 834
Politisk styring, kontrollutval og organisasjon og økonomi	754 688
Strategi og digitalisering	169 834
Tannhelse	268 229
Kultur, idrett og inkludering	292 060
Infrastruktur og veg	980 792
Mobilitet og kollektiv	2 540 125
Innovasjon og næringsutvikling	225 889
Opplæring og kompetanse	3 453 217

I vedlegg 1 syner tabellen budsjett pr løyvingnivå.

I vedlegg 2 vert det presentert oversikt som syner oppdatert budsjett per avdeling i høve desse endringane:

- tekniske justeringar
- eingongstiltak
- endringar frå vedteke i arbeidsdokument 5/19
- statsbudsjettet

Vedlegget består av to tabellar. Ein for sektornivå og ein for løyvingnivå.

Justeringar av teknisk karakter gjeld mellom anna flyttingar mellom avdelingar for å tilpasse budsjettet ny organisering og sikre at budsjettmidlane ligg der utgiftene skal først. Vidare er rammene justert for lønsoppgjjer i 2019, og prisjustering til 2020kr.

Endringane knytt til eingongstiltak blei omtala i førre arbeidsdokument og er knytt til at det i Hordaland fylkeskommune sitt budsjett 2019 har vore innarbeidd tiltak som ikkje har varig finansiering, og difor må reverserast i budsjettet for 2020. I vedlegg 3 er det spesifisert kva type eingongskostnader som er trekt ut av budsjettet for 2020.

For endringar i høve arbeidsdokument 5/19 vert det vist til dokumentet, og endringar i høve statsbudsjettet er omtala i punkt 2 i dette dokumentet.

Tilråding 5

Finansutvalet sluttar seg til sektorrammene slik dei går fram nedanfor. Tal i 1000 kr.

Felles	-8 684 834
Pol. styring, kont.utv og org. og øk.	754 688
Strategi og digitalisering	169 834
Tannhelse	268 229
Kultur, idrett og inkludering	292 060
Infrastruktur og veg	980 792
Mobilitet og kollektiv	2 540 125
Innovasjon og næringsutvikling	225 889
Opplæring og kompetanse	3 453 217

4.2 Kapitalutgifter

Avdrag

I salderinga som vart skissert i arbeidsdokument 5/19 vart det rådd til å redusere avdraga med 175 mill. kr. I økonomiplanane 2019–2022 for dei to fylkeskommunane var det til saman ført opp 791 mill. kr i avdrag i 2020. Prosjektleiaren legg til grunn at denne summen vert sett ned med 175 mill. kr til 616 mill. kr.

Renteutgifter

Renteutgiftene vert rekna ut på grunnlag av marknaden sine forventningar til 3 mnd. Nibor, med tillegg av ein margin. Ved inngangen til oktober er prognosen for pengemarknadsrenta i 2020 1,79 %. For nye lån er det lagt til ein margin på 0,5 %.

Norges Bank sette opp styringsrenta med 0,25 % i september. Forventa pengemarknadsrenta for 2020 har auka med 0,09 % sidan juni, då ein sist gjorde utrekningar av renteutgiftene (Jfr. arbeidsdokument 4/19) Renteutgifter på lån er no rekna å bli 328,8 mill. kr i 2020. Dette er 14,5 mill. kr høgare enn lagt til grunn i arbeidsdokument 4.

Renteinntekter og rentekompensasjon er rekna til 110,9 mill. kr. Netto renteutgifter vert 217,9 mill. kr.

Utsikter i økonomiplanperioden

I økonomiplanperioden 2020–23 vil netto renteutgifter auke med om lag 100 mill. kr, og det vert ein auka belastning i drifta til fylkeskommunen. Årsaka til dette er i hovudsak ei aukande lånegjeld – som fører til auka renteutgifter, og at renteinntektene vil gå ned i takt med bruk av fondsmidlar i økonomiplanperioden. Gjelda vil auke med om lag 6 mrd. kr i økonomiplanperioden, og avdraga vil auke med 216 mill. kr.

Vidare vil rentekompensasjonen fylkeskommunen får frå staten gå ned. I statsbudsjettet for 2018 blei ikkje ny låneramme for rentekompensasjonsordninga for fylkesvegar vidareført. Investeringsramma som ligg til grunn for rentekompensasjon for investeringar på veg og skulebygg aukar difor ikkje, og rentekompensasjonen vil dermed gå ned i komande økonomiplanperiode.

Tilråding 6

Nye føresetnader for kapitalinntekter og utgifter vert lagt til grunn for budsjett 2020.
Netto renteutgifter vert auka med 14,5 mill. kr.

4.3 Pensjonskostnader/amortisering av premieavvik

Pensjonspremien fylkeskommunen betaler kan variere relativt mykje frå år til år. For å jamne ut dette, er det fastsett i rekneskapsforskrifta at ein skal belaste rekneskapan med ein kostnad som vert rekna ut frå langsiktige føresetnader. Skilnaden mellom betalt premie og utrekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik.

Premieavviket kan anten kostnadsførast fullt ut i rekneskapan det etterfølgjande året, eller fordelast over 7 år. Sogn og Fjordane fylkeskommune har praktisert det første alternativet, medan Hordaland har valt det andre alternativet. For Vestland fylkeskommune må det veljast ei sams løysing.

I den pressa økonomiske situasjonen Vestland fylkeskommune er i, foreslår prosjektleiaren å fordele amortiseringa av premieavvik over 7 år. Det er på den måten ein oppnår det

som var intensjonen med ordninga, å jamne ut svingingane i pensjonspremien.

Amortisering av tidlegare premieavvik vert budsjettert med 79,7 mill. kr i 2020.

Premieavviket som er venta å oppstå i 2020 er høgare enn nokon gong. I følgje prognosane frå pensjonsselskapa vil årets premieavvik i 2020 bli om lag 208 mill. kr.

Tala som er oppgjevne ovanfor er førebelse. Dei vil endre seg om fleire tilsette skal inn i fylkeskommunen si pensjonsordning (m.a. frå Statens vegvesen).

Tilråding 7

Finansutvalet legg til grunn at premieavviket i Vestland fylkeskommune vert amortisert over 7 år.

4.4 Innsparingstiltak og meirbehov

Tabellen nedanfor viser sektorane sine tiltak som del av budsjettutfordringa på 100 mill. kr:

Sektor og tiltak	Mill. Kr
OPPLÆRING OG KOMPETANSE	
Rammereduksjon	-36,0
Meirbehov	
Digitale læremiddel NDLA	6,2
Gjesteelevar	7,5
Lærlingtilskott	16,0
Sum meirbehov	29,7
Innsparingstiltak	
Utstyrsmidlar til dei vidaregåande skulane i driftsbudsjettet	-6,2
Elev-pc ordning i Vestland	-7,8
Restmidlar utgifter til lokale, vgs	-2,0
%-vis nedtrekk i økonomiske rammene skulane i SFFK, same nivå som HFK	-6,4
%-vis nedtrekk i økonomiske rammene skulane i SFFK, tilpassa opplæring	-0,8
Skulefrukost	-8,5
Meningokkoksine	-4,2
Tilbod til toppidrettsutøvarar (Olympiatoppen Vest)	-1,0
Skulepsykologar	-5,0
Nedtrekk særskilde tiltak for auka gjennomføring	-2,0

Tabellen held fra på neste side

Sektor og tiltak	Mill. Kr
Endring skular	-20,3
Fagskuleutdanning-restmidlar	-1,5
Sum innsparingstiltak	-65,7
MOBILITET OG KOLLEKTIV	
Rammereduksjon	-41,0
Innsparingstiltak	
Takstkompensasjon ferje	-4,6
Innleige vektarar på nattavgangar Bybanen	-5,5
Avslutte ordninga med arbeidsreiser for TT-brukarar	-8,0
Diverse kostnader buss	-18,2
Turistrute Hardanger – bedre kontraktpris	-3,5
Serviceinje Bergen	-1,2
Sum innsparingstiltak	-41,0
INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING	
Rammereduksjon	-1,0
Innsparingstiltak	
Stillingsreduksjonar	-1,0
Sum innsparingstiltak	-1,0
ORGANISASJON OG ØKONOMI	
Rammereduksjon	-7,0
Innsparingstiltak	
Gevinstrealisering og stillingsreduksjon som følge av nytt økonomisystem	-1,0
Redusert tenestekjøp	-2,0
Redusert vedlikehald / tilbakeføringskostnader på utleiebygg	-1,5
Redusert vikarbruk reinhald	-1,0
Redusert tal stillingar i bygningsdrift og reinhald	-1,5
Sum innsparingstiltak	-7,0
INFRASTRUKTUR OG VEG	
Rammereduksjon	-6,0
Innsparingstiltak	
Redusert dekkelegging	-6,0
Sum innsparingstiltak	-6,0

Sektor og tiltak	Mill. Kr
TANNHELSE	
Rammereduksjon	-5,0
Innsparingstiltak	
Innsparing provisjon	-2,0
Innsparing overtannlegar	-2,6
Innsparing fast tillegg	-0,1
Innsparing av kursmidlar	-0,3
Sum innsparingstiltak	-5,0
STRATEGI OG DIGITALISERING	
Rammereduksjon	-1,0
Innsparingstiltak	
Reduksjon konsulentbruk IKT	-0,5
Lisensar	-0,5
Sum innsparingstiltak	-1,0
KULTUR	
Rammereduksjon	-3,0
Innsparingstiltak	
Stillingsreduksjonar	-3,0
Sum innsparingstiltak	-3,0
Totalsum	-100,0

Det vert vist til vedlegg 4 for eit meir detaljert oversyn der tiltaka er omtala nærare og der det i tillegg er konsekvensvurderingar.

Tilråding 8

Finansutvalet legg prosjektleiar sitt framlegg til omprioriteringar og innsparingstiltak på sektornivå til grunn for budsjett 2020, jf. vedlegg 4.

5 Sektorbudsjett 2020

5.1 Sektorbudsjett 2020 – Organisasjon og økonomi inkl. politisk styring

Vedtaksnivå	Løyvingsnivå	Budsjett i 1000 kr
FU	Politisk styring	55 444
FU	Eigedom - drift og vedlikehald	446 831
FU	Administrasjon av organisasjon og økonomi	232 080
FU	Org. og øk tiltaksmidlar	10 000
Sum		744 355

Politisk styring

Politisk styring omfattar utgifter til politiske utval, partistønad og råvdeldkonto for utvala. Fylkeseldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom vert også budsjettert her.

Ved fastsetjing av godtgjerslesatsar for Vestland fylkeskommune la ein til grunn at utgiftene skulle liggje på same nivå som summen av det dei to fylkeskommunane brukte til føremålet. Ein har halde seg til dette prinsippet ved utarbeiding av budsjettforslaget.

I den pressa økonomiske situasjonen fylkeskommunen er i, har prosjektleiaren ikkje lagt inn disposisjonskonti for dei faste utvala. Disposisjonskontoen for fylkesutvalet er 2 mill. kr.

I høve vedteke reglement for godtgjersler til folkevalde i Vestland fylkeskommune er ikkje opposisjonstilskotet vidareført. Vidare vert det ein innsparing knytt til politisk rådgjevar ved samanslåinga. Dette gjev ei samla innsparing på om lag 1,4 mill. kr. Om lag 1 mill. kr av dette vert innanfor avdelinga organisasjon og økonomi, resterande innsparing bidreg til salderinga.

Eigedom – drift og vedlikehald

Dette løyvingsnivået omfattar profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av heile eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune.

Løns- og personalkostnader for drifts- og reinhaldspersonell er budsjettert her.

Administrasjon av organisasjon og økonomi

Stabsavdelinga for organisasjon og økonomi skal levere gode fellestenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune.

Avdelinga omfattar følgjande seksjonar:

- Politisk sekretariat
- Juridiske tenester
- Økonomi
- Innkjøp
- HR
- Kommunikasjon
- Eigedom

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnader knytt til seksjonane. Vidare vert hovudtillitsvalde og lærlingar i fylkeskommunen budsjettert her. Andre tiltak som vert budsjettert under avdelinga er opplæringstiltak, organisasjons- og leiar-skapsutvikling, personalforsikring og velferdstiltak.

Org. og øk Tiltaksmidlar

Under tiltaksmidlar er det sett av ein sum til attføring og omstilling.

Tilråding 9

Finansutvalet sluttar seg til budsjettfordelinga på løyvingsnivå, og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

5.2 Spesifisert budsjett 2020 – Løyvingsnivå kontrollutval

Vedtaksnivå	Løyvingsnivå	Budsjett i 1000 kr
KU/FU	Kontrollutval	10 333
Sum		10 333

Løyvingane omfattar kontrollutvalet, sekretariat for kontrollutvalet og kjøp av revisjonstenester.

Det er budsjettert med 5 årsverk. I tillegg har kontrollutvalet behov for noko midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som gjer det nødvendig å kjøpe meir ekstern bistand. I budsjettforslaget for 2020 er det ført opp 0,5 mill. kr til kjøp av tenester. Deloitte AS er valt som revisor for Vestland fylkeskommunegjeld fram til 30.06.2024.

Budsjettforslaget frå kontrollutvalet inneber ei innsparing på 1,44 mill. kr samanlikna med budsjetta dei to fylkeskommunane hadde. Ein oppnår med det ei innsparing på å slå saman dei to einingane.

Innspela til dette framlegget til budsjett er det sekretariat for KU som har kome med.

Tilråding 10

Finansutvalet tek framlegg til budsjett for 2020 på løyvingsnivå Kontroll og revisjon til vitande.

5.3 Sektorbudsjett 2020 – Strategisk utvikling og digitalisering

Vedtaksnivå	Løyvingsnivå	Budsjett i tusen kr
FU	Plan, analyse, klima og folkeh.	43 930
FU	IKT og digitalisering	119 666
FU	Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238
Sum		169 834

Plan, analyse, klima og folkehelse

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til seksjonane plan, klima og folkehelse og statistikk, kart og analyse. Utover løns- og personalkostnadar skal midlane mellom anna nyttast innanfor desse områda:

- Folkehelse
- Klima
- Senter og stadutvikling
- Plan- og utviklingsarbeid

Fylkeskommunen skal vere pådrivar, og støtte opp om folkehelsearbeidet i kommunane gjennom satsingar, tilskotsmidlar, prosjekt og utvikling av møteplassar.

Det skal arbeidast for at fylkeskommunen skal vere initiativtakar og nøkkelaktør i arbeidet med ei klimavenleg og berekraftig samfunnsutvikling. Satsingane omfattar både utsleppsreduksjon og klimatilpassing, med utgangspunkt i gjeldande klimaplanar. Løyvinga skal også nyttast til tilskot til prosjekt innan stadutvikling og planlegging.

Vidare vil løyvinga i 2020 gå til prosessen med utarbeiding av regional planstrategi, og å følge opp tiltak i handlingsprogram knytt til regionale planar seksjonen har ansvar for, og samlingar m.m. for kommunane.

Seksjonen for statistikk, kart og analyse skal vere i front på kommunale og regionale analyser for å stø kommunane, fylkeskommunen og politikarar i utviklingsoppgåver, løfte fram viktige samfunnsutfordringar gjennom formidling av kunnskap og analyser, og sørge for offentleg tilgjengeleg kartdata og statistikk til regionalt og kommunalt arbeid med plan- og byggesaker og folkehelse.

IKT og digitalisering

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til seksjonane IKT og digitalisering. Digitalisering skal bidra til å digitalisere fylkeskommunen gjennom fornying, forenkling og forbetring på ein slik måte at vi både effektiviserer prosessar og utnyttar ressursane meir hensiktsmessig. Ei målsetjing med dette arbeidet er at ein gjennom strukturert kartlegging skal sørge for at digitalisering og effektivisering i organisasjonen hentar ut best mogleg gevinst i form av enten økonomisk innsparing eller betra kvalitet.

Vidare skal løyvingsnivået dekke utgifter knytt til drift og vedlikehald av IKT-system og IKT-infrastruktur, lisenskostnadar for sentrale IT-system, sambandskostnadar, internettlinjer og M2M-abonnement.

Administrasjon av strategi og digitalisering

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til leing og stabsfunksjonar.

Tilråding 11

Finansutvalet sluttar seg til budsjettfordelinga på løyvingsnivå og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

5.4 Sektorbudsjett 2020 – Tannhelse

Vedtaksnivå	Løyvingsnivå	Budsjett i 1000 kr
FU	Pasientbehandling	234 991
FU	Administrasjon av tannhelse	33 238
Sum		268 229

Pasientbehandling

Under pasientbehandling ligg pasientgruppene som er prioriterte og andre betalende pasientar, samt områdeleiarane og alle yrkesgrupper tilknytt behandlinga. Teknisk avdeling sine aktivitetar er i hovudtrekk også knytt til pasientbehandling på klinikkane.

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definerer dei prioriterte gruppene som:

- barn og unge 0–20 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon eller i heimesjukepleie

Vestland fylkeskommune og har ansvar for drift av Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter (Tk) Vestland i Bergen. I tillegg ligg også Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus, Førde sjukehus og Stord sjukehus samt eit poliklinisk tilbod om tannbehandling i narkose.

Tannhelsetilbodet i Vestland skal vera regelmessig og oppsøkjande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling. Tannhelsetilbodet omfattar om lag 170 000 innbyggjarar med ein lovfesta rett til tannhelseteneste. Om lag 23 000 vaksne, betalende personar får årleg si tannbehandling i Vestland tannhelseteneste.

Administrasjon av tannhelse

Under administrasjon ligg tilsette tilknytt økonomi, personal og fag; samt teknisk gruppe og fellesutgifter.

Tilråding 12

Finansutvalet sluttar seg til budsjettfordelinga på løyvingsnivå, og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

5.5 Sektorbudsjett 2020 – Kultur, idrett og integrering

Vedtaksnivå	Løyvingsnivå	Budsjett i 1000 kr
HU - kultur	Arkiv	11 667
HU - kultur	Bibliotek	13 092
HU - kultur	Kulturformidling	17 250
HU - kultur	Kulturarv	98 888
HU - kultur	Inkludering, strategi og analyse	7 476
HU - kultur	Kunst- og kulturutvikling	105 858
HU - kultur	Idrett og friluftsliv	28 895
HU - kultur	Administrasjon av kultur og idrett	8 934
Sum		292 060

Arkiv

Oppgåvene omfattar private og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjeldemateriale. Oppgåvene i 2020 vil i stor grad bestå av kartlegging, nettverksbygging, innføring av nye databaseløysingar for lagring og formidling og sikring av gode oppbevaringstilhøve.

Bibliotekutvikling

Etter Folkebiblioteklova skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, og er bibliotekfagleg rådgjevar for kommunane og biblioteka i vidaregåande opplæring. Ei sentral oppgåve er å utvikle og oppdatere kompetansen til bibliotektilsette i fylket. Vidare skal ein sikre innbyggjarane i Vestland tilgang til e-medium og digitale ressursar.

Kulturformidling

Eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk skal formidlast til alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen finansiert gjennom den kulturelle skulesekken – DKS-midlar.

Kulturarv

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova. Dette gjeld ei rekkje statlege og regionale oppgåver innan kulturminnevernet. Ansvarsområdet gjeld og utforming av museumspolitikken i fylket. Oppgåver elles er m.a. arkeologiske registreringar i arealplansaker, forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar og rådgjevingsteneste.

Inkludering, strategi og analyse

Området Inkludering, strategi og analyse har særleg ansvar for oppfølging av fylkeskommunen sine oppgåver innan inkludering og integrering. Fylkeskommunen får nye oppgåver innan integrering, knytt til mellom anna busetnad, rettleiing

av kommunar, forvaltning av tilskotsordningar og arbeid med kulturforståing. Kunnskapsproduksjon og analyse av det samla kultur- og idrettsområdet gjennom kulturstatistikk Vestland, høyrer også inn under dette området.

Kunst- og kulturutvikling

Området skal ivareta utviklings- og forvaltningsoppgåver på det kunst- og kulturpolitiske feltet.

Ansvarsområdet gjeld m.a. forvaltning av økonomiske tilskot og kulturpolitiske verkemiddel som driftstilskot til organisasjonar og institusjonar.

Idrett og friluftsliv

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i regionale planar.

Visjonen «Fysisk aktiv kvar dag» har som målsetjing at alle i Vestland skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i deira nærmiljø. Vestland fylkeskommune får overført nye oppgåver knytt til statleg sikra friluftsområde og skjærgardstenesta.

Stab

Staben har ansvar for fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei andre løyvningsnivåa innan sektoren. Oppgåver elles er m.a. økonomistyring og ivaretaking av rutinar og regelverk.

Tilråding 13

Finansutvalet sluttar seg til budsjettfordelinga på løyvningsnivå, og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

5.6 Sektorbudsjett 2020 – Infrastruktur og veg

Vedtaksnivå	Løyvningsnivå	Budsjett i 1000 kr
HU - kollektiv og veg	Veg- drift og vedlikehald	959 895
HU - kollektiv og veg	FTU-midlar	11 376
HU - kollektiv og veg	Administrasjon av infrastruktur og veg	8 624
HU - kollektiv og veg	Andre tiltak - infrastruktur og veg	897
Sum		980 792

Veg – drift og vedlikehald

Kostnadsutviklinga i driftskontraktene dei siste åra har vore større enn kompensasjonen gjennom kommunal deflator. I tillegg har budsjettet til drift og vedlikehald i Hordaland fylkeskommune ikkje vore tilstrekkeleg til å ta høgde for hendingar som påverkar vegstrukturen og krev akutte tiltak. Det har såleis vore nødvendig å omprioritere omlag 110 mill. kr av vedlikehaldsmidlane til drift.

I budsjettet for 2020 vert det no det teke høgde for at løyvinga til drift av vegnettet skal vere realistisk for å kunne handtere hendingar i eit normalår.

Vidare er budsjettet redusert med 87 mill. kr i høve til førebelse rammer frå juni knytt til at «eingongstiltak» relatert til dekkelegging (45 mill. kr) og trygg skuleveg/punktutbetring (42 mill. kr) er trekte ut.

Vedlikehaldsbudsjettet vert som eit resultat av dette svært knapt. Innanfor rammene er det i all hovudsak berre rom for å følgje opp bindingar og nødvendige tiltak.

Sogn og Fjordane har løyvd midlar til oppgradering som følgjer av tunelltryggleiksforskrifta på vedlikehaldsbudsjettet. For å saldere budsjettet vert desse tiltaka no overført til investeringsbudsjettet frå 2020, slik praksis har vore i Hordaland med ei netto løyving på 115 mill. kr. Dette er bindingar knytt til oppfølginga av pågåande prosjekt. Vidare saldering av budsjettet er gjort mot dekkelegging med ein samla reduksjon på om lag 90 mill. kr i høve til nivået i 2019. Med ei samla løyving på 79 mill. kr vil det vere mogleg å legge om lag 120 km nytt dekke.

Det er vidare store utfordringar knytt til bruvedlikehald som det ikkje vil vere mogleg å løyse innanfor gjeldande budsjettammer. Forfallet knytt til bruer og kaier er om lag 2 mrd. kr. Hovuddelen av dette ligg i dagens Hordaland. Gjeldande budsjettammer gjer det ikkje mogleg å utføre fortløpande vedlikehald av bruene for å hindre forfall som vil medføre store vedlikehaldstiltak seinare eller i verste fall bygging av nye bruer.

Berekningar i MOTIV (Statens vegvesen sin modell for berekning av behov for drift og vedlikehald) syner at behovet til drift og vedlikehald er 1,5 mrd. kr I tillegg kjem kostnader til å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet, som for Vestland er berekna til 11-12 mrd. kroner.

Med gjeldande nivå på løyvinga til drift og vedlikehald må vi leggje til grunn at forfallet på vegnettet vil auke.

Førebels er det gjort følgjande fordeling av løyvinga til tiltak (i mill. kr):

Veg – Drift og vedlikehald	Budsjett 2020
Drift	738,3
Vedlikehald	217,7
Tunell – ordinært vedlikehald	30,5
Bru/ferjekai	56,6
Nye bruer – oppbygging etter flaumskade	12,0
Dekkelegging/oppmerking	79,3
Vegutstyr, miljø og andre tiltak	39,4
Administrasjon – fagseksjonane	3,9
Sum Veg – Drift og vedlikehald	959,9

FTU-midlar

Det er sett av 11,4 mill. kr til FTU-midlar. Dette er ei vidareføring av gjeldande rammer Hordaland og Sogn og Fjordane. Det vert lagt opp til at FTU gjer nærare vedtak om fordeling av midlane.

Administrasjon av infrastruktur og veg

Løyvinga på 8,6 mill. kr dekkjer lønns- og personalkostnader knytt til leing og stabsfunksjonar. Det er ikkje teke med auka adm. kostnader som følgje av avvikling av sams vegadministrasjon.

Andre tiltak – infrastruktur og veg

Løyvinga på 0,9 mill. kr dekkjer tilskott til oppfølging av sykkelbyavtaler i Førde og Flora samt årleg tilskott til drift av Tindevegen mellom Årdal og Luster.

Tilråding 14

Finansutvalet sluttar seg til budsjettfordelinga på løyvingnivå og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

5.7 Sektorbudsjett 2020 – Mobilitet og kollektiv

Vedtaksnivå	Løyvingsnivå	Budsjett i 1000 kr
HU - kollektiv og veg	Buss	1 050 329
HU - kollektiv og veg	Bane	36 701
HU - kollektiv og veg	Båt	280 380
HU - kollektiv og veg	Ferje	889 552
HU - kollektiv og veg	IT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	197 643
HU - kollektiv og veg	Administrasjon av mobilitet og kollektiv	85 520
Sum		2 540 125

Bilruter

Bussdrifta har stort omfang i Vestland. Totalt for Hordaland var det 766 bussar i produksjon i 2018, på det travlaste tidspunktet i døgeret. I Sogn og Fjordane var det om lag 200 bussar i produksjon på det travleste tidspunktet i døgeret, i tillegg til mange innleidde undertransportørar (t.d. drosje).

Tabellen under syner nøkkeltal for buss i Vestland:

Nøkkeltal buss Hordaland	2016	2017	2018
Påstigingar	44 741 000	56 161 000	56 950 000
Avgangar	2 167 000	2 235 000	2 223 081

Nøkkeltal buss Sogn og Fjordane	2016	2017	2018
Påstigingar	3 500 000	3 120 000	3 010 000
Avgangar	345 000	340 000	345 000

Fylka skil seg ein del frå kvarandre. I Hordaland er ein stor del av volumet sentrert i og rundt Bergen. I Sogn og Fjordane er det ein langt større del av kollektivtransporten som dreier seg om skuleskyss. Nøkkeltala for buss viser samla sett at ein hadde nærare 60 millionar påstigingar i 2018 fordelt på 2,5 millionar avgangar.

Ferjeruter

Med 24 samband langs fylkesvegane vert Vestland eit av dei aller største ferjefylka i landet. I 2020 vil 17 av strekningane ha hybridelektriske ferjer som primært vil køyre elektrisk. Det betyr vesentlege kutt i CO₂-utslepp i fylket. Eit anna skifte

ved ferjedrifta i fylket er overgangen frå netto- til bruttokontraktar i oppstart av dei nye anboda. Dette inneber at kollektiveininga/fylkeskommunen sit på ansvaret for inntektene og operatør utfører drift etter gitt kontrakt. I 2018 var omfanget av ferjetrafikken i Vestland på 5,2 millionar passasjerar og 3,8 personbileiningar (PBE).

Båt

Forutan å vere ein stor aktør på ferjesida har Vestland og ein stor del båtruter, frå lange ekspressruter til meir lokale ruter og skyssbåtar. Med 1,3 millionar reisande er båt eit viktig reisemiddel for mange i fylket. Det er store kontrastar

i passasjeromfanget på båtsambanda, frå bybåten mellom Kleppestø og Strandkaian med nesten 600 000 reisande, til Nord-Solund der om lag 2 200 reiste i 2018.

Bybanen

Bybanens linje 1 trafikkerer strekninga mellom Byparken og Bergen lufthavn Flesland, og er eit populært kollektivtilbod med tilsaman 14 millionar påstigande i 2019 fordelt på 76 000 turar. Linje 2 til Fyllingsdalen er under bygging og vil utvide omfanget av dette tilbodet.

Oppgåvene knytt til drifta av Bybanen er delt mellom kollektiveininga og Bybanen AS. Bybanen AS er heileigd av og vert finansiert av fylkeskommunen.

Administrasjon av mobilitet og kollektiv

Hovudarbeidsområda til avdelinga er planlegging innafor samferdselsområdet, strategi og eigarstyring samt løyveforvaltinga og transportordninga for funksjonshemma. Det er budsjettert med 27 stillingar. Utover desse stillingane omfattar løyvingnivået også dei tidlegare kollektiveiningane Skyss og Kringom. Kostnadane til desse einingane er i hovudsak lønnskostnader.

TT, Serviceskyss, innfartsparkering, Teknisk Skyss

Felles kostnader i eininga omfattar kostnader knytt til ulike driftsoppgåver som kundesentertjenester, kommunikasjon, marknadsføring, inntektssikring, IT-system, infrastruktur, statistikk og digitale tenester.

Transportordninga for funksjonshemma høyrer inn under dette løyvingnivået, og ordninga vil få omlag 16.000 brukarar i Vestland fylkeskommune. Her er og midlar til ymse kontingentar til interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i. Det er også med budsjett til leige av innfartsparkeringsplassar på Os, Straume, Skogsskiftet, Flesland kai og Knarvik. Ein anna stor post på dette området er vidaregåande skuleskyss. Til sist rommar denne løyvinga også lokale transporttilbod for ungdom.

Kollektivtakstar

Budsjettframlegg legg til grunn ei takstjustering på 2,5 % for buss, bane og båt i Skyss sitt ruteområde. For Kringom sitt område er taksttabellen under utarbeiding. Sistnemnde er kilometerbasert, og vert lagt fram ved handsaminga av budsjettet i finansutvalet 13. november. Det same gjeld ferjetakstane som skal samordnast med taksttabellen som vert laga av vegdirektoratet. Under er takstane som ligg i framlegg for buss og bybane i Skyss sitt område. Takstane er i hovudsak justerte i tråd med den generelle prisveksten (2,5%).

Billett Buss/bane	Takst 2019	Takst 2020
Enkeltbillett vaksen	38	39
Enkeltbillett barn/honnør	19	20
Enkeltbillett kjøpt om bord, vaksen	60	60
Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør	30	30
Enkeltbillett Militær	38	39
24-timarbillett vaksen	100	100
24-timarbillett barn	50	50
24-timarbillett honnør	50	50
Periodebillett 7 dg vaksen	245	250
Periodebillett 7 dg barn	115	125
Periodebillett 7 dg honnør	125	125
Periodebillett 7 dg student	145	150
Periodebillett 30 dg vaksen	780	800
Periodebillett 30 dg barn	365	400
Periodebillett 30 dg honnør	390	400
Periodebillett 30 dg student	460	480
Ungdomsbillett 30 dg	365	400
Periodebillett 180 dg vaksen	3 900	4000
Periodebillett 180 dg barn	1 835	2000
Periodebillett 180 dg honnør	1 950	2000
Periodebillett 180 dg student	2 340	2400

Tilråding 15

Finansutvalet sluttar seg til budsjettfordelinga på løyvingnivå og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

5.8 Sektorbudsjett 2020 – Innovasjon og næringsutvikling

Vedtaksnivå	Løyvingsnivå	Budsjett i 1000 kr
HU - næring	Verdiskaping byar/regionar	124 699
HU - næring	Naturressursar, landbruk og reiseliv	32 898
HU - næring	Forskning, komp og internasjonalisering	26 374
HU - næring	Grøn vekst, klima og energi	11 580
HU - næring	Utviklingsmidlar knytt til alle satsingsområde	19 491
HU - næring	Administrasjon av innovasjon og næringsutv.	10 847
Sum		225 889

Verdiskaping i byar og regionar

Her ligg midlar som skal tildelast Innovasjon Norge og SIVA over den nye posten 553.61 i framlegg til statsbudsjett. I tillegg ligg det midlar til innovasjonsinfrastruktur og breiband. Løyvingsnivået omfattar også ei rekke partnerskapsavtalar og avtalar om driftsstøtte som gjeld ut 2020. Mobiliserings- og nettverksaktivitetar på seksjonen sine oppgåveområde, og lønsmidlar.

Naturressursar, landbruk og reiseliv

Dette gjeld statlege midlar til vassressursforvaltning, der

noko finansierer løn. Løyvingsnivået omfattar også avtalar og støtte til Fjord Norge, destinasjonsselskap, avtale med Statens vegvesen om nasjonale turistveggar i Hardanger, programsatsing innan lokalsamfunnsutvikling og regionale utviklingsprosjekt. I tillegg er midlar knytt til forvaltning av ordningar på landbruksområdet lagt her. Utover dette kjem mobiliserings- og nettverksaktivitetar på seksjonen sine oppgåveområde, og lønsmidlar

Forskning, kompetanse og internasjonalisering

Budsjettet inneheld midlar til etablerartenester, ungt

entreprenørskap, karriererettleiing og integrering. Inkludert i løyvingnivået ligg også forpliktingar ovanfor forskingspartnarar. Ein stor del av aktivitetane i seksjonen vert finansiert med eksterne midlar frå m.a. Kunnskapsdepartementet og EU. I tillegg kjem mobiliserings- og nettverksaktivitetar på seksjonen sine oppgådeområde, og lønsmidlar.

Grøn vekst, klima og energi

Løyvinga omfattar tiltak innanfor grøn vekst, klima og energi. I tillegg kjem mobiliserings- og nettverksaktivitetar på seksjonen sine oppgådeområde, og lønsmidlar.

Utviklingsmidlar knytt til alle satsingsområde

Dette omfattar delar av utviklingsmidlane frå dei to gamle fylka til næringsutvikling og naturressursforvaltning. Det må arbeidast med innretninga av fordelinga som gjeld for Vestland fylkeskommune.

Hovudutvalet skal på møte i februar 2020 fordele midlane på løyvingnivå etter eit strategiarbeid som involverer kommunar, regionar, næringsliv, partar i arbeidslivet, næringsorganisasjonar og andre partnarar, samt politisk leiing.

Adminstrasjon

Avdelinga gjeld løn fylkesdirektør, fagdirektør og stabssesjon, og driftsmidlar for avdelinga.

Tilråding 16

Finansutvalet sluttar seg til budsjettfordelinga på løyvingnivå, og ber prosjektleiari legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

5.9 Sektorbudsjett 2020 – Opplæring og kompetanse

Vedtaksnivå	Løyvingnivå	Budsjett i 1000 kr
HU - Opplæring	Vgs	2 718 864
HU - Opplæring	Fagopplæring	15 758
HU - Opplæring	Vaksenopplæring	78 937
HU - Opplæring	Fagskule	21 081
HU - Opplæring	Spesialund. særskilt tilpassing og oppl	14 712
HU - Opplæring	Andre føremål opplæring	67 852
HU - Opplæring	Opplæring i bedrift	503 156
HU - Opplæring	Administrasjon av opplæring og komp.	32 857
Sum		3 453 217

Vestland fylkeskommune har 45 vidaregåande skular. Skuleåret 2018/19 var det i underkant av 20 000 elevar. Vestland fylkeskommune har tilbod innan alle utdanningsprogram.

Både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune jobbar aktivt for å få elevane til å velje yrkesfag. Skuleåret 2018/19 byrja 57% av elevane på eit yrkesfagleg utdanningsprogram.

Vgs

Løyvingnivå vidaregåande skule inkludert spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring. I hovudsak omfattar dette midlar til ordinær drift på dei vidaregåande skulane, inkl. landslinene og skulegardane. Dette gjeld pedagogisk leiing, pedagogiske fellesutgifter, drift av

utdanningsprogramma, gratis læremiddel, elev pc-ordninga, eleveksamen, rekruttering og kompetanseutvikling, fellesutgifter og støttefunksjonar og skulegardane.

Fagopplæring

Løyvingnivået omfattar dei kostnadane som sektoren har i høve til fagopplæring, og som ikkje inngår i løyvingnivået opplæring i bedrift.

Vaksenopplæring

Løyvingnivå Vaksenopplæring omfattar vidaregåande opplæring for vaksne.

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring for det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare.

Fagskule

Løyvingsnivå Fagskule omfattar fylkeskommunalt tilskot til eigne fagskular og fellesutgifter fagskular. I tillegg kjem statleg tilskot til fagskuleutdanning (eigne og eksterne fagskular).

Fagskuleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse og som har eit omfang tilsvarande minimum eit halvt studieår og maksimum 2 studieår. Fagskuleutdanning skal gje naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er 2 fylkeskommunale fagskular i Vestland fylkeskommune og om lag 1400 studentar får tilbod om fagskuleutdanning.

Spesialundervisning. Særskilt tilpassing og opplæring

Løyvingsnivået omfattar tilpassa opplæring for elevar i eigne vidaregåande skular og private skular, tilbod til minoritetspråklege elevar, ekstra grunnskuleopplæring for minoritetspråkleg ungdom (GMU), kjøp av spesialundervisning, og rettleiingsteneste. I tillegg kjem midlar til omstilling, system- og informasjon, gjesteelevoppgjer og drift av sentraladministrative funksjonar (inngår i kontorbudsjettet for avdeling for opplæring og kompetanse).

Andre føremål opplæring

Dette omfattar driftsmidlar til opplæring for elevar i sosiale og medisinske institusjonar, grunnskuleopplæring, administrasjon og gjennomføring av privatisteksamen, produksjonsskule og tilskott Manger folkehøgskule.

Opplæring i bedrift

Løyvinga omfattar midlar til yrkesopplæringsnemnda, tilskot til lærebedrifter, instruktør opplæring, restteori for lærlingar og lærekandidatar, stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa, tilpassa opplæring i bedrift, opplæring av prøvenemnder, fagprøvar, kompetanseprøvar og administrasjon/sentraladministrative funksjonar (inngår i kontorbudsjettet for avdeling for opplæring og kompetanse). Vestland fylkeskommune har om lag 6000 løpande lærekontraktar.

Administrasjon av opplæring og kompetanse

Dette løyvingsnivået omfattar drift av stabsfunksjonane i avdeling for opplæring og kompetanse.

Tilråding 17

Finansutvalet sluttar seg til budsjettfordelinga på løyvingsnivå, og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

6 Budsjettsaldering

Som tidlegare nemnt er den økonomiske situasjonen så krevjande at hovudfokuset er å få lagt til rette for eit saldert opplegg for budsjett 2020. Når det gjeld økonomiplanen for 2021–2023, som vert framlagd 13. november, legg prosjektleiar opp til å saldere desse åra med tekniske innsparingskrav.

Salderingsutfordringa som vart varsla i arbeidsdokument 5/19, var på om lag 490 mill. kr. Tabellen under viser dei endringane som er gjort i arbeidsdokument 6/19, samt sluttsaldering for budsjett 2020:

Saldering av budsjett 2020

Innarbeiding av innsparingstiltak på sektornivå, jf. pkt.4.4. betrar salderingsutfordringa med 100 mill. kr. Statbudsjettet gjev oss også noko meir til tunnelsikkerhetsforskrifta enn det som har vore lagt til grunn. Samla sett gjev verkandane av statsbudsjettet og tilrådde endringar utifrå dette ein nettoeffekt som betrar salderingbalansen med 30 mill. kr.

I sluttsalderinga er rekneskapsoverraskota for 2018, beløpa som ikkje er disponert i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, lagt til grunn som eingongsfinansiering. Dette utgjer 70 mill. kr. Dette handlingsrommet kan ikkje vidareførast, og økonomistyringa i dei enkelte åra avgjer om vi får slike midlar framover.

I budsjettføresetnadane har det tidlegare vore lagt opp til å nytte 75,8 mill. kr i driftsmidlar overført til investering. Desse føresetnadane vert no justert i tråd med tilgjengelege midlar i sluttsalderinga. Dette medfører ein reduksjon på 36,6 mill. kr i høve tidlegare beløp, slik at justert beløp i høve driftsmidlar overført til investering vert 39,2 mill. kr etter dette. Desse midlane kjem i tillegg til det tilrådde samla beløpet som er omtala som følgje av statsbudsjettet for 2020 på 497,8 mill. kr.

Den resterande salderinga går mot kor mykje ein kan betale i avdrag i 2020. Det vart i a-dok 5/19 lagt til grunn å redusere avdragsbetalinga med 175 mill. kr i høve det som

		2020
Ubalanse a-dok 5/19		490
Innarbeidde føresetnader frå tidlegare vurderingar		
Auka konsesjonskraftinntekter - jf. øk plan		-40
Auka finansinntekter - jf. øk plan		-53
Innarbeiding av innsparingstiltak på sektornivå, jf. pkt. 4.4		-100
Statsbudsjettet		
Vekst i frie inntekter - i høve føresetnader	-835,5	
Løns og prisvekst - omrekning til 2020 kr	245,8	
Driftsmidlar overført til investering - rassikring	400,4	
Driftsmidlar overført til investering - tunellsikkerheitsforskrifta	89,4	
Driftsmidlar overført til investering - vedlikehald av fiskerihamner	8,0	
KMD-midlar - auke i høve føresetnader	-34,1	
Innovasjon og næring - auke KMD midlar	34,1	
Opplæring og kompetanse - nye oppgåver og innlemming av tilskot	21,6	
Org og øk. avdeling - oveføring av ansvar innan fiskerihamner	2,0	
Kultur - div nye oppgåver	6,5	
Innovasjon og næring - nye oppgåver og innlemming av tilskot	15,7	
Infrastruktur og veg - tilføring av restmidlar som følgje av innlemming av tilskot	14,5	
Mobilitet og kollektiv og mobilitet- komp for veibruksavgift	0,9	
Tannhelse - ny oppgåve innan rusfeltet	0,3	
Nettoeffekt av statsbudsjettet 2020		-30
Andre vurderingar		
Driftsmidlar til investering - reversering av føresetnadar		-37
Nye føresetnader for netto renteutgifter		15
Ubalanse før sluttsaldering		245
Sluttsaldering av budsjett 2020		
Bruk av rekneskapsoverskot 2018 HFK/SFFK		-70
Redusert avdrag		-175
Totalbalanse		0

opphevelig har vore avsett til dette. Prosjektlear legg opp til å halde på denne reduksjonen for å få eit balansert budsjett i 2020.

Saldering av økonomiplan 2021–23 – teknisk saldering

Som nemnt over vil det i framlegging av budsjettet bli lagt opp til teknisk saldering av økonomiplanen for 2021–23.

Tilråding 18

Finansutvalet sluttar seg til prosjektlear sitt framlegg til saldering av budsjett 2020.

7 Økonomiplan 2021–2023

7.1 Tiltak i økonomiplanperioden

Prosjektlear legg i dette arbeidsdokumentet opp til tiltak konkretisering av tiltak for redusere sektornivået med samla 100 mill. kr i 2020. Prosjektlear har tidlegare signalisert at innsparingstiltaka må trappast opp med nye 100 mill. kr på sektornivå kvart år. Det vert gjort ei ny vurdering av dette i samband med arbeidet med økonomiplan 2021–2024. Den mellombelse salderingsløysinga med reduserte avdrag og bruk av rekneskapsoverskot vil ikkje vere berekraftig eller mogleg å gjennomføre i økonomiplanen.

Prosjektlear legg til grunn at budsjett 2020 vert vidareført i økonomiplanperioden ved fylkestinget si budsjetthandsaming i desember. Ny økonomiplan skal leggjast fram for fylkestinget i juni 2020 og vil leggja føringar for budsjettarbeidet for 2021.

Prosjektlear si tilnærming til vidare arbeid

Salderingsløysinga for 2020 må sjåast på som kortsiktig, og vi må arbeide målretta for å finne dei langsiktige løysingane for økonomisk balanse i Vestland. Sjølv om i løpet av 2019 har fått betre oversikt over utgiftsnivået i 2020, er det førebels svært usikre føresetnader for åra 2021–23. Prosjektlear vil peike på to viktige parameter i økonomien som vil utfordre oss ytterlegare framover:

- Anbud på buss, båt og ferje – miljøkrav
- Ambisøst investeringsprogram – kapitalutgifter
- Uvisse knytt til vidareføring av tunnelsikkerhetsmidlar og fordeling av vedlikehaldsmidlar på fylkesveg

Nye anbud på kollektivsida vil framleis vere ein stor økonomisk uvisse framover. Prosjektlear vil minne om at det lagt opp til nye anbud på båt frå 2022, som vil utfordre situasjonen ytterlegare.

Den samla lånegjelda ved inngangen til 2020 vil vere mellom 13 og 14 mrd. kr. Dette er eit svært høgt nivå. Investeringsprogramma som ligg vedlagt i dette arbeidsdokumentet viser ein sterk auke i lånegjelda i perioden – frå eit høgt nivå. Prosjektlear er uroa over denne utviklinga, og den auka belastninga dette vil ha.

Frå statleg hald er det signalisert at det kan kome endringar i tildelingane av midlar knytt til fylkesveggar i 2022, samt at det er uvisse om tunellsikkerhetsmidlane vert vidareført utover 2020. Samla vil desse endringane kunne gje Vestland ein reduksjon på om lag 160 mill. kr frå 2022.

I første omgang vil prosjektlear fokusere på nokon prinsipp som vert viktige både frå administrativ og politisk side, for å oppnå eit felles mål om at Vestland fylkeskommune skal tilpasse seg den økonomiske realiteten i åra framover.

Prosjektlear meiner følgjande prinsipp bør ligge til grunn for arbeidet framover.

Investeringsnivå, lånegjeld og kapitalutgifter

Vi må framover ha stort fokus på utvikling i lånegjeld, avdragsbetaling og driftsmidlar til investering. Målsetnaden for dette arbeidet er å bremse gjeldsutviklinga i Vestland. Prosjektlear vil så langt som det let seg gjere legge til grunn desse prinsippa:

- Rassikring skal finansierast av statlege midlar og mva. refusjon. Dette betyr at vi nyttar driftsmidlar overført til investering til føremålet. Dette er eit viktig prinsipp for å ikkje utfordre lånegjelda ytterlegare.
- Midlar til tunellsikkerheitsforskrifta vert overført til investering. Tiltaka for å oppfylle tunellsikkerheitsforskrifta er særskild utfordrande for fylkeskommunen. Dette har vore peika på, både politisk og administrativt i tidlegare samanhengar. Det er difor viktig å nytte midlane som vi får frå

staten til føremålet, fullt ut til tiltaka. Tiltaka knytt til tunellsikring kostar langt meir enn det vi får i statlege løyvingar til føremålet, men prosjektleiar meiner det er prinsipielt viktig at vi viser at vi nyttar dei statlege midlane vi får. Dersom desse midlane ikkje vert nytta til investeringar, må låneopptaka aukast tilsvarande.

- Avdragsbetaling må ha stort fokus. Dette vil vere eit viktig prinsipp for at ikkje renter og avdrag ta ein for stor del av driftsutgiftene. Aukande renter og avdrag vil, alt anna likt, medføre at i driftsutgiftene på sektornivå må reduserast.
- Framtidige låneopptak må reduserast. Prosjektleiar vil arbeide vidare med å sjå på moglege reduksjonar i investeringsprogramma i økonomiplanperioden. Det må vurderast både tidsforskyvingar av prosjekt, og om prosjekt må takast ut. Det må også vurderast i kva grad det er aktuelt å sjå på alternative finansieringsløyvingar for investeringane, i form av bidrag av eksterne partar til dømes.

Driftsnivå

Det er i løpet av 2019 sett i gong eit arbeid for å realisere innsparingstiltak på samla 100 mill. kr på sektorane. Desse er no konkretisert på løyvingnivå, jf. omtale i punkta over. Prosjektleiar vil vidare vurdere desse tiltaka i perspektivet varige/ikkje varige tiltak.

I løpet av 2020 vil vi få meir oversikt over den nye organisasjonen og det må arbeidast med å kvalitetssikre budsjettammer i høve faktisk driftsnivå for den nye organisasjonen. Dette vil vere eit viktig arbeid, for å sikre både realisme og for å hente ut potensielle innsparingar i driftsrammene.

Det administrative effektiviseringsprogrammet som nemnd i punkt 7.2 vil vere ein hjelp i arbeidet med å finne varige driftsreduksjonar. Det er viktig å understreke at noko av målsetnaden med dette arbeidet er å sikre god kvalitet i oppgåvene, der både digitalisering og standarisering kan gjere at vi utfører oppgåvene meir effektivt og med betre kontroll. Vidare arbeid med å materialisere dei beste løyvingane frå dei to tidlegare fylkeskommunane vil vere eit viktig bidrag i dette arbeidet.

Prosjektleiar vil arbeide vidare med å definere lovpålagte/ikkje lovpålagte oppgåver. Det vil vere viktig å fokusere på korleis vi løyser dei lovpålagte oppgåvene, og kva vi eventuelt er nøyde å redusere på i høve dei oppgåvene som ikkje er lovpålagde. Prosjektleiar vil kome attende til ein nærare analyse av dette i arbeidet med økonomiplan 2021–2024, i løpet av våren 2020.

Det må takast ansvar, både frå administrativ og politisk side, for å finne dei innsparingstiltak som «smertar minst», for innbyggjarane i Vestland fylkeskommune. Dette arbeidet må ha stor merksemd i 2020, for å finne dei beste, langsiktige løyvingane.

Eksterne rammeføresetnader

Prosjektleiar ser at staten sin vilje og evne til å stille opp i

høve satsinga vår på miljøvenleg teknologi hittil må karakteriserast som minimal. Statsbudsjettet for 2020 viser dessverre dette, og prosjektleiar meiner at vi må sjå på om det er mogleg å gjennomføre dei ambisjonane vi har sett oss. Det bør også vurderast i kva grad vi framover må ha ein garanti for statleg medverknad når vi skal ta ansvar innan meir miljøvenlege løyvingar innan t.d buss, ferje og båt.

Finansutvalet sitt arbeid

Prosjektleiar vil foreslå at finansutvalet tidleg i 2020 startar arbeidet med innrettinga for korleis driftsreduksjonen på 400 mill. kr skal gjennomførast.

Det er viktig å leggje nokre grunnprinsipp og køyrereglar som utgangspunkt for korleis prosessen skal gjennomførast og korleis fordelinga av innsparingssummen skal vere mellom sektorane.

I dette arbeidsdokumentet peikar prosjektleiar på korleis grunnprinsippa og køyrereglane kan utformast og omtalar nokre tiltaksområde det er naturleg å sjå på i prosessen i arbeidet mrd økonomiplanen som fylkesutvalet skal handsame i juni 2020.

Grunnprinsipp og køyrereglar

Prosesen med å redusere drifta med 400 mill. kr må gjennomførast over nokre år. Slik prosjektleiar ser det, er det naturleg at målsetjinga er å tilpasse drifta i løpet av komande økonomiplanperiode.

Prosjektleiar vil peike på følgjande køyrereglar som kan leggast til grunn for prioriteringsdiskusjonane ein vil få framover. Dette gjeld t.d:

- Innbyggjarane må vere i fokus
- Lovpålagde oppgåver opp mot ikkje-lovpålagde
- Konsekvensvurdering av forslag til tiltak før vedtak
- Realistisk budsjettering
- Som ein god arbeidsgjevar skal ein ha respekt for tilsette.
- Aktivt arbeide for å betre rammevilkåra for Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar vil peike på at ein i inndelinga av tenestetilbodet/oppgåvene ut frå kva som er lovpålagt/ikkje-lovpålagt også bør stille spørsmål ved om ein skal halde fram med alle oppgåver eller om nokon tilbod kan falle bort/oppgåver avsluttast.

Tilsvarande bør ein vurdere at sjølv om ei oppgåve er

lovpålagt, er ikkje måten oppgåva vert utført på, bunden i like stor grad.

Døme på grunnprinsipp kan vere:

- Kvalitet i tenestetilbodet
- Fokus på samfunnsutviklarrolla
- Prioritering i samsvar med regional planstrategi
- Langsiktig perspektiv på dimensjonering og innretting av tenestene
- Finansiering av tenester gjennom samarbeid og partnerskap

finansutvalet som går nærare inn på dette med siktemål om at fylkestinget vedtek prosess og innretning som del av det komande økonomiplanarbeidet.

Nedanfor går prosjektleiar på dei ulike sektorane og kva område det er naturleg å sjå nærare på i arbeidet med drifts reduksjonane framover.

Prosjektleiar tek sikte på å kome attende med sak til

	Mill. Kr
OPPLÆRING OG KOMPETANSE	
<p>Det vil i oppstartfasen av Vestland fylkeskommune vere naturleg å harmonisere drifta og undervisningstilbodet.</p> <p>Prosjektleiar ser det som naturleg at dei gjeldande skulebruksplanane vert vurdert samla.</p>	
INFRASTRUKTUR OG VEG	
<p>På denne sektoren er det naturleg at ein samordnar og ser under eitt investeringsplanar/regionale transportplanar.</p> <p>På driftssida er det naturleg å gjennomgå vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet.</p>	
STRATEGI OG DIGITALISERING	
<p>Sektoren har ansvaret for utarbeiding av den regionale planstrategien og vil spele ei viktig rolle for å få oversyn over det langsiktige perspektivet på fylkeskommunen si drift.</p> <p>Knytt opp mot digitaliseringsarbeidet, ser prosjektleiar at dette kan gje innspel til iutvikling av den fylkeskommunale drifta framover.</p>	
KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING	
<p>I oppstartfasen av Vestland fylkeskommune er det naturleg å sjå på samordning av tilbod og tenester.</p>	
INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING	
<p>For denne sektoren er det viktig å samordne og prioritere tiltak utifrå regional planstrategi og temaplanane som vil gjelde.</p>	

	Mill. Kr
TANNHELSE	
Takstharmonisering er naturleg å gjennomføre og elles gå gjennom spesialisttilbodet.	
MOBILITET OG KOLLEKTIV	
Tilpassing av tilbodet med omsyn til t.d. frekvens i tilbodet, opningstider i døgnet, kor vidt ein skal ta omsyn til at det er parallelle tilbod på same strekninga, at det er veg som kan nyttast i staden for eit båt-/ferjesamband m.v.	
ADMINISTRASJON	
Som det går fram av avsnitt 7,2, har prosjektleiar sett i gang eit program for administrativ effektivisering. Programmet vil gå i perioden fram til 2025 og vil sjå på ulike tiltak for å ha tilstrekkeleg administrativ kapasitet med rett kompetanse i heile fylkeskommunen. I programmet vil ein også gjennomgå arbeidsmåtar og arbeidsmetodar for å tilpasse verksemda til den digitale utviklinga.	
OPPSUMMERING	
I budsjettet for 2020 er det lagt opp til driftstiltak på til saman 100 mill. kr som start på saldering av den samla utfordringa. I komande økonomiplanperiode er målsetjinga å finne varige tiltak for samla 400 mill. kr, slik at Vestland fylkeskommune si drift er tilpassa tilgjengeleg inntektsramme.	
SUM TILTAK	400,0

Tilråding 19

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande. Prosjektleiar får i oppdrag å foreslå køyrereglar, grunnprinsipp og tiltak for i arbeidet med økonomiplan for perioden 2021–2024.

7.2 Program for administrativ effektivisering 2020–2024

Samla utgifter til drift og administrasjon av nye Vestland fylkeskommune er i storleiken 500 mill. kr. I summen inngår midlane som er direkte knytt til dei administrative løyvningsnivåa i avdelingane, delar av utgiftene til IKT-drift og delar av utgiftene til eigedomsforvaltning. I lys av den krevjande økonomiske situasjonen til fylkeskommunen legg prosjektleiar opp til å effektivisere den administrative drifta med rundt 20 prosent i åra 2020–2024. Samla utgjer dette om lag 100 mill. kr i perioden. Denne innsparinga kjem i tillegg til det

identifiserte behovet for innsparingar i den tenesteytande verksemda på rundt 400 mill. kr i perioden.

Prosjektleiar vurderer ei slik innsparing som både rimeleg og realistisk og prosessen er allereie i gang. I samband med budsjettet for 2020 er det identifisert følgjande administrative innsparingar som går fram av tabellen under. Prosjektleiaren vil kome attende med ytterleigare tiltak til neste møte i finansutvalet.

Avdeling	Tiltak	Sum i mill. kr
Organisasjon og økonomi	Reduksjon administrative stillingar, leigekostnader, tenestekjøp mv	7,0
Strategi og digitalisering	Reduksjon lisenskostnader	1,0
Tannhelse	Reduksjon administrative stillingar, kurs, administrasjonskostnader	3,0
Kultur, idrett og inkludering	Reduksjon administrative stillingar	3,0
Innovasjon og næring	Reduksjon administrative stillingar	1,0
Sum		15,0

Prosjektleiar vurderer at ein stor del av den administrative effektiviseringa vil kunne skje som følgje av naturleg avgang i fylkesadministrasjonen dei næraste åra. Ei oversikt som prosjektleiar har fått utarbeidd, viser at rundt 90 tilsette vil gå av med alderspensjon i tida fram til 2025. Gjennom satsinga på digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar er det rimeleg å vente at ein god del av stillingane som vert vakante, ikkje treng erstattast. I tillegg vil prosjektleiar greie ut innsparingspotensialet på ei rekke andre administrative område. I første omgang er det naturleg å sjå nærare på følgjande:

- Vurdere forventa naturleg avgang i kvar avdeling i perioden og utarbeide bemanningsplanar basert på gjennomgang av arbeidsoppgåver og –prosessar
- Vurdere rutinar og tiltak for å styrke intern mobilitet blant tilsette
- Vurdere innretting av budsjett/løyvningsnivå for tydelegare spesifikasjon av midlar til kurs, reiser, møtekostnader mv i kvar avdeling
- Vurdere innsparingspotensial knytt til organisering og innretting av lokale innkjøpskoordinatorar
- Vurdere innsparingspotensial ved å samle ansvaret for innkjøp innan større administrative fellesområde, t.d. kontormøblar, kontormaskinar o.l
- Vurdere standardisering av IT utstyr, sanering av system, potensial for reduserte lisenskostnader mv
- Vurdere innsparingspotensial innan området

personaløkonomi, t.d. potensial for reduserte kostnader gjennom auka gjennomsnittsalder for uttak av alderspensjon, AFP og uførepensjon og reduksjon av sjukefråvær

- Vurdere innsparingspotensial ved å samle og digitalisere mottak for post- og fakturahandsaming
- Vurdere innsparingspotensial knytt til digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar
- Vurdere innsparingspotensial innan organisering av drifts- og reinhaldstenester

Prosjektleiar tilrår i tillegg at det vert sett i gang eit utgreiingsarbeid knytt til drift og administrasjon av dei vidaregåande skulane, der Kostra-analysar viser at både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar driv dyrare enn landsgjennomsnittet.

Tilrådingane frå utgreiingsarbeida vil venteleg vere klare i løpet av første halvår 2020. Prosjektleiar legg opp til årleg oppdatering av aktuelle utgreiingsområde knytt til det administrative innsparingsprogrammet.

Tilråding 20

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande. Prosjektleiar får i oppdrag å arbeide vidare med program for administrativ effektivisering i samband med utarbeiding av økonomiplan for perioden 2021–2024.

8 Finansielle måltal

Ny kommunelova tre i kraft 01.01.2020. § 14-2, som omtalar kommunestyrets og fylkestingets plikter i økonomiforvaltninga, har slik ordlyd:

- § 14-2. Kommunestyrets og fylkestingets plikter
Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta
- økonomiplanen og årsbudsjettet
 - årsregnskapene og årsberetningene
 - finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
 - regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
 - regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement)

Jf §14-2 punkt c er det no lovfesta at kommunestyret/fylkestinget;

«selv plikter å vedta finansielle måltall for utviklingen av kommunen eller fylkeskommunens økonomi».

Dei finansielle måltala skal synleggjera kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid, og brukast i prioriteringsdiskusjonane i budsjett/ økonomiplanprosessen. Det opp til fylkeskommune sjølv å fastsetja kva finansielle måltal ein vil nytta. Det er vidare fylkeskommunen sjølv som vedtek kva nivå det enkelte målalet skal ha.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i sine budsjett etablert finansielle måltal/økonomiske nøkkeltal. Hordaland har ein noko lenger praksis enn Sogn og Fjordane i bruk av måltal/nøkkeltal i budsjettet. Men mange av måltala vi bruker er dei same.

Sogn og Fjordane:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Rente- og avdragsbelastning
- Disposisjonsfond

Hordaland:

- Gjeldsgrad
- Netto driftsresultat

I tillegg har Hordaland fleire nøkkeltal

- Totalgjeld
- Netto driftskostnader
- Renteutgifter
- Avdrag
- Årlege investeringar

- Lånefinansiering
- Frie inntekter

Med bakgrunn i kva finansielle måltal/nøkkeltal som har vore brukt i dei to fylkeskommunane fram til no rår prosjektleiaren til at Vestland fylkeskommune skal ha følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Rente- og avdragsbelastning
- Disposisjonsfond

Ein kan ev. supplera med nokre nøkkeltal. Desse finansielle nøkkeltala tar og opp i seg dei opplysningane nøkkeltala Hordaland fylkeskommune har nytta. I tillegg vil dei finansielle måltala gje opplysningar om kva nivå vi ligg på i høve andre fylkeskommunar og i høve kva anbefalte nivå som er sett.

For Vestland fylkeskommune vil dei komande åra, og særskilt 2020, vera ekstraordinære i den forstand at vi skal sy saman to ulike budsjett til eitt med dei utfordringar det gjev. I tillegg har vi ein stor økonomisk utfordring som gjer at å fastsetja eit nivå på dei finansielle måltala er vanskeleg.

I dette dokumentet har ein fokus på å laga eit budsjett for 2020. For 2020 vil måltala på mange måtar «bli det dei blir», medan vi må koma attende til å fastsetja kva nivå dei einskilde måltala skal ha i handsaminga av økonomiplan 2021–2023 (juni 2020).

Dei tilrådde måltala kan kort omtalast slik.

Netto driftsresultat

Fakta:

Netto driftsresultat: Det som er att av driftsinntektene når alle driftsutgifter og finansutgifter (renter og avdrag) er betalt.

Teknisk berekningsutval for kommunesektoren og KMD reknar netto driftsresultat som hovud-indikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, og tilrår frå 2014 at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene over tid bør vera minimum 4%.

Landssnittet i 2018: 3,8 %.


Status Sogn og Fjordane fylkeskommune: 5,9 % i 2018.

Status Hordaland fylkeskommune: 1,0 % i 2018.

Det er heilt avgjerande for handlingsrommet i ein fylkeskommune å – over tid – ha eit positivt netto driftsresultat. Netto driftsresultat er dermed ein sentral storleik for å vurdere fylkeskommunen sin økonomiske handlefridom. Netto

driftsresultat må minst vera stort nok til å dekkja nødvendige nettoavsetjingar til fond i tillegg til å kunne overføre driftsmidlar til eigenfinansiering av investeringane. Det må vere

eit langsiktig mål for Vestland fylkeskommune ha eit netto driftsresultat lik tilrådd nivå på 4%.



Gjeldsgrad

Fakta:

Netto lånegjeld = Innlån – utlån

Gjeldsgrad: Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter


Tilrådd nivå: Riksrevisjonen tilrår maks 79 % av årlege driftsinntekter

Landssnittet i 2018: 72,5 %

Status Sogn og Fjordane fylkeskommune: 67,9 % i 2018

Status Hordaland fylkeskommune: 109,4 % i 2018

Slik den økonomiske realiteten for Vestland fylkeskommune er pr dato, og med det investeringsbehovet ein ser jf. investeringsplanen, må ein leggja til grunn at vi i dei nærmaste åra vil ha ei netto lånegjeld som langt overskrider anbefalt nivå på 80%. Men vi må ha som langsiktig mål å nærme oss anbefalt nivå 7.3.



Rente- og avdragsbelastning

Fakta:


Rente og avdragsbelastning: renter og avdrag i % av sum driftsinntekter.

Landsnittet i 2018: 5,0 %.

Status Sogn og Fjordane fylkeskommune: 4,1 % i 2018

Status Hordaland fylkeskommune: 9,2 % i 2018

Som eit av tiltaka i salderinga av budsjett 2020 har ein nytta reduksjon av avdragsbetaling. Som konsekvens av det vil avdragsbelastninga i % av driftsinntektene gå ned. Ein bør i løpet av komande økonomiplanperiode tilstrebe seg på å liggje rundt landsgjennomsnittet – 5%.



Disposisjonsfond

Fakta:

Disposisjonsfond: Midlar som gjennom åra er avsett til reservar


Tilrådd nivå: Det er ikkje nokon klar norm for kor stort disposisjonsfond bør vera, men Telemarkforsking har i ein rapport om økonomiske nøkkeltal tilrådd at disposisjonsfond bør utgjera mellom 5–10 prosent av fylkeskommunen sine inntekter.

Landsnittet i 2018: 10,8 %

Status Sogn og Fjordane fylkeskommune: 27,5 % i 2018

Status Hordaland fylkeskommune: 3,6 % i 2018

Slik budsjetta/økonomiplan 2019–2022 er for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune er store deler av disposisjonsfonda lagt inn som finansieringskjelder, i hovudsak til investeringstiltak. Den økonomiske stoda for Vestland fylkeskommune p.t. gjer og at ein må bruke vesentlege delar av resterande disposisjonsfond til saldering. Det er såleis grunn til å forventa at indikatoren vil gå vesentleg ned og under anbefalt nivå. Det langsiktige målet vil vera å byggja oppatt disposisjonsfondet til anbefalt nivå – 10% – slik at Vestland fylkeskommunen får ein tilstrekkeleg «buffer» i sin økonomi.



Tilråding 21

Vestland fylkeskommune skal nytta følgjande måltal i si økonomiforvaltning;

- Netto driftsresultat i % av driftsinntektene
- Netto lånegjeld i % av driftsinntektene
- Rente- og avdragsbelastning i % av driftsinntektene
- Disposisjonsfond i % av driftsinntektene

Fylkestinget vedtek fastsetjing av nivå for dei einssilde måltala ved handsaminga av økonomiplan 2021 – 2024, juni 2020.

9 NESTE MØTE I FINANSUTVALET

Til neste møte i finansutvalet legg prosjektleiar fram eit budsjettframlegg basert på dette arbeidsdokumentet og prosessvedtak i finansutvalet.

I det endelege budsjettframlegget vil dei einssilde sektorane sine budsjett verta meir utdjupa både tekstleg og talmessig.

I statsbudsjettet for 2020 er ikkje endringar som følgje av at ordninga med Sams vegadministrasjon skal avviklast komme

med. Det er varsla at regjeringa kjem attende til dette i ein tilleggsproposisjon i november. Prosjektleiar har difor ikkje rekna med endringar som følgje av dette og vil koma attende til det når regjeringa sitt forslag til korleis overføringa skal gjennomførast, ligg føre.

Vedlegg 1. Budsjett pr løyingsnivå

		BUDSJETT 2020
FT	Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning	-9 749 170
FT	Andre generelle statstilskot	-99 400
FT	Konsesjonskraftsinntekter	-182 000
FT	Kapitalinntekter/utgifter og utbytte, rentekomp	833 900
FT	Pensjonsutgifter fellesutgifter lønns og prisvekst	44 839
FT	rekneskapoverskot HFK/SFFK 2018	-70 000
FT	Overføring til investering	536 997
Felles		-8 684 834
FU	Politisk styring	55 444
KU/FU	Kontrollutval	10 333
FU	Eigedom - drift og vedlikehald	446 831
FU	Administrasjon av organisasjon og økonomi	232 081
FU	Org og øk tiltaksmidler	10 000
Politisk styring, kontrollutval og organisasjon og økonomi		754 689
FU	Plan,analyse, klima & Folkeh.	43 930
FU	Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238
FU	IKT og digitalisering	119 667
Strategi og digitalisering		169 834
FU	Pasientbehandling	234 991
FU	Administrasjon av tannhelse	33 238
Tannhelse		268 229
HU - kultur	Arkiv	11 667
HU - kultur	Bibliotek	13 092
HU - kultur	Kulturformidling	17 250
HU - kultur	Kulturarv	98 888
HU - kultur	Idrett og friluftsliv	28 895
HU - kultur	Friluftsliv	-
HU - kultur	Museum	-
HU - kultur	Inkluding,strategi - og analyse	7 476
HU - kultur	Kunst og kulturutvikling	105 858
HU - kultur	Administrasjon av kultur og idrett	8 934
Kultur, idrett & inkludering		292 060
HU - samferdsel og mobilitet	Veg - drifts og vedlikehald	959 895

HU - samferdsel og mobilitet	FTU-midler	11 376
HU - samferdsel og mobilitet	Andre tiltak - infrastruktur og veg	897
HU - samferdsel og mobilitet	Administrasjon av infrastruktur og veg	8 624
Infrastruktur og veg		980 792
HU - samferdsel og mobilitet	Buss	1 050 329
HU - samferdsel og mobilitet	Bane	36 701
HU - samferdsel og mobilitet	Båt	280 380
HU - samferdsel og mobilitet	Ferjer	889 552
HU - samferdsel og mobilitet	TT, Serviceskyss, innfartsparkering, Teknisk Skyss	197 643
HU - samferdsel og mobilitet	Administrasjon av mobilitet & kollektiv	85 520
Mobilitet og kollektiv		2 540 125
	Utviklingsmidlar	
HU- næring	Verdiskaping byar/ regionar	124 699
HU- næring	Naturressursar, landbruk & reiseliv	32 898
HU- næring	Forsking, komp. & internasjonalisering	26 374
HU- næring	Grøn vekst, klima & energi	11 580
HU- næring	Administrasjon av innovasjon & næringsutv	10 847
HU- næring	Utviklingsmidler	19 491
Innovasjon og næringsutvikling		225 889
HU - opplæring	Vgs	2 718 864
HU - opplæring	Fagopplæring	15 758
HU - opplæring	VO	78 937
HU - opplæring	Fagskule	21 081
HU - opplæring	Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring	14 712
HU - opplæring	Andre føremål opplæring	67 852
HU - opplæring	Opplæring i bedrift	503 156
HU - opplæring	Administrasjon av opplæring & kompetanse	32 857
Opplæring og kompetanse		3 453 217
Sum sektornivå		8 684 834

Vedlegg 2.

	Opphavelg bud- sjettramme 2020	Tekniske justeringar	Eingong- stiltak	A-dok-5	Frå stats- budsjettet	BUDSJETT 2020
Felles	-8 320 218	-321 349	108 185	-58 600	-92 852	-8 684 834
Politisk styring, kontrollutval og organisasjon og økonomi	689 206	56 478	-535	7 600	1 940	754 689
Strategi og digitalisering	136 214	22 620	-	11 000	-	169 834
Tannhelse	263 674	4 245	-	-	310	268 229
Kultur, idrett & inkludering	282 431	7 613	-3 750	-	5 766	292 060
Infrastruktur og veg	1 018 456	35 235	-87 000	-	14 101	980 792
Mobilitet og kollektiv	2 433 618	69 605	-4 000	40 000	902	2 540 125
Innovasjon og næringsut- vikling	113 113	67 113	-3 200	-	48 862	225 889
Opplæring og kompetanse	3 383 506	58 440	-9 700	-	20 971	3 453 217
Sum sektornivå	8 320 218	321 349	-108 185	58 600	92 852	8 684 834

Løyvingsnivå	Opphavelig budsjett-ramme 2020	Tekniske justeringar	Eingongs-tiltak	A-dok-5	Frå stats-budsjettet	BUDSJETT 2020
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning	-8 913 648	-835 522	-	-	-	-9 749 170
Til lønns og prisstigning for 2020	-	-	-	-	-	-
Til nye oppgaver	-	-	-	-	-	-
Andre generelle statstilskot	-	-99 400	-	-	-	-99 400
Konsesjonskraftsinntekter	-142 000	-40 000	-	-	-	-182 000
Kapitalinntekter/utgifter og utbytte, rentekomp	947 324	-113 424	-	-	-	833 900
Pensjonsutgifter fellesutgifter lønns og prisvekst	104 328	-59 489	-	-	-	44 839
Bruk/avsetning til fond	-117 022	117 022	-	-	-	-
rekneskapoverskot HFK/SFFK 2018	-	-70 000	-	-	-	-70 000
Overføring til investering	75 800	461 197	-	-	-	536 997
Endra driftsramme	-275 000	318 267	108 185	-58 600	-92 852	-
Felles	-8 320 218	-321 349	108 185	-58 600	-92 852	-8 684 834
Politisk styring	59 871	-4 427	-	-	-	55 444
Kontrollutval	11 510	-1 177	-	-	-	10 333
Eigedom - drift og vedlikehald	388 045	56 846	-	-	1 940	446 831
Administrasjon av organisasjon og økonomi	225 780	-764	-535	7 600	-	232 081
Særskilte tilskudd	-	-	-	-	-	-
Org og øk tiltaksmidler	11 000	-1 000	-	-	-	10 000
Endra driftsramme	-7 000	7 000	-	-	-	-
Politisk styring, kontrollutval og organisasjon og økonomi	689 206	56 478	-535	7 600	1 940	754 689
Plan,analyse, klima & Folkeh.	38 575	5 355	-	-	-	43 930
Administrasjon av strategi og digitalisering	-	6 238	-	-	-	6 238
IKT og digitalisering	98 639	10 028	-	11 000	-	119 667
Endra driftsramme	-1 000	1 000	-	-	-	-
Strategi og digitalisering	136 214	22 620	-	11 000	-	169 834
Pasientbehandling	238 704	-4 023	-	-	310	234 991
Administrasjon av tannhelse	29 970	3 268	-	-	-	33 238
Endra driftsramme	-5 000	5 000	-	-	-	-
Tannhelse	263 674	4 245	-	-	310	268 229

Tabellen held fra på neste side

Løyvingsnivå	Opphavelig budsjett-ramme 2020	Tekniske justeringar	Eingongs-tiltak	A-dok-5	Frå stats-budsjettet	BUDSJETT 2020
Arkiv	12 551	-884	-	-	-	11 667
Bibliotek	14 444	-1 352	-	-	-	13 092
Kulturformidling	121 092	-100 242	-3 600	-	-	17 250
Kulturarv	99 001	-307	-	-	194	98 888
Idrett og friluftsliv	29 330	-285	-150	0	0	28 895
Inkluding, strategi - og analyse	-	4 038	-	-	3 438	7 476
Kunst og kulturutvikling	-	103 724	-	-	2 134	105 858
Administrasjon av kultur og idrett	9 013	-79	-	-	-	8 934
Endra driftsramme	-3 000	3 000	-	-	-	-
Kultur, idrett & inkludering	282 431	7 613	-3 750	-	5 766	292 060
Veg - drifts og vedlikehald	1 002 359	30 435	-87 000	-	14 101	959 895
FTU-midler	11 200	176	-	-	-	11 376
Andre tiltak - infrastruktur og veg	-	897	-	-	-	897
Administrasjon av infrastruktur og veg	10 897	-2 273	-	-	-	8 624
Endra driftsramme	-6 000	6 000	-	-	-	-
Infrastruktur og veg	1 018 456	35 235	-87 000	-	14 101	980 792
Buss	1 021 220	9 207	-1 000	20 000	902	1 050 329
Bane	57 150	-20 449	-	-	-	36 701
Båt	279 738	3 642	-3 000	-	-	280 380
Ferjer	504 685	364 867	-	20 000	-	889 552
TT, Serviceskyss, innfartsparkering, Teknisk Skyss	175 276	22 367	-	-	-	197 643
Administrasjon av mobilitet & kollektiv	61 549	23 971	-	-	-	85 520
Auka utgifter ferjer og buss	375 000	-375 000	-	-	-	-
Endra driftsramme	-41 000	41 000	-	-	-	-
Mobilitet og kollektiv	2 433 618	69 605	-4 000	40 000	902	2 540 125
Verdiskaping byar/ regionar	52 245	30 805	-1 350	-	42 999	124 699
Naturressursar, landbruk & reiseliv	7 858	24 264	-	-	776	32 898
Forsking, komp. & internasjonalse- ring	24 520	-3 233	-	-	5 087	26 374
Grøn vekst, klima & energi	18 510	-5 080	-1 850	-	-	11 580

Løyvingsnivå	Opphavelig budsjett-ramme 2020	Tekniske justeringar	Eingongs-tiltak	A-dok-5	Frå stats-budsjettet	BUDSJETT 2020
Administrasjon av innovasjon & næringsutv	10 980	-133	-	-	-	10 847
Utviklingsmidler	-	19 491	-	-	-	19 491
Endra driftsramme	-1 000	1 000	-	-	-	-
Innovasjon og næringsutvikling	113 113	67 113	-3 200	-	48 862	225 889
Vgs	2 232 573	486 291	-	-	-	2 718 864
Fagopplæring	510 034	-491 769	-8 800	-	6 293	15 758
VO	80 124	-1 187	-	-	-	78 937
Fagskule	22 226	-845	-300	-	-	21 081
Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring	399 400	-384 688	-	-	-	14 712
Andre føremål opplæring	123 209	-69 435	-600	-	14 678	67 852
Opplæring i bedrift	-	503 156	-	-	-	503 156
Administrasjon av opplæring & kompetanse	51 940	-19 083	-	-	-	32 857
Endra driftsramme	-36 000	36 000	-	-	-	-
Opplæring og kompetanse	3 383 506	58 440	-9 700	-	20 971	3 453 217
Sum sektornivå	8 320 218	321 349	-108 185	58 600	92 852	8 684 834

Vedlegg 3. Eingongstiltak - oversikt over tiltak som er trekt ut av driftsrammene

	Eingongstiltak/ justeringer
OPPLÆRING OG HELSE	
Prosjekt fleire ut i lære	4 500 000
Manger folkehøgskule	600 000
Etter- og viderutdanning – omstilling med særskilt satsing på tiltak som kan sikra vaksne fagbrev	300 000
Havrom, fagskole	300 000
Søkbar pott, utstyr yrkesfag	4 000 000
SUM	9 700 000

Mobilitet og kollektiv	-
Betre korrespondanse mellom buss, ferge og båt (Følges opp med verbalpunkt)	1 000 000
Kvandal-Utne, ekstrarute grunna rastiltak	3 000 000
SUM	4 000 000

KULTUR OG IDRETT	
Rosendal kammermusikkfestival	300 000
Det akademiske kvarter	200 000
KODE	500 000
Fyllingsdalen teater	200 000
Bymuseet	500 000
Moster amfi	100 000
Friluftsliv (følges opp med verbalpunkt)	150 000
Kup-midlar	100 000
Tilskot barne- og ungdomsorg	200 000
Tilskot til historielag	100 000
Vestnorsk kulturakademi	100 000
Statsraad Lemkuhl	1 300 000
SUM	3 750 000

Innovasjon og næringsutvikling	
Plastoppyrning, søkbar pott	1 000 000
Helsesenter for papirlause	300 000
Breistein Valestrand Prosjektstøtte elektrifisering	850 000
Robin Hood-huset	200 000
Vilvite	500 000
Energi Vestland	350 000
SUM	3 200 000

Infrastruktur og veg	
Trygg skuleveg og punktutbetring søkbar pott (kvamsbrekko, Langhøyane, Matre bru (Kvinnherad) og hjertesone)	42 000 000
Auke dekkelegging	45 000 000
SUM	87 000 000

Politisk styring, kontrollutval og organisasjon og økonomi	
Døvesenter	300 000
Rafto	75 000
Minnemarkering etter tankens dag	50 000
Kirkens SOS engangssum. Jubileumsgave 2019	40 000
FFO	70 000
SUM	535 000
	108 185 000

Vedlegg 4. Konkretisering av tiltak

OPPLÆRING					
Tiltak	Omtale	Auke	Innsparing	Konsekvensvurdering	Løyvingsnivå
<p>Prosjektlear har arbeidd ut frå følgjande grunnprinsipp: Elevar og læringar skal møte ei opplæring med høg kvalitet. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by og senterområder gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod. Grunnlaget for prioriteringane i budsjett- og økonomiplan er lovpålagde oppgåver (kjerneverksemda) og den nasjonale målsettinga om auka gjennomføring av vidaregåande opplæring. Budsjettframlegget for sektoren for 2020 er i hovudsak saldert ved hjelp av generelle nedtrekk i den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane. Det er prosjektlear si vurdering at ein må arbeide med harmonisering av tilbodsstruktur og satsingar i sektoren.</p>					
Digitale læremiddel NDLA (auke)	<p>Digitale læremiddel NDLA (auke) Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar deltek i det interfylkeskommunale samarbeidet Nasjonal Digital Læringsarena, NDLA. Samla sett betaler Vestland fylkeskommune årleg om lag 10,5 mill. kr for å ta del i samarbeidet. I samband med fagfornyinga har representantskapet i NDLA gjort vedtak som inneber auke i høve løyvingsnivået i 2019 på 6,2 mill. kr i 2020, 5,0 mill. kr i 2021 og 2,4 mill. kr i 2022, i høve 2019</p> <p>Prosjektlear rår å føje opp framlegget frå representantskapet i NDLA.</p>	6,2		Oppdaterte gratis digitale læremiddel av god kvalitet.	Vgs
Gjestelevar (auke)	Budsjettframlegget er basert på prognose 2019 og venta tal på gjestelevar i 2020	7,5			Vgs
Lærlingtilskott (auke)	Prognosen for 2019 syner eit meirforbruk på tilskott til lærebedrifter på om lag 16 mill. kr. Det er behov for å styrke budsjettet for 2020 tilsvarende.	16,0			Fagopplæring
Utstyrsmidlar til dei vidaregåande skulane i driftsbudsjettet	Ta bort avsett løyving i driftsbudsjettet på 5,2 mill. kr i 2020. Kortsiktig tiltak som gjeld for 2020.		-6,2	Midlar til undervisningsutstyr, bilar og driftsmateriell. Redusert løyving til utstyr vil føre til at behovet for innkjøp av nytt utstyr vert akkumulert. Tiltaket vert difor lagt inn som eit eittårig tiltak.	Vgs
Elev-pc ordning i Vestland	Elevane får kjøpe subsidiert pc gjennom fylkeskommunen. Eigenbetalinga vert sett til tre gonger lågaste utstyrstipendsats frå lånekassen (kr 1051,- i 2019). Ved å innføre eigenbetaling til alle som kjøper grunnmodellen tilsvarende lågaste utstyrstipendsats, og lågare fylkeskommunalt tilskott for kraftig modell vil det vere rom for ei varig netto innsparing på om lag 7,8 mill. kr årleg.		-7,8	Det vert etablert felles elevpc-ordning i Vestland. Det er prosjektlear sin vurdering at etablering av ei felles elevpc-ordning i Vestland er i samsvar med grunnprinsippa og at ordninga ikkje vil gå ut over kvaliteten på tilbodet til elevane.	Vgs
Restmidlar utgifter til lokale vgs	Den økonomiske ramma for utgifter til lokale vert frå 2020 overflytta til eigedom, restmidlar knytt til ufordelt løyving 2,0 mill. kr, vert nytta til saldering av innsparingskrav i sektoren.		-2,0	Redusert handlingsrom i sektor, men vil redusere behovet for tiltak på andre område.	Vgs

OPPLÆRING					
Tiltak	Omtale	Auke	Innsparing	Konsekvensvurdering	Løyvingsnivå
%-vis nedtrekk i øk ramme skulane i SFFK, same nivå som HFK	For å saldere budsjettet for 2019 vart den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane i HFK redusert med 3,2%. Budsjett og økonomiplan 2020-2023 føreset i utgangspunktet vidareføring av tilsvarande nedtrekk for 2020. Budsjettmodellane for HFK og SFJ er vidareført for skuleåret 2019-2020. Som ein del av harmoniseringa av budsjett-tildelinga til skulane i Vestland vert budsjetta for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane for 2020 redusert med om lag 5,6 mill. kr (heilårseffekt). Frå skuleåret 2020-2021 skal skulane i Vestland ha felles budsjettmodell. Det må frå 2021 gjerast ny vurdering når det gjeld tilpassing av dei økonomiske rammene for dei vidaregåande skulane i Vestland til ramma for sektoren.		-5,6	Skulane får ressursar til den vidaregåande opplæringa. Tiltaket inneber at skulane må kunne gjere sjølvstendige vurderingar av tiltak for å møte innsparingskravet. Det er likevel ein føresetnad at dette ikkje går utover dei lovpålagde oppgåvene.	Vgs
%-vis nedtrekk i øk ramme for tilpassa opplæring i Sogn og Fjordane	Som ein vidare følge av nedtrekket omtalt over vert budsjettet for tilpassa opplæring til skulane i Sogn og Fjordane redusert tilsvarande 3,5% frå hausten 2020. Dette utgjer 0,75 mill. kr i 2020. Det må frå 2021 gjerast ny vurdering når det gjeld tilpassing av den økonomiske ramma for tilpassa opplæring ved dei vidaregåande skulane i Vestland til ramma for sektoren.		-0,8	Reduserte ramar for tilpassa opplæring gir størst konsekvensar for målgruppa utan enkeltvedtak om spesialundervisning, men med behov for tilrettelegging slik at elevar kan gjennomføre vidaregåande opplæring.	vgs
Skulefrukost	Ta bort løyvinga på 8,5 mill. kr som skulane kan søke på for å få tilskot til råvarene som trengst til frukosttilbod. HFK har tilbod i 2019 og gir tilskot til skulane. Varig innsparingstiltak.		-8,5	Etter prosjektleiar sin vurdering er skulefrukost ikkje ein del av kjerneverksemda for fylkeskommunen.	Vgs
Meningokokkvaksine	Ta bort løyvinga på 4,2 mill. kr til vaksine for elevar i Hordaland. Varig innsparingstiltak.		-4,2	Etter prosjektleiar sin vurdering er vaksine ikkje ein del av kjerneverksemda for fylkeskommunen.	Vgs
Tilbod til toppidrettsutøvarar (Olympiatoppen Vest)	Redusere løyvinga til tilskot toppidrett med 1 mill. kr i 2020. Årleg har 850 elevar i Hordaland tilbod om toppidrett. Om lag 150 av desse kjem inn under tilbodet som er i regi av Olympiatoppen-Vest. Det er årleg sett av om lag 8,0 mill. kr til tilbod i toppidrett i regi av Olympiatoppen Vest. Prosjektleiar sin vurdering er at dette er svært høg ressursbruk på få elevar, og ein vil difor sette i gang eit arbeid med å greie ut alternativ organisering av toppidrettstilbodet.		-1,0	Tiltaket er for dei som skal kombinere toppidrettssatsing og skulegang. Alternativ for desse elevane: private skular, avbryte skulegang, bruke lenger tid på vgs.	Vgs

OPPLÆRING					
Tiltak	Omtale	Auke	Innsparing	Konsekvensvurdering	Løyvingsnivå
Skulepsykologar	Ta bort løyvinga på 5,0 mill. kr til psykologteam som skal bistå dei fylkeskommunale skulane i Hordaland i arbeidet med å betre det psykososiale læringsmiljøet for elevane. Erfaring syner at det er vanskeleg å rekruttere psykologar både til psykologteamet og til PPT. For å legge tilrette for gode og stabile rettleiingstenester i heile Vestland og samstundes sikre forsvarleg ressursbruk, er det prosjektleiar sin vurdering at arbeidet knytt til psykologteamet kan overførast til rettleiingstenesta.		-5,0	Skulane og rettleiingstenestene vil ivareta arbeidet for å fremje det psykososiale læringsmiljøet.	Vgs
Nedtrekk særskilte tiltak for auka gjennomføring	Det er samla sett av 32,7 mill. kr til særskilte tiltak for auka gjennomføring. Dette omfattar produksjonsskule, tiltaksmidlar til oppfølgingstenesta og stimuleringsmidlar fag- og yrkesopplæringa. Ny organisering av rettleiingstenestene tettare på elev og lærling vil gje betre grunnlag for å sjå bruken av tiltaksmidlar i samanheng. For å saldere budsjettet rår prosjektleiar difor til at den samla løyvinga som ei varig ordning vert redusert med 2 mill. kr.		-2,0	Redusert handlingsrom, men ny organisering av rettleiingstenestene tettare på elev og lærling vil gje betre grunnlag for å sjå bruken av midlar til særskilde tiltak for auka gjennomføring i samanheng.	Vgs
%-vis nedtrekk i øk ramme skulane i VLFK	For å saldere budsjettet for 2020 vert budsjettramma for dei vidaregåande skulane i Vestland redusert med 21,1 mill. kr. Nedtrekket vert fordelt etter elevtal.		-20,3	Tiltaket fører til ytterlegare press på dei økonomiske rammene for dei vidaregåande skulane i Vestland, noko som kan redusere kvaliteten på opplæringa. Som nemnt i vurderinga over, vil også dette tiltaket innebere at skulane må kunne gjere sjølvstendige vurderingar av tiltak for å møte innsparingskravet. Det er likevel ein føresetnad at dette ikkje går utover dei lovpålagde oppgåvene.	Vgs

OPPLÆRING					
Tiltak	Omtale	Auke	Innsparing	Konsekvensvurdering	Løyningsnivå
Fagskuleutdanning-restmidlar og nedtrekk på ramma	<p>Det er lagt til grunn i budsjettframlegget at fagskulane må ta sin del av budsjettreduksjonen for å møte innsparingskravet i sektoren. Det samla fylkeskommunale tilskotet til fagskulane er redusert med 1,0 mill. kr frå 2020. I samband med samanslåing til Vestland vil prosjektleiar fremje sak til fylkestinget om organisering av fagskuleutdanninga. I 2019 var fagskulane budsjettert med eit fylkeskommunalt tilskot på 19,2 mill. kr.</p> <p>I tillegg er det i budsjettframlegget redusert med ufordelt sum på 0,469 mill. kr knytt til tidlegare ordning for finansiering av fagskuleutdanning i helse og sosialfag i økonomiplanen for Sogn og Fjordane fylkeskommune.</p> <p>Samla årleg innsparing 1,5 mill. kr.</p>		-1,5	Redusert økonomisk ramme.	Fagskule
		29,7	-65,7		
	Sum tiltak		-36,0		

MOBILITET OG KOLLEKTIV				
Innsparingstiltak	Omtale	Effekt	Konsekvensvurdering	Løyingsnivå
Takstkompensasjon ferje	Takstkompensasjon ferje - endra kontraktsform i Hordaland.	-4,6	Takstkompensasjon til ferjeoperatørane i Hordaland fell vekk i 2020 med overgang til bruttokontrakter der fylkeskommunen har inntektsansvar. (I Sogn og Fjordane har ein nettokontrakter for ferje)	Ferjer
Innleie vektere på natt avganger Bybanen	Ansvar for vektarteneste på nattavgangar på Bybanen er overført operatør.	-5,5	I ny kontrakt for drift av Bybanen er det operatør som har ansvaret og dermed må bere kostnaden.	Bane
Avslutte ordninga med arbeidsreiser for TT-brukarar	I dag har fylkeskommunen ei ordning med at godkjente TT-brukarar får innvilga transport til og frå arbeid når ein er tilsett i ein VTA arbeidsplass (varig tilrettelagt arbeid). Transporten vert utført med drosje og omfattar i 2019 om 180 brukarar.	-8,0	Bortsett frå Oslo (kommune) er Hordaland det einaste fylke som har denne ordninga. Transporten har ein årleg kostnad på 11 mill. kr. Dette er ei ordning som fylkeskommunen ikkje er pålagt å ha, og tilbodet vert foreslått teke ut med verknad frå 1. april 2020.	TT, Serviceskyss, innfartsparkering, Teknisk Skyss
Diverse kostnader buss	Kostnader til drift av fylkeskommunale biogasshybridbussar. Kostnader til mellombelse trafikale omlaggingar i Olav Kyrresgate og Carl Konowsgate i Bergen.	-18,2	Bussane er utleigd og ein sparer driftskostnader. Kostnader til mellombelse trafikkomleggingar er lågare enn estimert for 2019, og vil ha lågare kostnad i 2020.	Buss
Turistrute Hardanger	Båtrute med rutetilbod i turistseongen i Hardangerregionen	-3,5	Ny nettokontrakt startar opp i 2020 med lågare kontraktskostnader.	Båt
Servicelinje Bergen	Innsparing som følgje av tidlegare vedtak om at tilbodet skal leggjast ned frå juni 2020.	-1,2	Kunden må nytte andre busslinjer i Bergen.	Buss
		-41,0		

INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING				
Innsparingstiltak	Omtale	Effekt	Konsekvensvurdering	Løyingsnivå
Stillingsreduksjonar	Stillingsreduksjon	-1,0	Ikkje konsekvens på produksjon	Verdiskaping byar/ regionar

ORGANISASJON OG ØKONOMI				
Innsparingstiltak	Omtale	Effekt	Kommentar	Løyingsnivå
Gevinstrealisering og stillingsreduksjon som følge av nytt økonomisystem	Reduksjon to stillingar i samband med naturleg avgang ved rekneskapseininga – gjeld heile økonomiplanperioden	-1,0	Naturleg avgang halv effekt i 2020. 2 mill. kr i 2021	Administrasjon av organisasjon og økonomi
Redusert tenestekjøp	Redusert konsulentbruk innan innkjøp og redusert kjøp av advokattenester inna HR	-1,0	Betre utnytting av dei interne innkjøps- og juridiske ressursane	Administrasjon av organisasjon og økonomi
Redusert tenestekjøp	Redusert tenestekjøp – bortfall meirkostnader knytt til samanslåing til ny region og innleige knytt til sjukefråvær og vakante stillingar	-1,0	Mindre konsekvens	Eigedom - drift og vedlikehald
Redusert vedlikehald / tilbakeføringskostnader på utleiebygg	Redusert vedlikehald på leige/ utleiebygg samt driftskostnad knytt til utleiebygg / fristilte bygg.	-1,5	Mindre konsekvens	Eigedom - drift og vedlikehald
Vikarbruk reinhald blir redusert	Redusert vikarbruk reinhald	-1,0	Prosess for å få ned sjukefråvær innan reinhaldstene	Eigedom - drift og vedlikehald
Redusert tal stillingar i bygningsdrift og reinhald	Redusere tal stillingar i bygningsdrift og reinhald –	-1,5	Vurdere vakante stillingar og naturleg avgang mot kjøpte tenester og bruk av teknisk fagstab	Eigedom - drift og vedlikehald
		-7,0		

INFRASTRUKTUR OG VEG				
Innsparingstiltak	Omtale	Effekt	Konsekvensvurdering	Løyingsnivå
Vedlikehaldstiltak - Dekkelegging	Redusert dekkelegging	-6,0	Konsekvensar er redusert nivå på dekkelegging	Veg - drifts og vedlikehald
		-6,0		

STRATEGI OG DIGITALISERING				
Innsparingstiltak	Omtale	Effekt	Konsekvensvurdering	Løvingsnivå
Reduksjon konsulentbruk IKT	Redusert konsulentbruk knytt til teknisk infrastruktur med 0,5 mill. kr i 2020 og vidare i økonomiplanperioden.	-0,5	Kan påverke drifts-stabiliteten.	IKT og digitalisering
Lisensar	Reduksjon av lisenskostnader med 0,5 mill. kr.	-0,5	Kan påverke stabilitet i og nivået på tilgjenge for It-løysingane.	IKT og digitalisering
		1,0		

KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING				
Innsparingstiltak	Omtale	Effekt	Konsekvensvurdering	Løvingsnivå
Stillingsreduksjoner	Stillingsreduksjonar ulik stillingsstorleik. Varig innsparing.	-2,9	Liten konsekvens	Administrasjon av kultur og idrett
		-2,9		

www.vlfk.no

Saksprotokoll i finansutvalet - 24.10.2019

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF og SV fram slikt forslag:

«Tillegg:

Prosessvedtak 2,3 og 4:

Før tekst:

Finansutvalet legg til grunn for vidare arbeid at (...)

Endring:

Prosessvedtak 5:

Endring første setning:

Finansutvalet tek framlegget til fordeling på sektorrammer i tabellen under til vitande og legg dei førebels til grunn for vidare arbeid.

Alternativ:

Prosessvedtak 8:

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til omprioriteringer og innsparingstiltak på sektornivå til vitande, og legg det førebels til grunn for budsjett 2020, jf. vedlegg 4.

Endring:

Prosessvedtak 9:

Endre orda «sluttar seg til» til «tek til vitande».

Alternativ:

Prosessvedtak 11-17:

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Endring:

Prosessvedtak 18:

Endrast til:

Finansutvalet sluttar seg til prinsippa i prosjektleiar sitt framlegg til saldering av budsjett 2020.

Alternativ:

Prosessvedtak 19:

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande. Prosjektleiar får i oppdrag å foreslå køyrereglar, grunnprinsipp og tiltak for arbeidet med økøkonomiplan i perioden 2021-2024 i tråd med følgjande:

Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal være eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra.

I dette arbeidet skal det utarbeidast ein eigen strategi for sentrumsområda og ein eigen strategi for distrikta som skal viser korleis ungdom i heile fylket kan få eit mest mulig likeverdig tilbod.

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Finansutvalet tek fylkesrådmannen sine framlegg til prosessvedtak 1-19 til vitande. Ny handsaming i ekstra finansutval-møte 2. halvdel november.»

Aleksander Øren Heen (Sp) trekte slik del av sitt forslag (markert med utheva skrift):

«Alternativ:

Prosessvedtak 19:

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande. Prosjektleiar får i oppdrag å foreslå køyrereglar, grunnprinsipp og tiltak for arbeidet med økøkonomiplan i perioden 2021-2024 i tråd med følgjande:

Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal være eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra.

I dette arbeidet skal det utarbeidast ein eigen strategi for sentrumsområda og ein eigen strategi for distrikta som skal viser korleis ungdom i heile fylket kan få eit mest mulig likeverdig tilbod.

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet.»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF og SV fram slikt forslag:

«Tillegg

Finansutvalet ber prosjektleiar utarbeide ei alternativ kuttliste med ei ramme på 25 millionar.»

Noralv Distad (H) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF, H og SV fram slikt forslag:

«Tillegg til Heen sitt forslag

Prosessvedtak 19, 3. avsnitt:

I dette arbeidet skal det utarbeidast ein strategi som viser korleis ungdom både i sentrumsområda og i distrikta kan få eit mest mulig likeverdig tilbod.»

Andersen (FNB) trekk forslaget.

Avrøysting

Prosessvedtaka med Heen sitt forslag 1 og Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Heen sitt forslag 2 vart samrøystes vedteke.

Prosjektleiar si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Finansutvalet viser til framlagt arbeidsdokument 6/19 med vedlegg og gjer følgjande prosessvedtak:

Finansutvalet godkjenner prosessvedtak nr. 1-21 i arbeidsdokument 6/19, med endringar gjort i møtet.

Prosessvedtak 1

Prosjektleiaren si tilråding om styrking av sektorbudsjetta knytt til verknadane av statsbudsjettet og nye oppgåver/ innlemming av øyremerka tilskot vert innarbeidd i budsjett 2020.

Prosjektleiaren si tilråding om overføring av driftsmidlar til investering vert innarbeidd i budsjett 2020.

Prosjektleiar si tilråding knytt til KMD midlane vert innarbeidd i budsjett 2020.

Prosessvedtak 2

Finansutvalet legg til grunn for vidare arbeid at investerings- og finansieringsprogram for bygg vert innarbeidd i budsjett 2020. Investeringsprogrammet for bygg vert detaljert og innarbeidd i budsjett 2021/ økonomiplan 2021–2024.

Prosessvedtak 3

Finansutvalet legg til grunn for vidare arbeid at investerings- og finansieringsprogram for fylkesvegar vert innarbeidd i budsjett 2020. Investeringsprogrammet for fylkesvegar inkl. rassikring vert detaljert og innarbeidd i budsjett 2021/ økonomiplan 2021–2024.

Prosessvedtak 4

Finansutvalet legg til grunn for vidare arbeid at investerings- og finansieringsprogram for kollektiv vert innarbeidd i budsjett 2020. Investeringsprogrammet for kollektiv vert detaljert og innarbeidd i budsjett 2021/økonomiplan 2021–2024.

Prosessvedtak 5

Finansutvalet tek framlegget til fordeling på sektorrammer i tabellen under til vitande og legg dei førebels til grunn for vidare arbeid. Tal i 1000 kr.

Felles	-8 684 834
Pol. styring, kont.utv og org. og øk.	754 688
Strategi og digitalisering	169 834
Tannhelse	268 229
Kultur, idrett og inkludering	292 060
Infrastruktur og veg	980 792
Mobilitet og kollektiv	2 540 125
Innovasjon og næringsutvikling	225 889
Opplæring og kompetanse	3 453 217

Prosessvedtak 6

Nye føresetnader for kapitalinntekter og utgifter vert lagt til grunn for budsjett 2020. Netto renteutgifter vert auka med 14,5 mill. kr.

Prosessvedtak 7

Finansutvalet legg til grunn at premieavviket i Vestland fylkeskommune vert amortisert over 7 år.

Prosessvedtak 8

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til omprioriteringer og innsparingstiltak på sektornivå til vitande, og legg det førebels til grunn for budsjett 2020, jf. vedlegg 4.

Finansutvalet ber prosjektleiar utarbeide ei alternativ kuttliste med ei ramme på 25 millionar.

Prosessvedtak 9

Finansutvalet tek til vitande til budsjettfordelinga på løyvingsnivå, og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 10

Finansutvalet tek framlegg til budsjett for 2020 på løyvingsnivå Kontroll og revisjon til vitande.

Prosessvedtak 11

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 12

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 13

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 14

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 15

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 16

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 17

Finansutvalet tek budsjettfordelinga på løyvingsnivå til vitande og ber prosjektleiar legge denne til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Prosessvedtak 18

Finansutvalet sluttar seg til prinsippa i prosjektleiar sitt framlegg til saldering av budsjett 2020.

Prosessvedtak 19

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande. Prosjektleiar får i oppdrag å foreslå køyrereglar, grunnprinsipp og tiltak for arbeidet med økøkonomiplan i perioden 2021-2024 i tråd med følgjande:

Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal være eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra.

I dette arbeidet skal det utarbeidast ein strategi som viser korleis ungdom både i sentrumsområda og i distrikta kan få eit mest mulig likeverdig tilbod.

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet.

Prosessvedtak 20

Finansutvalet tek prosjektleiar sitt framlegg til vitande.

Prosjektleiar får i oppdrag å arbeide vidare med program for administrativ effektivisering i samband med utarbeiding av økonomiplan for perioden 2021–2024.

Prosessvedtak 21

Vestland fylkeskommune skal nytta følgjande måltal i si økonomiforvaltning;

- Netto driftsresultat i % av driftsinntektene
- Netto lånegjeld i % av driftsinntektene
- Rente- og avdragsbelastning i % av driftsinntektene
- Disposisjonsfond i % av driftsinntektene

Fylkestinget vedtek fastsetjing av nivå for dei einskilde måltala ved handsaminga av økonomiplan 2021 – 2024, juni 2020.

Notat

Dato: 22.10.2019

Saksnr: 2019/33-1

Saksbehandlar: IRuth Ørnholt, Siri Ingvaldsen

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Prosjektleder Vestland fylkeskommune

Rom for demokrati og danning. Nasjonal bibliotekstrategi 2020 - 2030

Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet har gått saman om ei felles satsing for å styrke norske bibliotek. I strategien *Rom for demokrati og danning. Nasjonal bibliotekstrategi 2020 - 2023* vert det lagt vekt på biblioteka si viktige rolle som arena for kunnskap, danning og kritisk tenking.

Strategien vart 2. september 2019 lagt fram av kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande, forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø og kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner.

I *Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* (kulturmeldinga) vert det peikt på at biblioteka er ein del av den berande infrastrukturen i samfunnet vårt, som skal bidra til å oppnå fleire av dei kulturpolitiske måla i meldinga. Ei satsing på biblioteka er særleg relevant for å legge til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv som:

- fremmer danning og kritisk refleksjon,
- tek vare på og formidlar kulturarv,
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den einskilde til å oppleve og delta i kulturaktivitetar,
- tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap,
- fornyar seg og viser evne til omstilling,
- styrker norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggande kulturberarar.

Nasjonal bibliotekstrategi 2015–2018 etablerte folkebiblioteka som uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg debatt. I strategiperioden løyvde regjeringa meir enn 80 millionar kroner i arenautviklingsmidlar for å auke tal på arrangement og aktivitetar i biblioteka. Nasjonalbiblioteket har hatt ansvaret for fordeling av midlane. Både kommunar og fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane har fått løyvingar til prosjekt og ulike tiltak, som t.d. til modellbiblioteka i Hordaland og til formidling frå biblioteka på dagsturhyttene i Sogn og Fjordane.

I dei fire åra som har gått sidan førre bibliotekstrategi, har aktiviteten i norske folkebibliotek auka monaleg. Ei nasjonal undersøking frå 2018 viste at 54 prosent av befolkninga hadde besøkt eit bibliotek det siste året. Ein tredjedel av befolkninga svarte at dei har deltatt på et arrangement i regi av biblioteket. Dei kommunale folkebiblioteka i Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt ei tilsvarande utvikling.

Strategien bygger på Kulturmeldinga og *Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018*, og legg til grunn FN's berekraftsmål. Regjeringa ønskjer å bidra til å utvikle biblioteka som synlege institusjonar i kommunar, skular og læringsinstitusjonar. Strategien slår fast at bibliotek og skule har eit felles samfunnsoppdrag, og at folkebibliotek, skulebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek må sjåast i samanheng. Det er eit mål at biblioteka skal nå nye brukarar med litteratur og lesing, legge til rette for kunnskapsformidling og at biblioteka sine digitale samlingar skal aukast. Regjeringa vil gjennom strategiske grep bidra til at biblioteka og bibliotekarane skal nå fram til fleire, også dei som ikkje sjølve oppsøker biblioteklokale. Strategien legg difor stor vekt på utoverretta og oppsøkande verksemd.

Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 slår fast kva som skal vere statleg ansvar og oppgåver overfor biblioteka, og korleis staten gjennom Nasjonalbiblioteket, Utdanningsdirektoratet, utdanningsinstitusjonane og Unit (Direktoratet for IKT og fellestenester i høgere utdanning og forskning) best kan leggje til rette for og bidra til innovasjon, kompetanseheving og utvikling i heile biblioteksektoren. Dette skal skje både ved utvikling og drift av fellestenester og ved tildeling av prosjekt- og utviklingsmidlar.

I strategien er målet å vidareutvikle biblioteka som relevante og viktige kunnskapsinstitusjonar som skal bidra til folkeopplysning og danning for befolkninga. Det blir lagt fram konkrete tiltak langs tre hovudlinjer som skal bidra til å oppnå målet:

1. Formidling
2. Samarbeid og utvikling
3. Infrastruktur

Hovudgrepet i strategien er knytt til formidling, og Nasjonalbiblioteket vil i strategiperioden lyse ut midlar til formidlingstiltak som det skal vere låg terskel for å få, slik at mange kan vere med på dette. Dei to andre tiltaksområda skal byggje opp om formidlinga. Med utgangspunkt i dei gjeldande kulturplanane for Hordaland og Sogn og Fjordane er det er aktuelt å søkje om tilskot innanfor desse innsatsområda når midlane blir lyste ut i 2020.

Nasjonalbiblioteket sitt arbeid med digital infrastruktur og fellestenester skal styrkast for å frigjere ressursar i biblioteka, slik at desse kan brukast til publikumsretta arbeid. Nasjonalbiblioteket skal arbeide for å auke tilgangen til digitalt innhald i folkebiblioteka. Det skal i samarbeid med fylkeskommunane arrangerast seminar og konferansar som gir kunnskap om og opplæring i bruk av nasjonale bibliotektenester.

Rom for dannelse og demokrati. Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 er solid fundamentert i kulturmeldinga og førre strategi og er levert av to departement. Strategien ser heile biblioteksektoren under eitt og er såleis eit godt utgangspunkt for arbeid med bibliotekutvikling i Vestland fylke.

Heile strategien kan lesast på regjeringen.no:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/18da5840678046c1ba74fe565f72be3d/nasjonal-biblioteksstrategi-endig-uu.pdf>

Notat

Dato: 22.10.2019

Saksnr: 2019/35-1

Saksbehandlar: Hanne Espe

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Prosjektleiar Vestland fylkeskommune

Intensjonsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Lokale- og anlægsfonden

Det er inngått ein intensjonsavtale for perioden 20. september 2019 til 31. april 2020. Det skal utarbeidast ein prosjektplan som skal vere eit grunnlag for endeleg samarbeidsavtale for perioden 2020-2022.

Vestland fylkeskommune ønskjer å legge til rette for fleire nyskapande og innovative aktivitetsanlegg, og har forankra dette i *Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 – 2024*.

Intensjonsavtalen ligg ved

INTENSJONSAVTALE LOKALE- OG ANLÆGSFONDEN OG VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Nyskapande aktivitetsarenaer

1. Innleiing

Dette er ein intensjonsavtale for samarbeid mellom Lokale- og anlægsfonden (LOA) og Vestland fylkeskommune (VLFK) for perioden 20. september 2019 til 31. april 2020. I perioden skal det bli utarbeidd ein projektplan som skal vere eit grunnlag for ein endeleg samarbeidsavtale for perioden 2020 – 2022.

LOA ein sjøveigande institusjon, kompetanseformidlar og utviklingsfond i Kulturministeriet i Danmark sin regi. LOA vart etablert i 1994. Dei utviklar og rådgir byggeprosjekt og fysiske anlegg innan idretts-, friluftsliv- og kulturlivet. Dei er «*sat i verden for skabe fremtidens mødesteder, der er tilgængelige, giver mening og sætter spor*».

Vestland fylkeskommune (VLFK) ønskjer at det vert lagt til rette for fleire nyskapande og innovative aktivitetsanlegg. Dette er forankra i *Anleggspolitik og kriterier for tildeling av spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024 (tiltak 16)*.

Utgangspunktet skal vere lokalmiljøet sine behov innan idrett, kultur og fritid, - basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og bærekraftige løysingar. I prosessen må det vere eit breitt lokalt engasjement frå ulike brukargrupper (frå frivillig og offentleg sektor). På denne måten kan det skapast attraktive møteplassar i lokalsamfunnet som er nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar, med ein arkitektur av høg standard. Kontakt mellom ulike aktivitetar kan gi eit mangfold av val av aktivitetsform. Såleis vil ein kunne utbetre eksisterande tilbod, dekke uoppfylte behov og skape adferdsending i befolkninga.

2. Mål og innsatsområder

VLFK vil saman med LOA og andre aktørar tilrettelegge for tiltak som kan stimulere til utvikling og bygging av nyskapande aktivitetsarenaer i kommunane. Verdier, kunnskap (FoU) og form er tre grunnpilarar i arbeidet. Utvalde prosjekt innafor innsatsområda vil få støtte til å gjennomføre gode medverknadsprosessar og til anleggsbygginga. Prosessen skal vere verdiskapande i seg sjølv og prosjekta skal fungere som endringsagentar både når det gjeld bygging og bruk av areala.

Målet er å få fram anlegg av utviklande karakter med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for idrett, kultur og fritid lokalt, regionalt og nasjonalt. Vellukka prosjekt skal inkluderast i www.godeidrettsanlegg.no.

Det er to aktuelle innsatsområder:

- a. Innovative anlegg på tvers av sektorar
- b. Attraktive, heilskaplege skuleområde

3. Varigheit

Intensjonsavtalen gjeld frå 20. september 2019 til 31. april 2020.

I løpet av denne perioden skal prosjektet forankrast hjå Kulturdepartementet og andre relevante samarbeidsaktørar i kultur- og idrettslivet, FoU miljø og private aktørar.

Som ein del av dette skal mål, innsatsområda og tiltak skildra i prosjektplanen tydeleggjerast. I tillegg skal det vere gjennomført ei utlysning og vere avgjort deltaking frå utvalde prosjekt.

Innan 31. april 2020 skal det ev. vere avklart om VLFK og LOA skal inngå ein samarbeidsavtale som gjeld fram til 31. desember 2022.

4. Organisering

VLFK er prosjekteigar, og ein prosjektleiar har ansvar for å koordinere dei ulike delprosjekta. Anleggsrådgjevar med ansvar for dei einskilde kommunane føl prosessane tett for kompetansebygging/overføring. Tilsette i LOA bidreg med spisskompetanse ut frå behova i dei ulike prosjekta.

Det vert etablert ei styringsgruppe med representantar frå VLFK, Kulturdepartementet, NIF/idrettskretsen, kulturaktørar, LOA og ev. private aktørar som er med å finansiere prosjektet. Styringsgruppa møtes to til fire gonger i året. VLFK fungerer som sekretær for styringsgruppa. Styringsgruppa godkjenner utlysningar og har det overordna ansvar for økonomi og resultat. VLFK tek i mot søknadar og tek fyrste behandling av søknadene.

Representantar frå ulike fagmiljø vert invitert til å delta i ei ressursgruppe som kan bidra i dei ulike prosjekta, t.d. Tverga, NTNU/SIAT og Idrettscampus Bergen. Dette gjeld m.a. behandling av søknadar, rettleiing og FoU.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe for kvart delprosjekt. Arbeidsgruppa skal vere breitt samansett av lokale aktørar, i tillegg til representant frå VLFK og LOA. Ressursgruppe vert kopla på ved behov. Kvart prosjekt skal ha lokal tydning og ha nasjonal relevans, og vere berekraftig både sosialt, miljømessig og økonomisk.

5. Økonomi

Samarbeidet vert finansiert gjennom midlar frå fylkeskommunen, Kulturdepartementet og private aktørar. LOA fakturerer VLFK for dei faktiske kostnadane ved å bruke deira kompetanse i perioden for intensjonsavtalen. I den endelege samarbeidsavtalen vert det avtalt ei fast ramme, slik at LOA kan budsjettere med ein kompensasjon for den tid LOA avset til samarbeidet.

Tilskot til anlegg kan få støtte gjennom spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, Kulturdepartementet si tilskotsordning for nyskapande aktivitetsarenaer (gjeldande ut 2021), spelemidlar til kulturbygg, private tilskotsordningar og investeringstilskot frå prosjektet nyskapande aktivitetsarena.

6. Oppseiing

Ved vesentleg misleghald kan begge partar skriftleg seie opp avtalen med umiddelbar verknad. Før avtalen vert heva, skal det verte gjennomført drøftingsmøte.

BERGEN 20.09.19
Stad/dato
Per Morten Ekerhovd
Per Morten Ekerhovd
Vestland fylkeskommune

København 24.09.2019
Stad/dato
Esben Danielsen
Esben Danielsen
Lokale- og anlægssfonden

Notat

Dato: 23.10.2019

Saksnr: 2019/36-1

Saksbehandlar: Hanne Espe

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Prosjektleder Vestland fylkeskommune

Innspel til anleggsstrategi for Alver 2020 - 2024 Samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy

Viser til motteke brev av 11.09.2019, med invitasjon til å kome med innspel til anleggsstrategi for Alver 2020-2024, samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy. Frist for innspel var sett til 25. september. Grunna kort frist vil følgjande innspel ikkje rekke politisk handsaming, men vil settast opp som meldingssak til nytt politisk hovudutval for kultur, idrett og integrering 12. november.

Anleggsstrategien er utarbeidd som del av bygginga av nye Alver kommune. Strategien dannar grunnlag for prioriteringar av søknadar om spelemidler i åra 2020-2024, kontinuitet i utbygginga av idretts-, friluft- og nærmiljøanlegg, og samordnar tematiske føringar og tiltak i påvente av kommunal plan for idrett i Alver kommune.

Arbeidet har vore organisert som eit fagprosjekt med administrativ styring, som ei samordning av idrettsplanane i dei tre kommunane som skal verte ein.

Prosjektgruppa har vore tverrfagleg og inkludert tett samarbeid med idretten via Fellesnemnda for Alver idrettsråd og ei større referansegruppe

MELAND KOMMUNE
Havnevegen 41A
5918 FREKHAUG

Dato: 23.09.2019
Vår ref.: 2019/17038-2
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Innspel til anleggsstrategi for Alver kommune 2020-2024

Viser til motteke brev av 11.09.2019, med invitasjon til å kome med innspel til anleggsstrategi for Alver 2020-2024, samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy. Frist for innspel var sett til 25. september. Grunna kort frist vil følgjande innspel ikkje rekke politisk handsaming, men vil settast opp som meldingssak til nytt politisk hovudutval for kultur, idrett og integrering 12. november.

Fylkesrådmannen takkar for ein godt gjennomarbeidd strategi, og ønskjer å rose kommunane for å vere i forkant av samanslåing med å lage ein felles strategi. Dette vil truleg få positive konsekvensar i vidareføringa av anleggsutviklinga i Alver.

Det vert sagt at arbeidet med strategien og prioriteringane skal føre til ein felles plan for idrett i Alver. Fylkesrådmannen oppmodar til at ein felles plan omfattar heile område for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – og gjerne også folkehelse. Det er få søknader på friluftslivsanlegg i prioriteringslistene, og ein felles plan for alle områda kan truleg vere med å skape ei meir heilskapleg utvikling og betre balanse mellom anleggstypar. Det kunne også vore nyttig å hatt eit kartgrunnlag knytt til strategien.

I kapittelet om dagens situasjon vert det peika på utviklingstal i aktivitet blant barn og unge. Vi les også i idrettsindeksen som er utarbeidd at det er ei negativ utvikling i aktivitetsnivå i denne målgruppa, og særleg ser vi at unge jenter er lite aktive i Alver. Kommunen vert oppmoda til å ha fokus på den negative utviklinga for denne gruppa.

Strategien peikar på nasjonale og regionale føringar som er relevante for utviklinga i Alver. Det vert oppmoda til å sjå desse i samband med andre kommunale planar og nytte kunnskapsgrunnlaga som ligg til grunn, som t.d. idrettsindeks og folkehelseoversikt for kommunen.

I oversikta over tidlegare planar for område, vert det lista opp mål og strategiar frå planane til dei tre kommunane. Det kunne vore nyttig med ein kort evaluering av desse planane, som ein del av arbeidet med vidareføringa.

Samordninga av planane listar opp strategiar og mål for Alver kommune. Det er mange gode mål, og fylkesrådmannen er særleg positiv til at Alver har konkrete planar for utvikling av friluftsliv. Sett i samanheng med utfordringsbiletet som er teikna tidlegare i dokumentet, saknast det nokre fokusområder. Kommunen vert oppmoda til å implementere mål for ungdom og særleg jenter, samt å arbeide for gratis bruk av offentlege idrettsanlegg. Dette vil kunne ha innverknad på tala på aktiv ungdom, og på kor mykje kommunen brukar på kvar innbyggjar når det kjem til idrett. Idrettsindeksen viste negative tal på desse målingane for Alver.

Kommunen presenterer eit godt og variert handlingsprogram med tiltak. Fylkesrådmannen ønskjer å skryte av prosessen med denne strategien, og meiner kommunen har lagt til grunn eit godt utgangspunkt for vidare samarbeid og god anleggs- og aktivitetsutvikling. Fylkeskommunen ser fram til å følge utviklinga framover.

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



ANLEGGsstrategi FOR ALVER 2020–2024

Samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy

Anleggsstrategien er utarbeidd som del av bygginga av nye Alver kommune. Arbeidet har vore organisert som eit fagprosjekt med administrativ styring, og er ei samordning av idrettsplanane i dei tre kommunane som skal verte ein. Strategien dannar grunnlag for prioriteringar av søknadar om spelemidlar i åra 2020-2024, kontinuitet i utbygginga av idretts-, friluft- og nærmiljøanlegg, og samordnar tematiske føringar og tiltak i påvente av kommunal plan for idrett i Alver kommune.

Alle foto – Meland, Lindås, Radøy kommunar

ANLEGGsstrategi for Alver 2020–2024

Samordning av idrettsplanane i Lindås, Meland og Radøy

INNHALD

Bakgrunn

Dagens situasjon

Eksterne føringar

Nasjonale forventningar til regional og nasjonal planlegging

Vestland fylkeskommune

Andre statlege og regionale føringar

Målsetjingar og strategiar

Intensjonsavtalen - Alver kommune

Kommuneplanane i Radøy, Lindås og Meland

Samordna strategiar kommuneplanar – Aktiv kvar dag i Alver

Idrettsplanane

Samordna strategiar idrettsplanar – Aktiv kvar dag i Alver

Handlingsprogram og tiltak

Samordna handlingsprogram aktivitetar

Samordna handlingsprogram anlegg

Prinsipp for prioritering i anleggsstrategiperioden

Forhold mellom idretten og Alver kommune

Oppgåver ved drift/vedlikehald/tilsyn ved offentlege idrettsanlegg

Private større ordinære idrettsanlegg – tilskot

Mindre private anlegg

Alver kommune sin bruk av private ordinære idrettsanlegg

Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd

Prosjektoppygging

Nøkkeltal Alver

- ✓ Innb. 2019 – 29 090
- ✓ Areal – 679 km²
- ✓ Friluftsområde – 30
- ✓ Idrettslag – 48
- ✓ Anlegg – 290

Idrettsindeks Alver:

Aktive 2017

- ✓ Alle 7 381 / 28%
- ♀ / ♂ 37 / 63 %
- ♀ / ♂ / akt. 21 / 34 %
- ✓ 6-12 år 2 429 / 85%
- ♀ / ♂ / akt. 79 / 91 %
- ✓ 13-19 år 1 407 / 51%
- ♀ / ♂ / akt. 47 / 55 %
- ✓ Jegerar 931
- ✓ DNT 1 641

Utvikling 2007–2017

- ✓ Alle ÷ 9,7 %
- ✓ 6-12 år ÷ 3,5 %
- ✓ 13-19 år ÷ 19,6 %

Kulturundersøking Alver – 1000 spurte i 3 kommunar

- ✓ 1 av 2 barn/unge deltek i idrettslag
- ✓ 3 av 4 barn/unge vert køyrde til aktiviteten
- ✓ Svømmetilbod skårar høgt
- ✓ 3 av 4 er nøgd med idrettstilbodet, 4 av 5 med friluftslivstilbodet
- ✓ 3 av 4 ønskjer å prioritere tilbod til barn/unge først
- ✓ 1 av 3 ønskjer å prioriterer idretts- og nærmiljøanlegg

BAKGRUNN

Det er eit krav for tildeling av spelemidlar at ein har ein politisk vedteken prioritert handlingsplan for etablering eller rehabilitering av idretts-, friluftss- og nærmiljøanlegg. For å sikre at søkjarar i Alver kommune, inkludert kommuneorganisasjonen, vil kvalifisere for spelemidlar i 2020, er det utarbeidd ei samordna prioritering for anleggsutviklinga. Dette er ein kritisk faktor i bygginga av Alver kommune, og som må vere slutført innan 15. januar 2020.

Idrettsanlegg er oftast kostnadskrevjande og langsiktige utviklingsprosjekt, som krev planlegging for eit visst tidsløp – òg med omsyn til kostnadar ved mellomfinansiering og prisutvikling. Dagens idrettsplanar i Meland, Lindås og Radøy varar høvesvis ut 2019¹, 2024, 2026. Arbeidet fører med seg ei prioritering som gir føringar i perioden 2020–2024, og vert erstatta av ny kommunal plan for idrett i Alver kommune om denne vert vedtatt før 2024.

Anleggstrategien skal bidra til føreseieleg utvikling og vilkår for aktørane og lokalsamfunnet, som oppsummering og samordning av vedteken politikk i dei tre kommunane som skal verte ein. Strategien inneheld ein handlingsdel for bygging av anlegg, med prioritert rekkefølge, tematiske strategiar og rammeverk for samhandling mellom kommunen og idretten.

DAGENS SITUASJON

Radøy har i stor grad god anleggsdekning, med satsing på oppgradering og rehabilitering av anlegg og tilrettelegging av friluftsområde, turstiar og turvegar. Kommunen skårar høgast på anleggs-poeng i idrettsindeksen, òg i høve utnytting av anleggs-kapasitet (anlegg per aktive innbyggjar). 94 % av barn mellom 6-12 er aktive, det høgaste av dei tre kommunane. Radøy ligg svært lågt når det gjeld aktive vaksne. Stordelen av anlegga er privateigde.

Lindås har ei stor satsing på kostnadskrevjande anlegg i inneverande planperiode, med idrettshallar i Knarvik, Alversund, på Leiknes og på Ostereidet, i tillegg til aktivitetsområde ved nye skular. Kommunen ligg under landsgjennomsnittet på anleggs-poeng, men over snittet når ein justerer for utnytting av anleggs-kapasitet. Lindås har relativt sett færrest aktive av dei tre kommunane. Anlegga er med få unntak eigd av det offentlege.

Meland har ein svakare anleggs-situasjon enn dei to andre kommunane. I inneverande planperiode er det ei større satsing med rehabilitering av anlegg, ny fotballhall, motocrossbane, aktivitetsområde, turstiar og turvegar. Kommunen ligg over snittet på anleggs-poeng, men ligg svært lågt når ein justerer for anleggs-kapasitet, der anleggs-dekninga per aktiv innbyggjar er svak. Noko av årsaka kan tilskrivas underdekking på hallanlegg, og at Meland jamt over har relativt sett flest aktive innbyggjarar av dei tre kommunane. Anlegga er med få unntak privateigde.

Alver ligg noko under landsgjennomsnittet på anleggs-dekning, og noko over når ein justerer for utnytting av anleggs-kapasitet.

Del aktive ligg under landsgjennomsnittet, særleg for dei under 26 år. Utviklinga er bekymringsfull, der aldersgruppa 6-12 år har ein nedgang på 3,5% frå 2007–2017, mens utviklinga nasjonalt er ei auke på 11,4%. For aldersgruppa 13-19 år er nedgangen på 19,6% i same periode, mot nasjonal nedgang på 3,5%. For heile befolkninga har aktivitetsdelen gått ned med 9,7% i perioden. Alver skårar lågt på vinteridrettar, som kan ha ein påverknad på tala i høve landsgjennomsnittet, men denne faktoren er konstant gjennom perioden.

Stordelen av anlegga er eigd offentleg, med fleire større og komplekse anlegg eigd og drifta privat.²

¹ Idrettsplanen i Meland har tiltak som strekk seg utover 2019

² Norsk idrettsindeks 2018. Resultater for Alver, 3.1-3.3

EKSTERNE FØRINGAR

NASJONALE FORVENTNINGAR TIL REGIONAL OG NASJONAL PLANLEGGING

2019–2023

- ✓ Legge vekt på klimatilpassing og samfunnssikkerheit i planlegginga
- ✓ FN sine berekraftsmål er førande i planlegginga
- ✓ Identifisere og ta omsyn til friluftslivsområde, overordna grønstruktur
- ✓ Vurdere arealbruk langs sjøen og vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og ta særlege omsyn til friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser
- ✓ Lokalisering av besøksintensive verksemder må vurderast i samanheng med eksisterande eller framtidige kollektivknutepunkt
- ✓ ...tenestetilbod (...) godt tilrettelagde for kollektivtrafikk, syklistar og fotgjengarar
- ✓ Planlegge aktivt for å motverke og førebygge levekårsutfordringar og medverke til utjamning av sosiale forskjellar. ...universell utforming til grunn i planlegginga av omgjevnadar og busetnad og sikrar omsynet til folkehelse i planlegginga
- ✓ Legge vekt på å sikre byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turveggar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle
- ✓ Sikre aktivt gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegginga
- ✓ Ta hand om interessene til barn og unge gjennom ei samfunns- og arealplanlegging som skaper trygge, attraktive og aktivitetsfremjande by- og bumiljø
- ✓ Ta vare på kunst og kultur som ein del av den kommunale planlegginga, og legg til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ANLEGGSPOLTIKK OG KRITERIE FOR TILDELING AV SPELEMIDLAR TIL ANLEGG FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV FOR VESTLAND FYLKESKOMMUNE MED HANDLINGSPROGRAM 2020–2024

- ✓ Fysisk aktiv kvar dag
- ✓ Variert tilbod av anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø
- ✓ Variert tilbod av anlegg for idrett bør vere knytt til skular og anleggsparkar

TILTAK DER KOMMUNANE HAR EI ROLLE

- ✓ Regional og kommunal planlegging skal legge til rette for at areal, infrastruktur og anlegg gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet
- ✓ Alle kommunar skal utarbeide og følgje opp plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- ✓ Utvikle attraktive skuleområde for fysisk aktivitet på barne- og ungdomsskular
- ✓ Vidareføre dagsturhytteprosjektet til alle kommunane i Vestland
- ✓ Skape meir miljøvenlege kunstgrasbanar
- ✓ Auke kompetanse
- ✓ Friluftslivets ferdselsårer
- ✓ Sikring, opparbeiding og drifting av friluftsområde i nærleiken av bustadområde i tettstadar og byar
- ✓ Utvikle forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområde i Vestland
- ✓ Nyskapande aktivitetsarenaar

ANDRE STATLEGE OG REGIONALE FØRINGAR

- ✓ Idrettsmeldinga, Den norske idrettsmodellen
- ✓ Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet
- ✓ Folkehelselova
- ✓ Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter
- ✓ Folkehelsemeldingen – Gode liv i et trygt samfunn
- ✓ FN sine berekraftsmål
- ✓ Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025
- ✓ Anleggspolitikk og kriterie for tildeling av spelemidlar (...) for Vestland

MÅLSETJINGAR OG STRATEGIAR

INTENSJONSAVTALEN - ALVER KOMMUNE

- ✓ Byggje vidare på og stimulere det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innan kultur og idrett
- ✓ Vi skal byggje ein ny kommune
- ✓ Alle kommunar er likeverdige partar
- ✓ Felles identitet og kultur
- ✓ Involvere
- ✓ Likeverdige tenester
- ✓ Desentraliserte tenester
- ✓ Digitalisere dialog med innbyggjarar
- ✓ God oppvekst-, barne- og ungdomskommune
- ✓ Skulestruktur vert vidareført



KOMMUNEPLANANE I RADØY, LINDÅS OG MELAND

Følgjande er mål og strategiar i høve idrett, aktivitet, folkehelse, frivilligheit og friluftsliv i tidlegare kommuneplanar.

	MÅL	STRATEGIAR
<i>Radøy</i>	Aktivt folkehelsearbeid, fysisk aktivitet som naturleg del av kvardagen	✓ Gode tur og gangvegar, utvikle anlegg, friområde og leikeområde
	Kulturtilbodet skal fremja fysisk aktivitet	✓ Tilrettelagde og merka turstiar i heile kommunen. ✓ Støtte opp om private idrettsanlegg. ✓ Kommunale anlegg skal vere i god stand og ha god tilgjenge
	Allsidig og inkluderande kulturliv	✓ Støtte opp om lag og organisasjonar, økonomi og kompetanse ✓ Tilbod som omfattar flest mogleg
<i>Lindås</i>	Innbyggjarane i Lindås skal oppleve god livskvalitet og meistring i eigen kvardag	✓ Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv ✓ Barn og ungdom tilgang på gode tilbod og tenester, delta uavhengig av bakgrunn ✓ Utvikle nærmiljø, arenaar og møteplassar for alle, med like høve til å delta
	Gode, trygge og aktive nærmiljø, som fremjar god helse	✓ Møteplassar og uterom som sikrar fellesskap, aktivitetar, leik og sosialt samvær. ✓ Bumiljøa har område der alle kan vere i aktivitet, og leggje til rette for natur og friområde som kvalitet rundt desse.
	Gode tenester gjennom aktivt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar	✓ Frivillige ressursar som støtte og supplement ✓ Leggje til rette for at fleire engasjerer seg i frivillig arbeid, med føreseielege rammer
	Breitt kultur-, idretts- og fritidstilbod, som inkluderer alle	✓ Sikre eit godt samarbeid mellom kommune og alle frivillige lag og organisasjonar ✓ Fleire arenaar og møteplassar for kultur, idrett, musikk og kunst
	Regionsenteret skal vere ein attraktiv og levande by for heile Nordhordland	✓ Utvikle regionale arenaar og møteplassar for kultur, aktivitet, oppleving og rekreasjon ✓ Sikre offentleg areal for framtidig vekst og utvikling
<i>Meland</i>	Aktiv kvar dag i Meland Stimulere til kulturell deltaking, kreativitet og fremja fysisk aktivitet	✓ Gode tilgjengelege friluftsområde i heile kommunen, med turstiar, nærmiljøanlegg, sykkelstiar i gangavstand frå heimen. ✓ Tilrettelegge for kyststi, auke satsing på friluftsliv i skule, SFO og barnehage. ✓ Uformelle møteplassar som førebyggjande tiltak, sikre barn sine leikeområde i nærmiljøet ✓ Legge til rette for kulturtilbod for barn og unge
	Folkehelse i berekraftige Meland	✓ Strandsone, leikeareal, grøntstruktur, natur/kulturmiljø, turstiar skal sikrast i plan
	Frivillig innsats skal vere ein berebjelke i kulturlivet	✓ Ha ein koordinerande og utviklande rolle mot lagslivet

SAMORDNA STRATEGIAR KOMMUNEPLANAR – AKTIV KVAR DAG I ALVER

- ✓ Leggje til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet
- ✓ Fremje eit differensiert aktivitetstilbod gjennom nærmiljøutvikling
- ✓ Leggje til rette for attraktive og varierte bumiljø for folk i alle livssituasjonar
- ✓ Leggje til rette for trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa
- ✓ Leggje til rette for gode møteplassar og aktivitetsfremjande uterom i nye bustadfelt
- ✓ Sikre at flest mogleg skal ha fysisk aktivitet som ein naturleg og positiv del av kvardagen sin
- ✓ Leggje til rette for eit aktiv friluftsliv for alle
- ✓ Styrke og etablere arenaar for sosialt fellesskap og deltaking
- ✓ Gi alle barn og unge tilgang på gode tilbod og tenester, og høve til å delta og bruke evnene sine uavhengig av bakgrunn
- ✓ Sikre ei heilskapleg utvikling av kultur- og idrettsarenaar, og vidareutvikle etablerte og planlegge for nye arenaar
- ✓ Leggje til rette kulturtilbod som fremjar fysisk aktivitet



IDRETTSPLANANE

HOVUDMÅL / VISJON FRÅ TIDLEGARE IDRETTSPLANAR

- ✓ **Radøy kommune** skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen, og leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- ✓ Staten sin overordna visjon «Idrett og fysisk aktivitet for alle» ligg til grunn for **Lindås kommune** sitt arbeid innan området idrett, aktivitet og friluftsliv
- ✓ **Meland kommune** – «eit samfunn for alle – aktivitet for alle»

SAMORDNA VISJON ALVER

- ✓ **Alver kommune** – «Aktiv kvar dag i Alver»

SAMORDNA STRATEGIAR IDRETTSPLANAR – AKTIV KVAR DAG I ALVER

SAMORDNA HOVUDMÅL - FYSISK AKTIVITET FOR ALLE SOM NATURLEG DEL AV KVARDAGEN

- ✓ Jobbe aktivt for at alle i Alver har moglegheit til å delta i eit breitt og variert aktivitetstilbod, med fokus på meistring, inkludering og trivsel
- ✓ Utvikle aktivitetstilbod, anlegg og friluftsområda i skulane og barnehagane sitt utvida nærmiljø, og gode uteområde ved skulane
- ✓ Styrke satsinga på anlegg og område for eigenorganisert aktivitet for barn og unge
- ✓ Styrke tilbod til barn og unge i skuleferiar
- ✓ Vidareutvikle og sikre tilfredsstillande tilhøve for svømmeopplæring og kroppsøving
- ✓ Vidareutvikle og styrke open hall-tilbod for barn og unge og tilbod om offentleg bading
- ✓ Vidareutvikle arbeidet med kulturhus og svømmeanlegg i regionsenteret
- ✓ Sikre tilbod og tilhøve for menneskje med særskilte behov
- ✓ Arbeide for ei heilskapleg anleggsutvikling i Alver kommune, med omsyn til behovsanalysar, folkehelseutfordringar, manglande tilbod/kapasitet og høve for eigenorganisert aktivitet
- ✓ Vidareutvikle Knarvik som regionsenter for idrett og aktivitet, med omsyn til regionale føringar, mangfald i aktivitetstilbod og sikring av areal
- ✓ Sikre areal til idrett, rekreasjon og aktivitet i nærsentra og bygder
- ✓ Sikre at miljøomsyn og tilpassing til klimaendringar er ivartetatt ved bygging og rehabilitering av anlegg
- ✓ Sikre god tilgang til friluftsområde og utvikle friluftslivet på land, sjø og vassdrag
- ✓ Utvikle lyssette turveggar ved tettbygde område
- ✓ Arbeide med Friluftslivets ferdselsårer
- ✓ Arbeide med dagsturhytter, kystkabiner, kystledshytter og friluftslivsanlegg
- ✓ Sikring av nye friluftsområde og utvikling av eksisterande
- ✓ Vidareutvikle arbeidet for umotorisert sjøsport
- ✓ Sikre gode samhandlingsformar mellom idrettsråd, friluftslivsorganisasjonar, andre lokale organisasjonar og kommunen
- ✓ Etablere føreseielege tilskotsordningar for aktivitet og anlegg
- ✓ Sikre god lokal forvaltning av nasjonale og regionale tilskotsordningar

HANDLINGSPROGRAM OG TILTAK

SAMORDNA HANDLINGSPROGRAM AKTIVITETAR

Tiltak	Kostnad	Frist	Ansvar
Kommunal plan for idrett og friluftsliv		Strategiperiode	Kultur/plan og analyse
Open hall barn/unge		2020	Kultur/eigedom
Forprosjekt kulturhus/badeanlegg		2021	Kultur/eigedom
Tilbod offentleg bading		2021	Kultur/eigedom
Tilskot til administrasjon - Alver idrettsråd		2020	Kultur
Rådgivarstilling friluftsliv			Kultur
Sikring av grøntareal, friområde og friluftsområde, og ålmentas tilgang til utmark og strandsoner, oppdatere forvaltningsplanar		Strategiperiode	Kultur/eigedom
Etablere dagsturhytter i Alver		Strategiperiode	Kultur
Kystkabinar ved mykje brukte sjøportområde		Strategiperiode	Kultur
Skular som nærmiljøsentar for aktivitet		2020	Kultur/eigedom/oppvekst
Føreseielege rammevilkår idrettslag/private idrettsanlegg		2020	Kultur/eigedom
Styrke samarbeid og samhandling off/friv. Samarbeidsmøte idrett/kommune/friluftsliv/andre		2020	Kultur
Samarbeidsavtale Alver idrettsråd		2020	Kultur
Friluftslivets ferdselsårar, merking og utvikling av turstiar		Strategiperiode	Kultur
Utvikle friluftslivstiltak på sjø og vassdrag		Strategiperiode	Kultur
Utvikle parkeringsplassar ved mykje brukte friluftslivsområde			Kultur/eigedom
Utvikle toalettbygg, utsiktspunkt og rasteplassar ved mykje brukte friluftslivsområde		Strategiperiode	Kultur/eigedom
Aktivitetsanlegg i nærsentra		Strategiperiode	Kultur/eigedom
Mellomfinansieringsfond – vidareføring/styrk		2020	Kultur
Inkluderingsstilskot sosioøkonomiske tilhøve		2020	Kultur




SAMORDNA HANDLINGSPROGRAM ANLEGG

Handlingsprogrammet tek omsyn til 3-årsregelen. Denne medfører at ein må søkje minst 3 gongar for å få tildeling til ordinære anlegg. Private anlegg er prioritert med omsyn til kvar prosjektet står i høve 3-årsregelen.

PRINSIPP FOR PRIORITERING I ANLEGGSTRATEGIPERIODEN

1. Omsyn til ei heilskapleg anleggsutvikling, med vekting av behova til Alver kommune, idrettslivet og innbyggjarane, vil verte førande for prioritering av anlegg
2. Anlegg som støttar opp om aktivitet i skulane sine nærmiljø skal prioriterast
3. 3-årsregelen vil verte styrande for prioritering av ordinære anlegg
4. Private ordinære anlegg skal som regel verte prioritert. Unntaket er offentlege anlegg som har venta på utbetaling i fem år eller meir, eller der omsyna til punkt 1 og 2 vert vektlagte.
5. Private nærmiljøanlegg skal som regel inn i årleg rullering for å verte prioritert. Opp til to private nærmiljøanlegg kan verte prioritert kvart år, før offentlege nærmiljøanlegg.
6. Alver idrettsråd er høyringspart



Ordinære anlegg (+friluftsliv)	Tidlegare kommune	Stad	Kommentar	1.søk	Pri
25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg	Radøy	Haukåsen	Under bygging	2018	1
Rehabilitering hall	Radøy	Radøyhallen	Under bygging	2018	2
Toalettbygg - Nesvatnet	Radøy	Nesvatnet fri.	Ferdigstilt	2018	3
Nordhordlandshallen, rehabilitering	Lindås	Knarvik	Ferdigstilt	2018	4
Knarvik Arena, klatrehall	Lindås	Knarvik	Ferdigstilt	2018	5
Driving range, oppgradering, takoverbygg med øvingsområde	Meland	Meland Golf og Naturpark	Ferdigstilt	2019	6
Garderobebygg	Radøy	Austmarka	Under bygging	2019	7
200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Radøy	Haukåsen	Under bygging	2019	8
Knarvik Arena, fleirbruk	Lindås	Knarvik	Ferdigstilt	2018	9
Kunstgrasbane III, med halloverbygg, lager og garderobar	Meland	Fossemyra idrettspark	Under bygging	2020	10
Miniatyr 15m	Lindås	Seim	Planlegging	2020	11
Grasbane rehabilitering	Radøy	Hordabø	Under bygging	2020	12
Hus for drift og materiell	Radøy	Hordabø	Under bygging	2020	13
Lyssett turveg	Radøy	Manger	Under bygging	2020	14
Kunstgrasbane II (I), rehabilitering	Meland	Fossemyra idrettspark	Under bygging	2020	15
Standplass	Lindås	Lindås	2020-2024		17
Klubbhus	Lindås	Lindås	2020-2024		18
Ny 5-ar bane	Radøy	Grønålen	2020-2024		19
Garderobar/klubbhus	Radøy	Grønålen	2020-2024		20
Mindre buldrearlegg	Meland	Sagstad skule	Ferdigstilt	2020	21
Alversund, basishall (turn)	Lindås	Alversund	Under bygging	2020	22
Turpadling brygge	Meland	Vikebø	Ferdigstilt	2020	23
Lyssett turveg	Meland	Fosse/Langeland	Planlegging	2021	24
Tursti, tilrettelegging	Radøy	Solend	Planlegging	2020	25
Alversund, fleirbrukshall	Lindås	Alversund	Under bygging	2020	26
Ostereidet, hall	Lindås	Ostereidet	Planlegging	2021	27
Utbygging/oppgradering av symjehall	Radøy	Radøyhallen	Under bygging	2020	28
Friluftslivsanlegg	Samordna	Alver	2020-2024		29
Sjøsportanlegg	Meland	Flatøy	2020-2024		
Skytebane innandørs	Meland	Espetveit	2020-2024		
Turkart/aktivitetskart	Meland	Alver	2020-2024		
Fleirbrukshall/basishall	Meland	Meland Aktiv	2020-2024		
Fleirbrukshall/basishall	Meland	Frekhaug	2020-2024		
Svømmebasseng, skule	Meland	Frekhaug	2020-2024		
Permanent feltpistollegg	Radøy	Haukåsen	2020-2024		
Klubbhus	Radøy	Hordabø	2020-2024		
Symje/badeanlegg	Lindås	Knarvik	2020-2024		
Kunstgrasbane II	Meland	Leirdalen	Langtidsplan		
Løpebane utviding	Meland	Leirdalen	Langtidsplan		
Lyssett turveg	Meland	Vikebø/Skintveit	Langtidsplan		
Ulike anlegg	Meland	Fossemyra	Langtidsplan		
Klatrehall	Radøy	Hordabøhallen	Langtidsplan		
Friidrettsanlegg	Radøy	Hordabø	Langtidsplan		
Minianlegg for friidrett	Radøy	Grønålen	Langtidsplan		
Klatrevegg	Radøy	Radøyhallen	Langtidsplan		
Lager i tilknytning til fotballbane	Radøy	Skogen Sletta	Langtidsplan		
50 meter miniatyrbane med støydempa standplassbygg	Radøy	Haukåsen	Langtidsplan		
50 meter miniatyr viltmålbane	Radøy	Haukåsen	Langtidsplan		
Leirduebane jegertrap med støydempa standplass	Radøy	Haukåsen	Langtidsplan		
Kompakt sportingbane for leirdue med overbygde standplassar	Radøy	Haukåsen	Langtidsplan		

Permanent løype for jaktfelttskyting med fleksible standplassar	Radøy	Haukåsen	Langtidsplan		
Viltmål/elgbane med støydempa standplassar	Radøy	Haukåsen	Langtidsplan		
Lyssett turveg	Lindås	Lindås	Langtidsplan		
Turpadleanlegg	Lindås	Lindås	Langtidsplan		
Lyssett turveg	Lindås	Seim	Langtidsplan		
Lyssett turveg	Lindås	Alversund	Langtidsplan		
Lyssett turveg	Lindås	Ostereidet	Langtidsplan		
Svømmebasseng	Lindås	Alversund	Langtidsplan		
Rehabilitering friidrettsbane	Lindås	Ostereidet	Langtidsplan		
Idrettshus Knarvik	Lindås	Knarvik idrettsp.	Langtidsplan		
Rehabilitering kunstgras	Lindås	Ostereidet	Langtidsplan		
Kunstgrasbane III Knarvik	Lindås	Knarvik	Langtidsplan		
Kunstgrasbane Alversund	Lindås	Alversund	Langtidsplan		
Kastanlegg	Lindås	Knarvik	Langtidsplan		
Rehabilitering kunstgras	Lindås	Knarvik	Langtidsplan		
Ishall	Lindås	Knarvik	Langtidsplan		



Nærmiljøanlegg	Tidlegare kommune	Stad	Kommentar	Søk. år	Pri
Ballbinge – rehabilitering	Radøy	Hella	Planlegging	2020	1
Streetbasket	Lindås	Knar. b-skule	Ferdigstilt	2018	2
Skatebane	Lindås	Knar. b-skule	Ferdigstilt	2018	3
Lysanlegg	Lindås	Knar. b-skule	Ferdigstilt	2018	4
Lysanlegg	Lindås	Knar. b-skule	Ferdigstilt	2018	5
Ballbinge	Radøy	Toska	Planlegging	2020	6
Parkour/klatre/trimanlegg m/ lys	Meland	Frekhaug Torg	Ferdigstilt	2020	7
Parkour/klatre/trimanlegg m/lys	Meland	Meieriparken	Under bygging	2021	8
Baderampe – Nesvatnet	Radøy	Nesvatnet fri.	Planlegging	2020	9
Tursti Manger-Tusenårsstaden-Nøttveitveten-Nøttveit	Radøy	Manger etc.	Planlegging	2020	10
Parkour/klatre/trimanlegg m/ lys	Meland	Sagstad sk. (aust)	Ferdigstilt	2020	11
Skatepark innandørs	Meland	Sagstad skule	Ferdigstilt	2020	12
Ballbane m/lys	Meland	Sagstad skule	Ferdigstilt	2020	13
Zipline	Meland	Sagstad skule	Ferdigstilt	2020	14
Alversund skule nærmiljø	Lindås	Alversund skule	Under bygging	2021	15
Aktivitetsanlegg nærsentra	Samordna	Alver	2020-2024		17
Uteområde skule og nærmiljø	Samordna	Alver	2020-2024		18
Friluftsanlegg	Samordna	Alver	2020-2024		19
Aktivitetsflate	Meland	Fossemyra	2020-2024		
BMX-bane	Radøy	Hordabø	2020-2024		
Ballbane rehabilitering	Lindås	Kvamsvågen	2020-2024		
Ballbinge	Lindås	Hindenes	2020-2024		
Aktivitetspark	Lindås	Knarvik	Langtidsplan		
Nærmiljøanlegg ulike	Lindås	Hope	Langtidsplan		
Trekanten sykkelløype	Lindås		Langtidsplan		
Vassuttak	Lindås		Langtidsplan		
Klatreanlegg	Meland	Ryland	Langtidsplan		
Orienteringskart	Meland		Langtidsplan		
Ballbanar rehabilitering	Meland	Alver	Langtidsplan		
Frisbeegolf	Radøy		Langtidsplan		

FORHOLD MELLOM IDRETTE OG ALVER KOMMUNE

OPPGÅVER VED DRIFT/VEDLIKEHALD/TILSYN VED OFFENTLEGE IDRETTSANLEGG

Følgjande er prinsipp gjeldande eventuelle oppgåver ved offentlege idrettsanlegg.

1. Like generelle vilkår skal gjelde, men med omsyn til lokale tilhøve og behov
2. Eventuelle avtalar kan gjelde vedlikehalds, drifts-, og tilsynsoppgåver, etter lokale behov
3. Eventuelle avtalar kan vurderast for offentlege anlegg, der private ikkje har driftsoppgåver i dag
4. Alle avtalar må vurderast i høve anbudsreglement
5. Eksisterande avtalar frå tidlegare kommunar må vurderast i høve punkt 1-4
6. Alver idrettsråd er høringspart

PRIVATE STØRRE ORDINÆRE IDRETTSANLEGG – TILSKOT

Prinsippa er eit samordna utgangspunkt for årleg tilskotsordning til drift og vedlikehald av større private idrettsanlegg.

1. Prinsippa gjeld større ordinære idrettsanlegg i privat eige, for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar
2. Det må utarbeidast ein nøkkel for vekting av ulike anleggstypar, som kan danne grunnlag for fordeling innan løyvde rammer
3. Ei tilskotsordning vil ha som mål å sørge for føreseielege vilkår for idretten, og styrke idrettens høve for langsiktig planlegging
4. Ei tilskotsordning vil ha som mål å støtte opp om ei heilskapleg anleggsutvikling i Alver kommune
5. For eventuelle faste tilskotsavtalar må det utarbeidast ein lik grunnsum etter anleggstype
6. Eventuelle faste tilskotsavtalar må verte regulert etter generelle foreinte vilkår, men inngåast individuelt mellom kommunen og anleggseigar
7. Skyteanlegg eigd og drifta av organisasjonar tilslutta Det frivillige Skyttervesen vert sett på som ordinære idrettsanlegg
8. Alver idrettsråd er høringspart

MINDRE PRIVATE ANLEGG

1. Mindre private ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg vil ikkje omfattast av tilskotsordninga over
2. Det må vurderast ei eiga tilskotsordning for desse anlegga
3. Det kan leggjast til rette for periodiske felles satsingar med omsyn til anleggstype eller som materialstøtte
4. Mindre private idrettsanlegg, som får vedlikehaldsmidlar (Radøy) eller tilskot til drift av idrettsanlegg (Meland), eller tilsvarande tilskot i Lindås i 2019, skal kvalifisere for tilskot i anleggsstrategiperioden, sjølv om dei ikkje oppfyller eventuelle nye felles kriterium
5. Alver idrettsråd er høringspart

ALVER KOMMUNE SIN BRUK AV PRIVATE ORDINÆRE IDRETTSANLEGG

1. Private ordinære idrettsanlegg som vert nytta direkte av Alver kommune, som del av kommunens tenesteyting ved til dømes bruk som uteområde eller til kroppsøving, vurderast som eit leigeforhold, og må regulerast i form av eigne eventuelle leigeavtalar, uavhengig av anleggsstøtte
2. Alver idrettsråd er høringspart

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM ALVER KOMMUNE OG ALVER IDRETTSRÅD

1. Det skal utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom kommunen og det nye idrettsrådet, med bakgrunn i eksisterande avtalar og behovet for føreseielege rammer for samarbeid mellom partane

PROSJEKTOPPBYGGING

FAGPROSJEKT MED ADMINISTRATIV STYRING

Prosjekteigar – Hogne Haugsdal, kommunalsjef Samfunnsutvikling

Prosjektleder – Eirik Bouwer Utne, kultursjef

KONSEPTFASE

Prosjektgruppe

Bente Kopperdal Hervik – rådgjevar kultur, Radøy
Atle Vaage – fagleiar idrett og grønt, Lindås
Eirik Bouwer Utne – kultursjef, Meland
Solveig Laumark-Møller – HTV

Referansegruppe

Idrettsråda i Radøy, Lindås og Meland

PLANLEGGINGSFASE

Prosjektgruppe

Bente Kopperdal Hervik – rådgjevar kultur, Radøy
Atle Vaage – fagleiar idrett og grønt, Lindås
Leif Bjørnar Hopland – rådgjevar oppvekst, Lindås
Haakon Andersen – prosjektleiar bygg, Meland
Eirik Bouwer Utne – kultursjef, Meland
Solveig Laumark-Møller – HTV

Arbeidsgruppe

Bente Kopperdal Hervik
Atle Vaage
Eirik Bouwer Utne

Representantar frå Fellesnemnda for Alver idrettsråd:

Bjørn Ove Myking – Radøy
Olav Steinar Namtveit – Radøy
Bjørn Tore Hesjedal – Meland
Sølvi Jarness – Meland
Maren Konstanse Svellingen – Lindås

Referansegruppe

Brei gruppe lag og organisasjonar i dei tre kommunane (idrett, friluftsliv, vellag, livssyn, grendalag, ungdomslag, private)

Notat

Dato: 23.10.2019
Saknr: 2019/39-1
Saksbehandlar: Elin Molven Wilhelmsen

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Prosjektlear Vestland fylkeskommune

Budsjettsøknader for driftstilskot til kunst, kultur og idrett 2020

RS 21/2019 «Oversyn over budsjettsøknader om driftstilskot for 2020 over Kulturbudsjettet» vart lagt fram for Fellesnemnda i møtet 18.6.2019. Under her er link til heile dokumentet, med oversyn over budsjettsøknader til driftstilskot for 2020:

<https://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=816537&documentId=1248753>

Alle tall som er stilt opp i høve **tilskot 2019** og det som er **omsøkt for 2020** byggjer på søkjarande sine eigne innsendte data i søknadane til driftstilskot 2020.

Nokre av dei oppgitte talla frå 2019 kan dermed innehalda både driftstilskot, prosjektmidlar og andre løyvingar gjevne gjennom året. Nokre søkjarar har og utelate desse opplysningane. Summane som er oppgitt under «Tilskot 2019» må difor sjåast i lys av dette.

Alfabetisk liste søkjarar:

Søkjarar	Tilskot 2019	Omsøkt 2020	Omsetnad
4H SOGN OG FJORDANE	-	300 000	2 648 000
AKKS BERGEN	47 000	190 000	2 261 000
Aldea as	-	800 000	4 550 066
Baroniet Rosendal - Rosendal Kammermusikkfestival og Baronikonserterne	402 000	402 000	7 445 000
BARONIET ROSENDAL / DEN WEIS- ROSENKRONESKE STIFTELSE	1 605 000	1 605 000	30 410 500
BERGEN BADMINTONKLUBB	-	50 000	1 360 000
BERGEN DØVESENTER	300 000	309 000	-
BERGEN INTERNASJONALE FILMFESTIVAL	340 000	700 000	12 357 000


BERGEN OG HORDALAND SANGERFORBUND	-	35 000	50 000
BERGEN OG HORDALAND TURLAG	946 000	1 500 000	41 200 000
BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD	2 091 000	2 643 000	30 563 892
BERGENS KUNSTFORENING	424 000	790 000	22 576 000
BERGENSTRIENNALEN AS	305 000	1 000 000	11 500 000
Bjørgvin Marknad	18 000	20 000	115 000
BOREALIS	203 000	400 000	5 861 867
Brak	463 000	700 000	5 520 000
BØMLO TEATER	353 000	400 000	3 176 000
CARTE BLANCHE AS	5 940 000	6 090 000	44 440 000
DET FELLES INNVANDRERRÅD I HORDALAND	650 000	800 000	870 000
EDVARD GRIEG KOR AS	533 000	1 096 000	15 567 000
EIKÅS UNGDOMSLAG	-	18 000	40 000
FALTURILTU - STORD KOMMUNE	400 000	477 000	1 884 000
FANA UNGDOMSLAG	-	100 000	530 500
FESTSPILLENE I BERGEN	4 900 000	5 198 000	66 355 000
FIRDA TRAVLAG	-	70 000	87 500
FJORDKYSTEN FRILUFTSRÅD	1 000 000	1 000 000	6 540 000
FJÆRA BLUESKLUBB	-	100 000	855 000
FN-sambandet region sør-vest, kontoret i Bergen	102 000	140 000	2 500 000
FOLKEAKADEMIET HORDALAND	440 000	500 000	1 230 500
FOLKEAKADEMIET SOGN OG FJORDANE	-	150 000	600 500
FORENINGEN EKKO	109 000	200 000	3 128 159
Foreningen Trykkeriet	-	600 000	4 219 000
FORTIDSMINNEFORENINGEN HORDALAND	191 000	400 000	1 540 000
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV	130 000	150 000	356 600
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane	200 000	220 000	538 000
FRILUFTSRÅDET VEST	603 000	800 000	22 250 000
Frivillig Hordand	-	50 000	75 600
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	3 311 000	3 311 000	15 880 000
GLOPPEN MUSIKKFORUM	-	150 000	1 800 000
GLOPPEN PADLEKLUBB	-	30 000	181 000
GRIEG INTERNASJONALE KORFESTIVAL	100 000	120 000	1 020 000
GULEN KOMMUNE	1 125 000	1 156 000	2 376 000
Hardanger Musikkfest	341 000	500 000	3 322 000
Harding Puls	84 000	190 000	380 000
Hardingfela.no v/ STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	300 000	1 000 000	2 050 000
HAUGESUND TURISTFORENING	25 000	30 000	9 000 000

HENRIETTE CHRISTIE ERTSÅS	-	200 000	765 088
HISTORY DISPOSAL UNIT	-	100 000	1 691 224
HORDALAND BANDYKRETS	-	100 000	322 000
HORDALAND FOLKEMUSIKKLAG	70 000	80 000	100 360
HORDALAND HUSFLIDSLAG	380 000	600 000	1 628 762
Hordaland idrettskrets (Vestland IK)	5 394 000	5 800 000	18 000 000
Hordaland idrettskrets v/Olympiatoppen Vest	480 000	1 200 000	13 860 000
HORDALAND KUNSTSENER	3 502 000	4 450 000	4 814 000
HORDALAND KUNSTSENER	239 000	389 000	389 000
Hordaland Teater LL	7 883 000	8 900 000	37 184 897
Idrettscampus Bergen	-	1 500 000	3 850 000
IL FJELLKAMERATERNE	-	600 000	785 000
Jakob Sande-selskapet	50 000	1 000 000	3 650 000
JEFF PEDERSEN	-	150 000	1 411 000
KFUK-KFUM I SOGN OG FJORDANE	-	149 295	1 757 430
KIRKELIG DIALOGSENER BERGEN	200 000	500 000	1 100 000
KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	4 240 000	7 392 000	145 647 536
KOLBEINSVIK VEL	-	19 500	40 000
KRAFT Bergen AS	51 000	250 000	3 410 000
KULTUR VEST AS	-	330 000	1 540 000
Kulturhuset Østre AS	106 000	500 000	4 045 000
KUNSTGARASJEN	-	400 000	2 712 000
KUNSTNARHUSET MESSEN	156 000	200 000	939 600
KUNSTNERVERKSTEDER	52 000	70 000	265 600
KUNST SILJE MARIANN ENGJA SIGURDSEN	-	197 000	545 500
KVAMSKOGEN NÆRINGSLAG	100 000	150 000	1 110 000
Langeland Ski- og fritidssenter AS	50 000	100 000	200 000
MALAKOFF ROCKFESTIVAL	-	700 000	23 410 000
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	1 040 000	1 500 000	3 900 000
Museum Vest	7 477 000	8 126 000	86 843 000
NATTJAZZ	164 000	600 000	9 700 000
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG	150 000	300 000	820 000
NFU HORDALAND FYLKESLAG	-	80 000	548 566
NFU SOGN OG FJORDANE FYLKESLAG	-	20 000	845 000
NMF NORDVEST	230 000	300 000	4 480 893
NORDHORDLAND PADLEKLUBB	-	250 000	250 000
NORGES HUSFLIDSLAG	170 000	250 000	830 000
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND SOGN	150 000	150 000	850 000
NORGES JEGER-OG FISKERFORBUND - Hordaland	100 000	150 000	7 200 000

Norges Korforbund Hordaland	200 000	300 000	1 510 000
NORGES KORFORBUND SOGN OG FJORDANE	-	70 000	390 000
NORGES MUSIKKORPS FORBUND HORDALAND	583 000	650 000	8 543 581
NORSK FORFATTERSENTRUM	52 000	100 000	100 000
NORSK KULTURSKOLERÅD	-	60 000	126 000
NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM	1 346 000	1 946 000	20 927 000
NYNORSK KULTURSENTRUM avd. Olav H. Hauge-senteret	803 000	1 303 000	9 028 000
ODDA KOMMUNE, LITTERATURSYMPOSIET I ODDA	213 000	300 000	2 250 000
Orkesteret Fossegrimen	220 000	250 000	944 500
Osafestivalen	75 000	200 000	2 357 000
Oselvarverkstaden	1 600 000	1 632 000	3 676 000
PENSJONISTFORBUNDET SOGN OG	120 000	200 000	1 362 800
Performensart Bergen	-	200 000	1 118 500
PREFORM AS	-	600 000	750 000
PROSCEN - PRODUSENTENHET FOR	180 000	230 000	1 427 388
Prøverommet BIT Teatergarasjen	-	20 000	530 000
Rom for ord - litterære møtestader i distrikta	-	1 500 000	3 800 000
S12 Galleri og Verksted AS	-	400 000	5 192 737
Sentrum Ju Jitsu Klubb	-	30 000	632 000
Serienett	-	50 000	100 000
SKRIVEKUNSTAKADEMIET I HORDALAND	3 100 000	3 300 000	3 560 000
SOGN OG FJORDANE BYGDEKVINNELAG	-	20 000	91 000
SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG	18 000	310 000	949 000
SOGN OG FJORDANE HUSFLIDSLAG	-	180 000	336 000
SOGN OG FJORDANE SYMFONIORKESTER	-	150 000	350 000
Sogn og Fjordane Teater LL	6 387 000	7 252 000	34 686 000
SOGN OG FJORDANE TURLAG	250 000	350 000	3 080 000
SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG	-	280 000	686 020
Stiftelsen 3,14 Hordaland Internasjonale Fylkesgalleri (Kunsthall 3.14)	1 612 000	1 900 000	3 754 540
STIFTELSEN BERGEN DANSESENTER	123 000	480 000	5 190 000
STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE	590 000	820 000	17 977 000
STIFTELSEN BERGEN MUSIC FEST	100 000	150 000	31 050 000
STIFTELSEN BERGEN NASJONALE OPERA	4 539 000	5 439 000	45 036 000
STIFTELSEN BERGEN SENTER FOR	138 000	150 000	5 213 750
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	5 794 000	5 803 000	42 786 000
Stiftelsen BIT20Ensemble	782 000	1 061 000	9 008 700
STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	9 505 000	10 960 000	66 546 340

STIFTELSEN CINEMATEKET I BERGEN	100 000	213 000	4 448 000
STIFTELSEN DET NORSKE ARBORET	200 000	300 000	1 075 000
STIFTELSEN FARGESPILL	830 000	1 060 000	12 327 892
STIFTELSEN FJELBERG PRESTEGARD	250 000	250 000	467 000
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	234 000	670 000	21 854 669
STIFTELSEN LITTERATURHUSET I BERGEN	860 000	1 000 000	16 250 000
STIFTELSEN MUSICANORD	146 000	380 000	2 167 000
STIFTELSEN MUSIKKSELSKAPET	154 000	300 000	3 000 000
Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater	512 000	700 000	8 084 716
STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	284 000	1 300 000	11 790 000
STIFTELSEN PROF. JIRI HLINKA	138 000	150 000	2 013 750
STIFTELSEN SEILSKIPET STATSRAAD	1 783 000	3 890 000	64 310 000
STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	-	100 000	1 843 000
STIFTELSEN SOLHOVDEN	146 000	150 000	507 500
STIFTELSEN VESTNORSK JAZZSENTER	1 490 000	1 750 000	9 200 000
Stiftinga Balejazz	-	300 000	2 457 500
STIFTINGA DEN NORSKE BOKBYEN	363 000	550 000	833 000
STIFTINGA EKSTREME VOSS	-	600 000	13 315 000
STIFTINGA GLOPPEN MUSIKKFEST	150 000	300 000	1 660 000
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	12 520 000	18 000 000	5 000 000
Stiftinga Hardingtonar	84 000	100 000	1 074 800
STIFTINGA KYSTSOGVEKENE	1 250 000	4 995 000	5 245 000
STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE	15 450 000	15 789 900	66 403 477
STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I	10 294 000	11 244 000	44 905 000
STIFTINGA NORSK COUNTRYTREFF	727 000	750 000	9 170 000
STIFTINGA OPERA NORDFJORD	1 572 000	1 732 500	10 774 000
STIFTINGA VESTNORSK KULTURAKADEMI	400 000	800 000	2 130 000
STORD MARITIME MUSEUM	-	100 000	687 500
STUDENTKULTURHUSET I BERGEN AS	200 000	200 000	13 400 000
SUNNHORDLAND KAMMERORKESTER	-	20 000	234 000
SUNNHORDLAND MUSEUM	3 150 000	3 950 000	13 475 000
Suzuki Gitar Bergen	-	12 000	68 000
SVEIO KOMMUNE	311 000	350 000	907 000
TEATERDRIFT BERGEN AS	730 000	900 000	5 833 463
TEATERFESTIVALEN I FJALER	-	500 000	1 810 000
TRANSITEATRET-BERGEN	-	100 000	1 000 000
Turn og idrettsforeningen Viking, sportsdrill	-	90 000	470 000
UNGVEST - BARNE- OG	650 000	1 000 000	1 000 000
VEDHOLMEN GALLERI v/Vibeke Harild	-	200 000	1 846 000

Vestland musikkråd (tidligere Hordaland musikkråd)	435 000	650 000	2 464 425
Vestlandske Teatersenter	420 000	500 000	7 870 000
VESTLANDSUTSTILLINGEN	152 000	851 000	1 681 000
Vestnorsk filmsenter	1 339 000	1 700 000	23 600 000
VEVRINGUTSTILLINGA	-	100 000	254 000
Vill Vill Vest	-	200 000	3 153 612
VISP - PRODUKSJONSENHET FOR VISUELL	153 000	200 000	1 883 000
VOKSENOPPLÆRINGSFORBUNDET I	234 000	287 000	287 000
VOSS KOMMUNE	260 000	290 000	700 000
Vossa Jazz	361 000	500 000	7 100 000
	157 077 000	212 963 195	1 529 748 300



Line Hvostlef: "Alle fugler"
Foto: Øystein Klakegg



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kultur, idrett og inkludering

Budsjettsøknader 2020

Samandrag

STØTTEORDNINGAR TIL AKTØRRAR PÅ KULTUR- OG IDRETTSFELTET:

Kvart år gjev fylkeskommunen monalege tilskot til kultur- og idrettslivet. Tilskota kan i hovudsak delast inn i følgjande to kategoriar og behandling/prosess:

Driftstøtte (budsjettvedtak)

- Søknader om driftsstønad: pr 1. april
- Budsjett og rapporteringsmøte: april og mai
- Handsaming og vurdering og utarbeiding av budsjettframlegg: mai-okt
- Politisk handsaming. Fylkestinget vedtek budsjettet: okt - des

Støtte til prosjekt og tiltak

Storleik på støtteordningane: budsjettvedtak. Handsaming av søknader via einskildvedtak i løpet av året.


Samla tilskot begge fylka i 2019:

	Hordaland		Sogn og Fjordane		Samla	
	Tal tilskot	Tilskot i kr	Tal tilskot	Tilskot i kr	*Tal tilskot	Tilskot i kr
Driftstilskot (budsjettvedtak)	1	119,6	1	28,4	** (2)	148
Støtte til prosjekt m.v. (enkeltvedtak)	35	208,6	9	85,1	(44)	293,8
Samla	36	328,2	10	113,5	(46)	441,8

*Innretninga av tilskota kan overlape kvarandre



** Sogn og fjordane ikkje driftstilskot som budsjettvedtak men som enkeltvedtak i 2019

I budsjetta i begge fylka utgjer dei samla driftstilskota 148 mill. kr. Dette utgjer om lag 30 % av samla omsetnad til søkjarane på 1 487 mill. kr i 2019. Fykestilskota utgjer både fylkeskommunale mildar og statleg overføringar og tippemidlar.



Alle etterfølgjande tal byggjer på søkjarane sine egne innsendte data.

Fagområde/KOSTRA	Tilskot 2019	Søknadar 2020	Samla omsetnad	Tal søknadar
716 Friluftsliv	5 991 000	7 712 500	124 510 992	15
750 Kulturvernforvaltning	2 041 000	2 382 000	6 213 500	4
760 Museum	67 515 001	81 572 900	492 249 354	13
771 Kunstformidling	27 445 000	43 312 000	422 751 185	58
772 Kunstproduksjon	26 353 000	31 079 500	165 964 913	14
775 Idrett	5 874 000	9 720 000	39 797 500	11
790 Andre kulturaktivitetar	15 494 000	29 154 000	213 246 373	46
Anna	570 000	2 228 295	22 228 484	11
Samla	151 283 001	207 161 195	1 486 962 301	172



Alfabetisk liste søkjarar:

Søkjarar	Tilskot 2019	Omsøkt 2020	Omsetnad
4H SOGN OG FJORDANE	-	300 000	2 648 000
AKKS BERGEN	47 000	190 000	2 261 000
Aldea as	-	800 000	4 550 066
Baroniet Rosendal - Rosendal Kammermusikkfestival og Baronikonsertene	402 000	402 000	7 445 000
BARONIET ROSENDAL / DEN WEIS- ROSENKRONESKE STIFTELSE	1 605 000	1 605 000	30 410 500
BERGEN BADMINTONKLUBB	-	50 000	1 360 000
BERGEN DØVESENTER	300 000	309 000	-
BERGEN INTERNASJONALE FILMFESTIVAL	340 000	700 000	12 357 000
BERGEN OG HORDALAND SANGERFORBUND	-	35 000	50 000
BERGEN OG HORDALAND TURLAG	946 000	1 500 000	41 200 000
BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD	2 091 000	2 643 000	30 563 892
BERGENS KUNSTFORENING	424 000	790 000	22 576 000
BERGENSTRIENNALEN AS	305 000	1 000 000	11 500 000
Bjørgvin Marknad	18 000	20 000	115 000
BOREALIS	203 000	400 000	5 861 867
Brak	463 000	700 000	5 520 000
BØMLO TEATER	353 000	400 000	3 176 000
CARTE BLANCHE AS	5 940 000	6 090 000	44 440 000
DET FELLES INNVANDRERRÅD I HORDALAND	650 000	800 000	870 000
EDVARD GRIEG KOR AS	533 000	1 096 000	15 567 000
EIKÅS UNGDOMSLAG	-	18 000	40 000
FALTURILTU - STORD KOMMUNE	400 000	477 000	1 884 000
FANA UNGDOMSLAG	-	100 000	530 500
FESTSPILLENE I BERGEN	4 900 000	5 198 000	66 355 000
FIRDA TRAVLAG	-	70 000	87 500
FJORDKYSTEN FRILUFTSRÅD	1 000 000	1 000 000	6 540 000
FJÆRA BLUESKLUBB	-	100 000	855 000
FN-sambandet region sør-vest, kontoret i Bergen	102 000	140 000	2 500 000
FOLKEAKADEMIET HORDALAND	440 000	500 000	1 230 500
FOLKEAKADEMIET SOGN OG FJORDANE	-	150 000	600 500
FORENINGEN EKKO	109 000	200 000	3 128 159
Foreningen Trykkeriet	-	600 000	4 219 000
FORTIDSMINNEFORENINGEN HORDALAND	191 000	400 000	1 540 000
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV	130 000	150 000	356 600
Søknad	1. Å byggja opp organisasjonen som vart stifta i 2016. 2. Å gjennomføra inspirasjonssamling /studeetur for tilsette og styremedlemmer i frivilligsentralane i Hordaland. 3. Å delta i samanslåingsprosessen til Vestland fylkeskommune.

KOSTRA	Anna
Søkjar	4H SOGN OG FJORDANE
e-post	hilde.svaeren@4h.no
Tilskot 2019	-00
Søknadssum 2020	300 000
Sjanger	anna
Hovudføre mål	4H skal utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske. 4H er ein medlemsstyrt organisasjon der medlemmane sjølv, i alderen 10 -18 år, bestemmer kva dei vil utforske og tileigne seg kunnskap om.
Verkeområde	4H Sogn og Fjordane har 71 aktive 4H-klubbar og rundt 1900 medlemmer, primært i aldersgruppa 10 til 18 år i 22 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane (2019). I 2020 reknar vi med å ha 4H-klubbar i 16 av 18 kommunar.
Søknad	Målet for 4H Sogn og Fjordane i 2020 er å oppretthalde den gode aktiviteten vi har i 4H-klubbane. Vi vil arbeide aktivt for å starte nye 4Hklubbar, særleg i område der vi ikkje har aktivitet no og som vert ein del av dei nye kommunane. Vi vil halde fram med å tilby gode aktivitetar for medlemmene både på klubbnivå og på fylkesnivå, slik som opplæring i styreverv, tilbod om fagkurs i ulike tema og leir der deltakarane får oppleve teltliv, turar og aktivitetar. Vi vil også halde oppe den gode kontakten vi har med dei mange 4H-klubbane slik at også små lokalsamfunn kan tilby fritidsaktivitet for barn og unge.

KOSTRA	Anna
Søkjar	PENSJONISTFORBUNDET SOGN OG
e-post	sognogfjordane@pensjonistforbundet.no
Tilskot 2019	120 000
Søknadssum 2020	200 000
Sjanger	kultur-formidling
Hovudføre mål	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane og Pensjonistforbundet Hordaland driv no ein prosess om å slå seg saman til Pensjonistforbundet Vestland med verknad frå 20.11.19/01.01.2020. Vi er ein frivillig organisasjon med målgruppe dei eldre i samfunnet.
Verkeområde	Vi er ein fylkesdekkande organisasjon med tilsaman 13760 medlemmar fordelt på alle dei 64 kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland (Vestland) fordelt på 85 lokallag.
Søknad	Prioriteringer: Fremme eldre sine interesser i høve forvaltningsnivåa og i høve til helsevesenet. Vere ei støtte for arbeidet i lokallaga og stå føre informasjonsutveksling mellom lokallaga og fylkeslaget. Lage fellessamlingar både om organiasjonsarbeid og om kompetansehevande tiltak. God kontakt og samhandling med eldreråda/fylkeseldrerådet Utfordringane er å få det administrative og økonomiske som er knytta til å sørve eit så stort Vestland. Vi har ennå ikkje fått laga budsjett for 2020 og staka ut kursen for det nye Pensjonistforbundet Vestland. Vi vil i første omgang vidareføre det vi har av aktivitet i noverande fylker. Reiseutgifter blir ei stor utfordring.

KOSTRA	Anna
Søkjar	NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG
e-post	sognogfjordane@naturvernforbundet.no
Tilskot 2019	150 000
Søknadssum 2020	300 000
Sjanger	anna
Hovudføre mål	Vi står på for miljøet, for å hindre inngrep og ureining av den flotte naturen vår, både fjell, fjord og alt imellom. Vi spreier innsikt og vernar utsikt, er vaktbikkje og gledespreiar i samarbeid med småbrukarlag, turlag, FNF og mange fleire.
Verkeområde	Heile Sogn og Fjordane. Vi er allereie i gang med eit nærare samarbeid med Naturvernforbundet i Hordaland.
Søknad	Inngå tett samarbeid med Naturvernforbundet Hordaland. Halde fram med Kystlotteriet (plukke plast) i samarbeid med friluftsråd og miljøverk. Utvikle prosjekt Grøn Festival, Skrive høyringsfråsegner, arrangere ØKOveke, fuglekasse- og insekthotellverkstader, informere om konsekvensar av naturinngrep og klimaendringar m.m.

KOSTRA	Anna
Søkjar	BERGEN DØVESENTER
e-post	post@bgds.no
Tilskot 2019	300 000
Søknadssum 2020	309 000
Sjanger	anna
Hovudføre mål	Vi er kultursenteret for alle som har tegnspråk som hjertespråk. Det er døve, tunghørte, døvblitte og hørende i Bergen og Vestland. Som tegnspråklig møteplass gir vi tilbud om foredrag, debatter, teater, kurs, seniortreff, ungdomstreff osv.
Verkeområde	Deltakerne kommer fra de fleste kommunene i Vestland, men mange flytter til Bergen pga språkmiljøet. Det bør så få døve i hver kommune at det vanskelig kan etableres gode kommunale tilbud.
Søknad	Prioriterte oppgaver i 2020 er barne- og ungdomsarbeidet. Etter at de statlige grunn- og videregående skolene for døve ble nedlagt er mange døve barn- og unge inkludert i bostedsskolene. De fleste har et bra skoletilbud, men et dårlig kultur- og fritidstilbud. Vi ønsker å engasjere en barne- og ungdomsarbeider som driver oppsøkende virksomhet i Vestland og som tilrettelegger tilbud til gruppen i kulturhuset vårt. Egen prosjektsøknad er sendt ExtraStiftelsen og Norges Døveforbund. I uteområdet må vi skaffe finansiere av den bevaringsverdige steinmuren som skiller eiendommen fra bilveien. Muren er i ferd med å rase sammen og utgjør en fare for mennesker og biler. Arbeidet er kostnadsregnet til ca kr. 700.000.

KOSTRA	Anna
Søkjar	KFUK-KFUM I SOGN OG FJORDANE
e-post	sfj@kfuk-kfum.no
Tilskot 2019	-00
Søknadssum 2020	149 295
Sjanger	anna
Hovudføre mål	Å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.
Verkeområde	Sogn og Fjordane

Søknad

Våre prioriteringer i 2020 vil være å engasjere barn og ungdom gjennom forskjellige aktiviteter og bidra til å motvirke eksklusjon ved å tilby inkluderende fellesskap for unge mennesker. Vi vil skape arrangement som alle kan være med på uavhengig av økonomi eller etnisk bakgrunn, føle trygghet i og sørge for trygge rusfrie rammer. Et av våre konsepter er "alle med" og vårt slagord er "vær deg selv og stå opp for andre". "Mer for fler" handler om å skape møteplasser for unge mennesker, hvor de kan utfolde seg og vite at vi alle er gode nok - uansett. Utfordringer for 2020 er å lage relevante programmer som ikke innebærer for store utgifter for deltakere.

KOSTRA	Anna
Søkjar	HENRIETTE CHRISTIE ERTSÅS
e-post	henriette.ertsas@uib.no
Tilskot 2019	-00
Søknadssum 2020	200 000
Sjanger	anna
Hovudføre mål	Virksomehteten vil gjennom teater, film og litteratur bekjempe antivitenskapelige tendenser, tilgjengeliggjøre naturvitenskap produsert på Universitetet i Bergen for menigmann : i by og på land, for voksne og barn, og benytte dramaforløp på scenen.
Verkeområde	Friske, pasienter og pårørende. Brorparten av sceneforestillingene retter seg mot barn og unge. Tilbys skoler, gjerne i distriktet, dit vi rekker med bil. Film på internett og skrevne ord mot voksne publikum i landet for øvrig, og internasjonalt.
Søknad	Utfordringer og prioriteringer for 2020 1) Utvikle minst fire produksjoner 2) Motta finansiering og bestillinger av skoleturnéer 3) Markedsføre overfor nye forskningsgrupper med referanse til produksjonene 4) Filme en teaterproduksjon for TV 5) Utvide mot et internasjonalt publikum 6) Motta oppdrag for å lage nye produksjoner Det er en viss mulighet for at forskningsgruppene vil finansiere forestillingsturnéer av allerede ferdige produksjoner, men sannsynligheten er lav for å få finansiert selve produksjonen, i hvert fall innen jeg har fått etablert meg i deres bevissthet. Driftstønad gjør det mulig for meg å opparbeide et navn slik at forskningsgrupper kan vurdere å outsource denne delen av samfunnsoppdraget til akkurat meg.

KOSTRA	Anna
Søkjar	NFU SOGN OG FJORDANE FYLKESLAG
e-post	gry.setre@gmail.com
Tilskot 2019	-00
Søknadssum 2020	20 000
Sjanger	kultur-formidling
Hovudføre mål	Norsk forening for utviklingshemmede (NFU) er en forening av og for menneske med utviklingshemming og deira pårørande. Vi arbeider for å ivareta mennesker med utviklingshemming sine rettar der dei bur og på nasjonalt plan.
Verkeområde	Vårt verkeområde er innbyggjarane i fylket. Våre tillitsvalte er engasjert i kulturtilbod til våre medlemmer både ved å vere pådrivar for det eksisterande tilbodet og arrangerer sjølv.
Søknad	NFU Sogn og Fjordane og NFU Hordaland vert slått saman i slutten april 2020. Vi er to ganske like fylkeslag med kvar sin stor Kulturfestival/Kultursamling. Den eine i Bergen og den andre i Førde. Ved samanslåing er det viktig å fortsette med begge kulturarrangementa, og i tillegg ynskjer vi å få til ein liknande kulturfestival i Voss. Då vil vi kunne tilby alle vaksne med utviklingshemming eit årleg kulturtilbod. Vi ynskjer sterkt å forankre desse kultursamlingane i fylkeskommuna og arrangere dette i samarbeid, slik vi har god tradisjon for i Sogn og Fjordane. For å få dette til så treng vi aktive tillitsvalte og god organisasjon, som kan samle styret og jobbe målretta med planlegging av arrangementa. Derfor treng vi øk. støtte.

KOSTRA	Anna
Søkjar	STIFTINGA EKSTREME VOSS
e-post	kjetil@ekstremsportveko.com
Tilskot 2019	-00
Søknadssum 2020	600 000
Sjanger	idrett og fril.liv
Hovudføre mål	Gjennomføre den årvisse Ekstremsportveko på Voss, for med det å lage ei tilskipping som dreg utøvarar og publikum, frå inn-og utland. Stimulere den idrottslege aktiviteten i stiftingsklubbane og andre klubbar. Vera leiande innanfor tryggleiksarbeid.
Verkeområde	Ekstremsportveko har aktivitetar i Indre Hordaland, Hardanger og Sogn. Over 50 nasjonar er representerte på Ekstremsportveko, der mellom 30 - 40 prosent av utøverane er frå utlandet. Majoriteten av publikum og frivillige er frå Hordaland, og Noreg.
Søknad	Veko har overlevd oppturar og nedturar i sine 20 år, og har stått på egne bein utan særlege offentlege midlar (1,1 – 1,5 prosent). I fleire år har ein overlevd på grunn av si eksponering i nasjonale TV-sendingar som har gitt eit godt sponsorbudsjett. Dette er sårbare sendingar og midlar, og det skal ikkje meir til enn eit fotball VM eller eit byte i slagord, for at stor del av budsjettet er satt i spel. I tre år har Veko gått i minus og ein har prøvd å kutte kostnader, utan å måtte kutte på tilbod som gir store ringverknadar. Prioritering for 2020 er difor å få på plass internasjonal kringkasting, samt driftsmidlar frå kommune, fylke og stat, som skal kunne vidareutvikle eit varig internasjonalt idrettsarrangement for bredda i befolkinga.



DET KONGELIGE
KULTURDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

18/5064-83

1. november 2019

Invitasjon til kulturpolitisk toppmøte 25. november 2019 - regionreform - drøfting av oppgavedeling på kulturområdet

21. mai i år møtte jeg kulturpolitikere fra alle fylkeskommunene til et kulturpolitisk møte på Gardermoen: Da hadde Stortinget nettopp behandlet *Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* og sluttet seg til nye nasjonale kulturpolitiske mål og prinsipper for oppgavedeling mellom staten og fylkeskommunene på kulturområdet.

Siden den tid har vi gjennomført en serie drøftingsmøter og hatt konstruktiv dialog med dere om forslag til oppgaveoverføringer. Det har også vært kommune- og fylkestingsvalg. På bakgrunn av dette ønsker jeg å invitere til et nytt kulturpolitisk møte med ny politisk ledelse i fylkeskommunene. KS og Sametinget inviteres også til å delta i møtet.

Formålet med møtet er å orientere om status i Kulturdepartementets oppfølging av regionreformen, presentere foreløpige forslag til oppgaveoverføringer og drøfte hvordan vi kan rigge et godt opplegg for mer systematisert dialog i fremtiden.

Tid: 25. november kl 10-13.

Sted: Nationaltheateret Konferansesenter, KS Agenda, konferansesal Nordkapp

Adresse: Haakon VII's gate 9, Oslo

Program:

Dialogmøte kl 10-12.

Felles lunsj i Trakteriet fra kl 12-13.

Deltakelse begrenses til **fire deltakere** fra hver fylkeskommune. Det er ønskelig med både politisk og administrativ representasjon. Jeg ber om at fylkeskommuner som slås sammen

fra 1.1.2020 koordinerer sin deltakelse i møtet og fortrinnsvis stiller med politikere for nye fylkesting.

Vennligst gi en tilbakemelding til postmottak@kud.dep.no innen 15. november om hvem som vil representere fylkeskommunen i møtet. Vennligst gi beskjed samtidig om eventuelle behov for tilpasninger av lunsjmenyen (allergier el.a.).

Jeg ser frem til å møte dere!

Med hilsen



Trine Skei Grande

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Nordland fylkeskommune	Postboks 2500, Fylkeshuset	6404	MOLDE
Oppland fylkeskommune	Fylkeshuset	8048	BODØ
Oslo kommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Rogaland fylkeskommune	Rådhuset	0037	OSLO
Sametinget	Postboks 130	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Avjovårgeaidnu 50	9730	KARASJOK
Telemark fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Troms fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Trøndelag fylkeskommune	Kjørbekk		
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vestfold fylkeskommune	Postboks 2560,	7735	STEINKJER
Østfold fylkeskommune	Fylkets hus		
	Postboks 517, Lund	4605	KRISTIANSAND S
	Postboks 2163	3103	TØNSBERG
	Postboks 220	1702	SARPSBORG

Politiske saker

PS 1/19 Kystpilegrimsleia. regionale pilegrimssenter

Saksnr: 2019/27-1
Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Tor Andreas Titlestad

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	1/19	12.11.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019
Fylkestinget		17.12.2019

Kystpilegrimsleia. Regionale pilegrimssenter**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget sluttar seg til etableringa av regionale pilegrimssenter i Bergen og Selje som ledd i ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.
2. Delfinansiering av drifta av to regionale pilegrimssenter i Vestland vert handsama som del av arbeidet med økonomiplanen og budsjett 2020.
3. Driftsfinansiering føreset at tiltaka vert finansiert etter ein modell der staten dekkjer 60%, kommunane 20% og Vestland fylkeskommune 20% av driftskostnaden.
4. For driftsåret 2020 vert kr 800.000 nytta som bidrag til prøvedrift av eit pilegrimssenter i Vestland inntil statleg finansiering er stadfesta.

Samandrag

Saka gjeld etablering av to regionale pilegrimssenter i Vestland fylke, eit i Hordaland og eit i Sogn og Fjordane.

Årleg kostnad for Vestland fylkeskommune vil vere kr 400.000 for eitt senter, kr. 800.000 for to. Prosjektleiaren legg til grunn at ev. finansiering av drifta av dei to regionale pilegrimssentra vert handsama som del av arbeidet med budsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune frå 2020.

Kystpilegrimsleia er med i den politiske plattformen for nye Vestland fylkeskommune: *Medverke til utviklinga av Kystpilegrimsleia, i nært samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, kommunar og kyrkje*

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld etablering av to regionale pilegrimssenter i Vestland fylke, eit i Hordaland og eit i Sogn og Fjordane.

Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 – 2037. Politisk forankring

Saka er forankra i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar si handsaming av *Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 – 2037*. I Hordaland gjorde fylkesutvalet vedtak i saka 29.05.2019, jf. [PS 81/2019](#). I Sogn og Fjordane handsama fylkesutvalet planen, jf. vedtak i sak 19/3911-2 den 08.05.19.

Begge fylkeskommunar har dermed slutta seg til hovudintensjonane i den nasjonale pilegrimsatsinga og etableringa av regionale pilegrimssenter: Kystpilegrimsleia gjennom Hordaland og Sogn og Fjordane er godkjend som lei i det nasjonale systemet av pilegrimsvegar. Oppfølginga av langtidsplanen inneber tilrettelegging av pilegrimsvegane og etablering av regionale pilegrimssenter langs desse.

Politisk sak om etablering av slikt senter i Hordaland vart handsama i Hordaland fylkeskommune i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling 21.05.2019. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke, jf. [PS80/2019](#). Utvalet peikte ut Bergen som stad for etablering av eit senter og la til grunn at ei ev. finansiering av drifta det regionale pilegrimssenteret vert del av arbeidet med budsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune frå 2020.

Politisk handsaming i Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Hovudval for kultur og næring, gjorde 1. oktober 2019 følgjande vedtak:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune vil fremje Selje som regionalt pilegrimssenter som ledd i ein varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.*
2. *I finansieringa av det regionale pilegrimssenteret i Selje, vert det lagt il grunn at fylkeskommunen bidreg med kr. 400.000 per år frå 2020 (20% av totalkostnad på 2 mill.) under føresetnad av at staten dekker 1,2 mill. (60% av totalkostnad) og Stad kommune kr. 400.000 (20% av totalkostnad) frå 2020.*
3. *Saka vert sendt vidare til finansutvalet i Vestland fylkeskommune for innarbeiding i budsjett og økonomiplan for 2020*

Statsbudsjettet

Kystpilegrimsleia inneber at det kjem inn 4 nye Regionale pilegrimssenter totalt i Kystpilegrimsleia. Frå før, høyrer 6 regionale pilegrimssenter inn under Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim. Statsbudsjettet for 2020 tek ikkje høgde for auken i talet på regionale pilegrimssenter. For at den statlege finansieringa kan kome inn på statsbudsjettet frå 2021, vurderer prosjektleiaren at den regionale finansieringa bør vere på plass frå 2020.

Politisk handsaming i Vestland fylkeskommune

Det vert fremja liknande politiske saker i alle dei fylkeskommunane som er prosjekteigarar i Kystpilegrimsleia (Rogaland, Hordaland/Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag). Slik prosjektleiaren vurderer saka, vil den intensjonen Vestland fylkeskommune syner i høve regional deltaking vere viktig for vidare samarbeid, med kyrkje, stat, aktuelle kommunar og fylkeskommunar.

Ettersom ei mogeleg etablering av regionale pilegrimssenter vil ha økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune vert saka lagt fram for finansutvalet og fylkestinget.

Høyringsutkast til langtidsplan - Finansieringsmodell

Ut frå den finansieringsmodellen som er lagt til grunn, er årleg kostnad for Vestland fylkeskommune kr 400.000 for eitt senter, kr. 800.000 for to. Prosjektleiaren legg til grunn at ev. finansiering av drifta av det regionale pilegrimssenteret vert handsama som del av arbeidet med budsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune i åra frå 2020, og at ein finansierer tiltaket innanfor gjeldande budsjetttrammer.

I samsvar med Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 – 2037 er det etablert ein finansieringsmodell der staten dekkjer 60% av kostnadene og regional/lokal medfinansiering er 40%. Dette gjev følgjande kostnadsbilete i Vestland fylke:

<i>Institusjon</i>	<i>Finansiering pr. år</i>
Stat 60%	2,4 mill.
Vestland fylke 20%	800.000
Kommunane 20%	800.000
SUM	4 mill.

Regionale pilegrimssenter i høve til regionreforma

Kystpilegrimsleia med regionale pilegrimssenter, der fem fylkeskommunar stiller seg bak, er eit tiltak som høver godt i høve til regionreforma si vektlegging av fylkeskommunane si samfunnsutviklarrolle.

Historikk - Pilegrimsleia og pilegrimssenter:

Jf. Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 – 2037 vil tilrettelegginga av pilegrimsvegane og etableringa av regionale pilegrimssenter vere sentrale oppgåver. For å realisere høyringsutkastet sine mål vil kommunar og fylkeskommunar få sentrale roller, mellom anna for å utløyse kulturell og økonomisk verdiskaping i lokalsamfunna.

I møte 11. april 2019 gjorde styringsgruppa for Kystpilegrimsleia følgjande vedtak:

For å sikre politisk forankring regionalt ber vi om at det snarast vert lagt fram ei politisk sak i dei involverte fylkeskommunane om varig regional satsing på Kystpilegrimsleia, slik at det sikrar framtidig bruk og ivaretaking av leia.

Vi ber om at finansiering til drift av eitt (to) regionale pilegrimssentra i samsvar med det geografiske område som ligg inn i eigen fylkeskommune, vert innarbeida i budsjett og økonomiplan frå 2020, i samsvar med den finansieringsmodellen som er lagt fram i Langtidsplanen til regionale pilegrimssentra. Dette inneber eit spleiselag der statleg finansiering utgjer 60 prosent og den lokale finansieringa utgjer 40 prosent fordelt regionalt/kommunalt. I utkast til Langtidsplan er det lagt opp til kr 1,2 mill. per senter i statleg finansiering.

Styringsgruppa for Kystpilegrimsleia anbefalar fire regionale pilegrimssentra i tråd med utkast til Langtidsplan. Lokaliseringa må forankrast lokalt og regionalt. Valet bør gjerast på bakgrunn av følgjande kriteria:

- *Avstand mellom sentra og geografisk dekningsområde*
- *Tal på nøkkelstader pr. RPS bør vere så likt som mogeleg*
- *Kvalitetar som heilagsmål vert teke omsyn til*
- *Lokalt og regionalt engasjement*
- *Tilgjenge/infrastruktur*
- *Etablerte institusjonar som kan ta oppgåva*
- *Kompetansemiljø/nettverk*

Eitt eller fleire regionale pilegrimssenter?

Målet for Langtidsplan for pilegrimssatsing 2019 – 2037 er: *Pilegrimsleden - St. Olavsvegane til Trondheim skal være en av de viktigste pilegrimsrutene i Europa og en kjent og aktet vandringsled i Norge.*

Høyringsutkastet legg opp til fire satsingsområde:

- *Kyrkjeleg forankring.* Den norske kyrkja har ei sentral rolle i høve det moderne pilegrimsfenomenet og som forvaltar av historiske ressursar. Det er viktig at kyrkjene langs leia haldast opne i sesongane.
- *Reiseliv (næringsutvikling).* Samarbeid med det organiserte reiselivet på utvikling av tilbod, pakketering av tilbod og marknadsføring.
- *Kultur.* Å tilgjengeleggjere og formidle dei store kulturattraksjonane kystkulturen langs leia representerer

- *Miljø.* Pilegrimsvandring, sjølv i overført tyding som reise langs kysten, skal vere grøn turisme og i samsvar med dei 10 berekraftmåla Visit Norway har utvikla rundt bevaring av natur, kultur og miljø, og styrking av sosiale verdiar og økonomisk levedyktigheit.
- *Europeisk kulturveg.* St. Olavsleiene i Noreg er med i Europarådet si satsing på Europeiske Kulturveggar.

Frå før er det i drift 6 regionale pilegrimssentra (Østerdalsleden og Gudbrandsdalsleden). Langtidsplanen legg opp til at det vert etablert i alt 4 regionale pilegrimssentra i Kystpilegrimsleia som skal fungere i samspel med Nasjonalt Pilegrimssenter og Nidaros Domkyrkje som pilegrimsmål. Dette skal ta i vare dei lokale interessene, tilretteleggings- og informasjonsbehov.

Fire senter gjeld strekninga mellom Egersund og Trondheim. Ein vesentleg del av dette er kysten i Vestland. Store geografiske avstandar vil gje utfordringar m.o.t. oppfølging, kvalitet og kontinuitet i det lokale tenestetilbodet. Difor er det tilrådd at to av dei regionale pilegrimssenter vert etablert innanfor Vestland fylke.

Organiseringa av regionale pilegrimssenter vil verte gjeldande frå 2020, og det er nødvendig med ei samordning av planane i Sogn og Fjordane og Hordaland. Politiske og administrative representantar frå Sogn og Fjordane og Hordaland hadde møte om dette 10. april 2019 i Bergen. I møtet vart det tilrådd at det i Vestland fylke kan vere tenleg med 2 senter, eitt i Sogn og Fjordane og eitt i Hordaland. I Sogn og Fjordane står valet mellom Kinn og Selja. I Hordaland vart det tilrådd at ei eventuell etablering av eit regionalt pilegrimssenter bør skje i Bergen.

Ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia og etableringa av regionale Pilegrimssenter (RPS), føreset at dei regionale pilegrimssentra byggjer vidare på og vidareutviklar dei nøkkelstadene Kystpilegrimsleia har peika ut. Desse er valde ut med grunnlag ei rekke kriteria, har alle fylka valt ut nøkkelstader. I Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld det følgjande stader:

<i>Hordaland:</i>	Prioritet:
Moster/Bømlo	2
Sund/Fjell/Øygarden	4
Bergen/Fana	1
Fitjar/Sveio	6
Lindås/Radøy/Austrheim	5
Halsnøy Kloster	3
<i>Sogn og Fjordane:</i>	
Gulatingstaden/Eivindvik	3
Kvernsteinsparken	4
Kinn i Flora	1
Selje kloster	2
Vilnes i Askvoll	6
Korssund i Fjaler	7
Svanøy i Flora	5

I Hordaland har stadene ulike gradar av organisering og tilrettelegging når det gjeld å ta imot pilegrimsturisme. Moster og Halsnøy kloster har tenleg organisering og lang røynsle. Kvinnherad og Bømlo kommunar stiller seg også bak deira nøkkelstadar i tilknytning til Kystpilegrimsleia. I Bergen, som ut frå historia ligg som prioritet 1, er rik på institusjonar som kan ta roller i denne samanhengen.

I Sogn og Fjordane er det i første rekke Selja og Kinn som er aktuelle for organisering og tilrettelegging for pilegrimsturisme. Her er det stor lokalt engasjement og begge stadene har erfaring med pilegrimsarrangement, historiske spel og pilegrimsvandringar. Mellom dei to stadene går også Sunnivaleia, som det knyter seg stort kyrkjeleg engasjement til og der det kvart år vert arrangert pilegrimsreise/vandring mellom dei to øyane. Både Flora (Nye Kinn kommune) og Selje (Nye Stad kommune) stiller seg bak deira nøkkelstader i tilknytning til Kystpilegrimsleia.

Regionale Pilegrimssentra – funksjonar og innhald

Kvart RPS skal ha sitt ansvar for eit definert geografisk område langs Kystpilegrimsleia. Ansvarsområda skal verte bestemt slik at dei saman med Nasjonalt Pilegrimssenter sitt ansvarsområde dannar ei

samanhengande kjede frå Egersund til Nidaros langs kysten. RPS skal organiserast og virke slik at samarbeid om pilegrimssatsinga fremjast mellom kommunar, kyrkjelyder av ulike konfesjonar, næringslivsaktørar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar innanfor regionen. Ved kvart RPS skal det være tilsett ein person som er ansvarlig for den daglege verksemda.

RPS skal bidra til fornying og utvikling av pilegrimstradisjonen i Norge gjennom samarbeid seg imellom, med Nasjonalt Pilegrimssenter, andre RPS i Pilegrimsleiene, pilegrimsprestane, pilegrimsforeiningane; Den norske kyrkja og andre.

I drøftinga vil det vere ei avveging å ta inn organisatoriske føresetnader som alt er på plass – det vil alltid vere rimelegare å utvikle eksisterande organisasjonar enn å byggje opp noko nytt. RPS bør primært ha faglege funksjonar, kulturformidling, gaiding - i tillegg til å ha viktige funksjonar ovanfor kyrkja (opningstider, pilegrimsgudstenester mv.).

Pilegrimsturisme har også trong for praktiske tenester, som booking, reiseplanlegging – og reiseinformasjon på førehand og under reisa. Dette er funksjonar det etablerte reiselivet er dyktige på og har apparat for, td den interregionale organisasjonen Fjord Norge med hovudkontor i Bergen og som 4 av fylka på Vestlandet støttar opp under (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal).

Økonomi

Innlemminga av Kystpilegrimsleia i dei nasjonale pilegrimsleiene, vil føre til auke i talet på regionale pilegrimssentra med minimum fire. Økonomien i det nasjonale systemet er basert på årlege tildelingar av statsmidlar til RPS gjennom Nasjonalt Pilegrimssenter og på anna (regional og lokal) medfinansiering.

Jf. langtidsplanen: For å bygge robuste enheter som kan bidra til fortsatt vekst i pilegrimstrafikken, og samtidig styrke kvaliteten på opplevelsene, stipuleres årlige driftskostnad pr. RPS til 2 mill. Den statlige grunnfinansieringen bør settes til 60 % driftskostnaden, slik at hvert RPS får et årlig driftstilskudd på 1,2 mill.

Byrådet i Bergen kommune handsama saka *Høringsuttalelse til langtidsplan 2019 – 2037 – Pilegrimsleden. Ønske om etablering av regionalt pilegrimssenter i Bergen* i møte 09.05.2019. I brev frå Bergen kommune til Nasjonalt Pilegrimssenter dagsett 14.05.2019, heiter det mellom anna: *Byrådet ønsker å fremme Bergen som vert/lokasjon for et regionalt pilegrimssenter langs Kystpilegrimsleden. Det ble fattet vedtak om at byrådet vurderer avsetning av 0,4 mill. kr til etablering av regionalt pilegrimssenter i Bergen i forbindelse med forslag til Handlings – og økonomiplan 2020 – 2023/Budsjett 2020.*

Basert på 2 regionale senter i Vestland vil såleis kostnadene for Vestland fylkeskommune pr. år vere kr 800.000.

Slik prosjektleiaren vurderer saka, vil den intensjonen Vestland fylkeskommune syner i høve regional deltaking vere viktig for vidare samarbeid, t.d. med kyrkje, stat og aktuelle kommunar. Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar har vedteke å gå inn med midlar til regionale pilegrimssenter. Både Selja og Bergen kommunar arbeider med å få inn kommunale bidrag på kr 400.000 pr. kommune frå 2020. For Kystpilegrimsleia under eitt, vil det totale regionale og kommunale bidraget kunne vere:

Rogaland fylkeskommune 400.000/år, kommunale bidrag 400.000/år	800.000
Vestland fylkeskommune, 2 regionale pilegrimssenter 800.000, kommunale bidrag 800.000	1.600.000
Møre og Romsdal fylkeskommune 400.000/år, kommunale bidrag 400.000/år	800.000
SUM	3.200.000

Trøndelag fylkeskommune er spesiell ved at Nasjonalt Pilegrimssenter ligg i Trondheim, og ved at Pilegrimsgården og Nidarosdomen der er mål for alle St.Olavleiene i Noreg.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: To regionale Pilegrimssenter vil fører til auka kostnader på kr. 800.000 pr. år

Klima: Pilegrimsturisme er småskala reiseliv som i sin karakter ikkje har negativ påverknad på ytre miljø.

Folkehelse: Pilegrimsvandringar er aktiv fritid som stimulerer til betre folkehelse.

Regional planstrategi: Tiltaket er forankra i regional kulturplan og i handlingsprogrammet i Hordaland. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er tiltaket forankra i regional plan for kultur, «nytte kulturarven aktivt i næringssamanheng.»

Konklusjon

Ei mogleg etablering av regionale pilegrimssenter vil ha økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Driftsfinansiering føreset at tiltaka vert finansiert etter ein modell der staten dekkjer 60%, kommunane 20% og Vestland fylkeskommune 20% av driftskostnaden.

Saka har eit hastemoment ettersom den statlege delen av finansieringa ikkje er på plass frå 2020. Skal ein ha von om at den statlege delen av finansieringa skal kome på plass frå 2021, er det viktig at den regionale finansieringa er på plass frå 2020.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ev. finansiering av drifta av det regionale pilegrimssenteret vert handsama som del av arbeidet med budsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune frå 2020.

Saksnr: 2019/23-1
Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Elisabeth Bjørsvik, Inger Lena Gåsemyr

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	2/19	12.11.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019
Fylkestinget		17.12.2019

Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland og Sogn og Fjordane - samt magasinutfordringar for KODE**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget ber om at dei aktuelle initiativa vert koordinerte og at ein vurderer ei eventuell samordning av dei ulike magasinprosjekta i samarbeid med Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland, Musea i Sogn og Fjordane og KODE. Det bør etablerast ei prosjektgruppe, koordinert av Vestland fylkeskommune, som arbeider med lokalisering og vidare utvikling av prosjektet.
2. Finansieringa av nytt fellesmagasin må spegle det nasjonale, regionale og kommunale ansvaret som samlingsforvaltinga gjennom fellesmagasinet representerer. Fylkestinget ser det som ein føresetnad for realisering av prosjektet at finansiering av nytt fellesmagasin vert eit slikt felles løft, og ber difor fylkesrådmannen føreslå finansiering.

Samandrag

Saka gjeld utvikling av tenlege magasin for musea i Vestland fylke og samordning og koordinering av dei aktuelle løysingane som er peikt på i Sogn og Fjordane og Hordaland. For Vestland fylkeskommune vil det vere viktig at ulike initiativ vert sett i samheng og at desse får ei avklaring i økonomiplanen og i budsjett 2020.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Vedlegg

- 1 Musea i Sogn og Fjordane - pressemelding
- 2 Kode Kunstmuseer og komponisthjem - magasinutfordringer
- 3 Svar - søknad om investeringsmidlar til fellesmagasin i Angedalen
- 4 Avtale mellom Museumssenteret i Hordaland (MuHo) og KODE

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Proessen med å kartlegge og greie ut ulike utfordringar har vore omfattande. Rapporten vart presentert av Museumssenteret i Hordaland i Utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt møte 19.3.2019.

Rapporten seier noko om korleis musea har utvikla seg frå å vere frivillige til å bli profesjonelle samfunnsaktørar som bevarer kulturarven i tråd med gjeldande planar og lovverk. Heilt frå planleggingsfasen var det klart at magasinarealet på 1300 m² berre var eit første steg på vegen for å løyse dei store utfordringane musea i Hordaland hadde i forhold til sikker lagring av samlingane. Dagens fellesmagasin er for dei gjenstandane som dei konsoliderte musea vurderer til å ha eineståande regional eller nasjonal interesse (ERNI). Rapporten viser status for bevaringsforholda ved musa, og peikar på behov for revisjon av delar av samlingane. Den tar opp tekniske krav knytt til bevaring i høve til lys, klima, luftboren ureining, tjuveri og hærverk, brannsikring og skadedyr. Berre 16% av dei besøkte magasinane er vurdert som akseptable i høve til klima, branntryggleik og tjuverisikring. Dei resterande 84 % er enten «ikkje akseptabelt» eller «ueigna» til dette føremålet, slik forholda ser ut i dag.

Rapporten har konkrete tilrådingar knytt til ulike magasinalternativ, erfaringar frå andre prosjekt, lokalisering av nytt fellesmagasin, framtidig arealbehov, økonomi og eigarforhold, som vert omtalt i dei to neste avsnitta.

Ulike magasinalternativ, erfaringar frå andre prosjekt, lokalisering og framtidig arealbehov. Det er vurdert om det er tenleg å byggje nytt eller om ein skal oppgradere lokale magasin, i tillegg til eit 0-alternativ. Nokre få av dei lokale magasinane som er undersøkt kan brukast til oppbevaring av museumsgjenstandar dersom dei blir rehabiliterte. Ein vil ikkje få løyst magasinbehov for bevaring av store gjenstandar. Fleire av dei lokale magasinane er lokalisert i kulturhistoriske bygningar som loft, løer, naust og andre lokalar som ikkje er eigna til oppbevaring av gjenstandar på permanent basis. I høve til nybygg har ein vurdert nybygg knytt til ei minimumsløysing der ein får til rådvelde ei tomt. Det er tenkt ei utviding av dagens konserveringsteneste til og å dekkje dei felte som Bevaringstenestene ikkje dekkjer i dag, men som er tenester som musea etterspør til sine samlingar. Dette gjeld mellom anna maleri og kunst på papir, samt konservering av større gjenstandar som møblar, båtar og samlingar for teknisk/industrielle kulturminne. Ein har sett på erfaringar frå andre fellestiltak.

I Vestfold er alle musea slått i saman til Vestfoldmusene, som driftar eige fellesmagasin i ein relativt ny industrihall. I Østfold er også musea slått i saman og driftar sjølv fellesmagasinet, mens Rogaland fylkeskommune eig og driftar fellesmagasinet. Delar av arbeidsgruppa har delteke i internasjonale fora der mellom anna magasin og oppbevaring har vore tema.

Eit nytt magasin vil aldri kunne romme heile samlinga i musea. Det er difor gjort streng prioritering i høve til det som allereie er samla inn i fellesmagasinet og som er forankra i *Felles plan for samlingsforvaltning 2015-2020*. Sjølv om det er flytta inn ca. 17.000 gjenstandar inn i fellesmagasinet sidan opninga av Bevaringstenestene i 2006, er situasjonen prekær for musea. KODE ynskjer å flytte store delar av sine samlingar til eksternt magasin, Sunnhordland har hatt vasslekkasje i sine magasin og har difor måtte evakuere samlingane, Bymuseet forvaltar store gjenstandar som treng gode og tørre lager og på Osterøy museum er magasinane fulle. Nye bygg med gjennomtenkt lågenergiløysing skårar best i høve til investering og drift samanlikna med renoverte industribygg og nyare magasinbygg frå 1980-2000-talet.

Tilråding

Rapporten rår til at det bør etablerast eit nytt fellesmagasin ikkje langt frå Salhus nær døgnbemanna brannstasjon og anna trafikal infrastruktur. Rapporten konkluderer med at det er eit arealbehov på om lag 9000 m², som vil bety ein vesentleg investeringskostnad, men relativt låg årleg driftskostnad.

Økonomi og eigarforhold

Bevaringstenestene i Hordaland, ved Museumssenteret i Hordaland (MuHo) får driftsmidlar frå stat, fylkeskommune og kommune. Driftskostnadane til sjølve bygningane, t.d. eigedomsutgifter, straum og forsikringar, vert dekkja av Hordaland fylkeskommune (HFK), medan kostnader til vanleg vedlikehald vert utført av MuHo og refundert av HFK. HFK eig bygningane men har overført den daglege forvaltninga til MuHo. Dette har bakgrunn i at Bevaringstenestene vart lokalisert i bygningar som HFK kjøpte inn og renoverte til føremålet. Det vart investert totalt 48 320 mill. kr. over to byggetrinn, der fordelinga mellom stat og fylkeskommune var 60/40 %. Det vart og samla inn bidrag frå private givarar.

Både Bevaringstenestene, MuHo som konsolidert museum og musea har vore særns nøgd med at Hordaland fylkeskommune eig bygningane som huser magasin og konserveringsatelier. Hovudgrunnen til dette er at anlegget utgjer ei felles teneste for alle musea, og at det vert prinsipielt feil om eit museum åleine skal ha ansvaret for bygningar som alle musea skal dele på.

Tilråding

Rapporten legg til grunn at sidan musea ikkje har økonomi til å investere i eit slikt tiltak, bør fylkeskommunen eige det nye fellesmagasinet på same måte som for Bevaringstenestene. Sjølve magasinet skal vere for dei konsoliderte musea, som arbeider etter samlingsforvaltingsstandarden SPECTRUM og som føl ICOM sitt etiske regelverk for museum. Magasinbehov for samlingar eigd av lag og foreiningar må løysast lokalt. Dersom det er semje om at gjenstandar har eineståande regional eller nasjonal interesse bør historielaga og kommunane vurdere om desse delande av samlinga bør overførast permanent til næraste ansvarsmuseum.

1. Fellesmagasin i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) har store utfordringar når det gjeld tilfredstillande oppbevaringstilhøve for samlingane. Det har difor lenge vore arbeidd med å finne ei løysing for magasin situasjonen. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i oktober 2007 å ta ansvar for realisering av fellesmagasin for musea i fylket, med føresetnad om at dei samla magasinbehova i fylket blir dekkja. MiSF kjøpte i januar 2017 tidlegare Ramstad Eskefabrikk i Førde, Angedalen, til bruk som fellesmagasin for «båtar og store museumsobjekt, landbruks-gjenstandar og maskiner». Bygget har ei grunnflate på 3783 m² med tilhøyrande tomt med parkering- og tilkomstareal på 7155 m², med opsjon på 1000 m² tilleggsareal. Det er stadfesta at eskefabrikken har tilstrekkeleg areal til å dekke dei samla magasinbehova i MiSF. Når heile bygget er tatt i bruk som magasin, har bygget magasinareal med ei effektiv grunnflate tett på 3000 m². I tillegg kjem 741 m² båtmagasin og publikumsmagasin på 273 m².

Kostnadar og finansiering er budsjettert til 65 mill. kr., der staten bidrar med 40 mill. kr. og fylket 20 mill, kommunane 1 mill. kr og eigenfinansiering 4 mill. kr. Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i møte 04.06.2019 i samband med handsaming av tertialrapport 1/19; FT-sak 31/19, vedtaks pkt 9, løyvde 20 mill. kr. til investering i fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane. For meir info sjå vedlegg i saken.

Tilrådingar

I Kulturrådet si vurdering av prosjektet vert museet oppmoda til å arbeide vidare med prosjektet i Angedalen. I strategiplanen for MiSF (2018-2021) er nytt fellesmagasin vurdert som sentralt for styrking av samlingsforvaltninga og fagleg utvikling av museet. Det er vedtatt å gjennomføre ei vurdering av bevaringstilhøva ved avdelingane ved å nytte analyseverktøyet *Benchmarks 2.0* i løpet av 2020. MiSF meldte i 2018 inn til Sogn og Fjordane fylkeskommune investeringsbehova for musea, der felles magasinutfordringar blir høgast prioritert. I prosjektskildringa står det mellom anna at:

«Skisseprosjektet har hatt som formål å syne korleis fabrikkbygget kan byggast om til fullverdig magasin for alle typar gjenstandar, med dei krav til arbeidstilhøve, klima, logistikk, handsaming av gjenstandar og sikring som følgjer av dette. Ut frå økonomiske omsyn og eit miljøperspektiv har det vore eit ønske å nytte så mykje som mogleg av eksisterande bygg, samstundes som fellesmagasinet skal vere eit framtidretta bygg som er utforma i samsvar med bygningstekniske standardar og krav til universell utforming.»

2. Magasinbehov for KODE – kunstmuseer og komponisthjem

KODE har meldt om akutt behov for ny og auka magasinkapasitet, berekna til 3000 m² i søknad om driftstilskot til Vestland fylkeskommune 2020. Dei søker difor fylket om ei auke på 3 152 000 til etablering av eksternt magasin på Kokstad. Behovet for eksternt magasin vart presentert munnleg i utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt møte 21.5.2019. Det vart då vist til at manglande eller dårlege lagringsforhold kan få stor negativ verknad på 50 000 uerstattelege verk.

Situasjonen for samlingar ved KODE har forverra seg etter KODE 1 si ombygging, då 800 kvm vart endra frå magasin til konsertsal. I tillegg er tre utstillingssalar i KODE 1 tatt i bruk til magasin, der det har vore store utfordringar knytt til støvsanering. Fylkesutvalet vedtok i møte 06.12.2018, PS 308/2018, å tildele KODE 500.000,- kr i ekstraordinære midlar til prosjektleiing knytt til støvsanering i KODE 1. Det er knytt store utfordringar til kor gjenstandane skal lagras etter støvsaneringa som no går mot slutten. NIKU, som er KODE sin eksterne fagekspertise, anbefalar ikkje lagring i Kinasalen, då den har for dårlig klima og lysforhold. Dette fører til at KODE 1 fortsatt må holde stengt for publikum på ubestemt tid.

I brev frå Bergen kommune til Hordaland fylkeskommune datert 16.08.2019 oppmodar Byråden stat og fylkeskommune om å auke driftstilskotet til KODE for å kunne sikre at museet sitt driftsbudsjett tar høgde for auka leigekostnader til magasin og øvrig drift. Magasinbehova til KODE er omtalt i Kulturarenaplan for Bergen 2019-2030. Bergen kommune konkluderer med at KODE sin magasinsituasjon er prekær. Det hastar difor å finne ei løysing. Byrådet har difor i samband med Tertialrapport 1-2019 auka driftstilskotet til KODE med 3,3 mill kr. for å dekke auka driftskostnader for magasiner, og kommunen arbeider med å få dette beløpet inn som ei permanent auke frå og med 2020.

KODE har frå 01.01.2017 inngått avtale med Bevaringstenestene, ved MuHo, om at dei skal utføre konserveringstenester for KODE, både innan tekstil- og gjenstandskonservering innan ei kostnadsramme på kr. 1 339 000 pr. år. I avtalen ligg det ein felles intensjon om at Bevaringstenestene skal tilby konserveringskompetanse på måleri og papirarbeid. Bevaringstenestene kan ikkje skaffe seg slik kompetanse utan at dei økonomiske føresetnadane vært innfridde gjennom auka tilskot/eller andre samarbeidsavtalar på feltet. KODE treng slik kompetanse på MuHo om prinsippa for avtalen skal vidareførast og vidareutviklast. Avtalen fastsett at KODE kan stille konserveringsatelier for maleri og papir til disposisjon for MuHo etter avtale.

KODE har inngått leigeavtale med Victora Eiendom 5 AS for lagring av kunst, kunstgjenstandar, konservering og vedlikehald av kunst og verksemd som naturleg høyrer til i tillegg til kontor i eit bygg på ca. 3024 m² på Kokstad. Leigeavtalen vart inngått 06.06.2019 og varer 30 år fram i tid og kan ikkje seiast opp i leigeperioden.

Prosjektet, som skal løyse KODE sine utfordringar knytt til magasin, har ikkje tatt omsyn til kva behov dei andre konsoliderte musea tidlegare har spelt inn i høve til oppbevaring/konservering av maleri, papir m.m jf. evaluering av museumsreforma i Hordaland. Prosjektleiar meiner difor at det nye magasinet på Kokstad er eit lokalt magasin for KODE sine samlingar. Prosjektet bør likevel vurderast opp mot intensjonsavtalen KODE har med Bevaringstenestene ved MuHo som seier at dei skal kunne tilby konserveringskompetanse på måleri og papirarbeid, dersom det føreligg auka tilskot eller andre samarbeidsavtalar på feltet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: Kan bli avklart og vedtatt i økonomiplanen og budsjett 2020

Klima: Musea som samfunnsaktør i lokalsamfunnet må kunne formidle konsekvensar av klimaendringar, sett i samanheng med endringar og fornying i samfunnet.

Folkehelse: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Musea er ein viktig samfunnsaktør særleg knytt til arbeid med integrering, inkludering, styrking av lokal og regional identitet og frivillig arbeid.

Regional planstrategi: Musea er viktige aktørar innan forvaltning av samlingar, forskning, formidling og fornying. Musea vil særleg kunne bidra med kunnskap knytt til bærekraftig utvikling og ressursforvaltning.

Konklusjon

Dei tre magasinprosjekta kan få vesentlege konsekvensar i høve investeringar og drift for Vestland fylkeskommune. Det er difor viktig at dei ulike alternativa vert sett i samanheng og at desse får ei avklaring i høve vidare budsjettprosess for 2020 og åra som kjem. Både fellesmagasin for musea i Hordaland og Sogn og Fjordane er tenkt som ein del av fellestenestene for musea. Det må difor vurderast om desse to prosjekta kan samordnast som ein del av fellesmagasin for musea i Vestland fylke. KODE sitt magasinprosjekt er ikkje eit slikt fellesprosjekt, då det berre omhandlar museet sine egne samlingar. Det bør likevel vurderast om prosjektet kan utviklast til å bli ein del av ei fellesteneste på oppbevaring/konservering av maleri, papir, digitale foto, filmopptak, lydopptak m.m. for musea i Vestland fylke. Prosjektleiar rår difor til at Vestland fylkeskommune koordinerer og vurderer ei eventuell samordning av dei ulike magasinprosjekta i samarbeid med Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland,

Musea i Sogn og Fjordane og KODE. Det bør etablerast ei prosjektgruppe med byggteknisk kompetanse, koordinert av Vestland fylkeskommune, som arbeider med lokalisering og vidare utvikling av prosjektet.

Pressemelding

Sandane, 7.10.2019

Musea i Sogn og Fjordane får 40 millionar kroner i statleg støtte til fellesmagasin

I statsbudsjettet for 2020 har Kulturdepartementet gitt tilråding om tilsegn på kr. 40 millionar kroner over post 70 «Nasjonale kulturbygg» til realisering av prosjektet «Fellesmagasin i Angedalen». I pressemeldinga i høve statsbudsjettet skriv departementet følgjande:

«Musea i Sogn og Fjordane har overteke ein nedlagt eskefabrikk i Angedalen utanfor Førde sentrum for å bruka han til fellesmagasin. Prosjektet skal utnytte eksisterande fabrikkbygning i størst mogeleg grad, med vekt på økonomi og berekraft, og skapa gode og moderne lagringstilhøve for samlingane. I éin seksjon i bygningen skal det dessutan leggjast til rette for publikum og formidling.»

Tidlegare har Sogn og Fjordane fylkeskommune fatta vedtak om ei løyving på 20 millionar til prosjektet, som såleis er fullfinansiert. Musea i Sogn og Fjordane kjøpte tidlegare Ramstad eskefabrikk i 2017 for 12 millionar, og saman med prosjektkostnadane på 65 millionar har prosjektet ei totalkostnad på 77 millionar.

Det har vore arbeidd med å realisere felles magasin for musea i fylket sidan 2006, før danninga av den konsoliderte stiftinga Musea i Sogn og Fjordane i 2009. Tilhøva for samlingane til MiSF har over lang tid vore lite tilfredsstillande, og i ei vurdering av Musea i Sogn og Fjordane frå 2017 skriv Kulturrådet følgjande:

«Museets største utfordring er magasinsituasjonen, som er langt fra tilfredsstillende. Så mye som 43 % av gjenstandssamlingene ble oppbevart under dårlige oppbevaringsforhold. Det samme gjaldt 23 % av fotosamlingen og 48 % av farkostene. Dette er alarmerende tall.»

Med realisering av fellesmagasin i Angedalen vil Musea i Sogn og Fjordane endeleg vere i ei situasjon der samlingane kan forvaltast på ei tilfredsstillande måte, med ei profesjonell handsaming av gjenstandane. I prosjektet skal eskefabrikken i Angedalen utanfor Førde byggast om til eit berekraftig museumsmagasin som kan huse både kunst, landbruksreiskap, båtar og tekstilar, mellom anna. Fellesmagasinet vil vere ei god arbeidsplass for dei tilsette, med ideell infrastruktur for mottak, reingjering/konservering, registrering, fotografering, pakking og transport. Prosjektet vil og huse eit publikumsmagasin, som gjer moglegheit for framsyning av større mengd gjenstandar, innblikk «bak kulissane» i forvaltingsarbeidet og formidlingsaktivitetar.

«Fellesmagasin i Angedalen er eit utruleg viktig prosjekt for Musea i Sogn og Fjordane. For MiSF som heilskap, er manglande magasin og oversikt pr. i dag eit hinder for ei god framdrift når det gjeld registrering, digitalisering og tilgjengeleggjering. Prosjektet er såleis sentralt for at MiSF kan utnytte potensialet i samlingane til forskning og formidling. Til saman dannar prosjektet ei kjerne i den framtidige berekraftige samlingsutviklinga. Vi har vidare tru på at byggeprosjektet vil ha ei viktig funksjon for å styrke det faglege arbeidet i MiSF», seier administrerande direktør Kjartan Aa Berge

Tilrådd driftstilskot for 2020 er på **38 595 000**, ei auke på 2,7 prosent. Dette er i samsvar med forventna auke, og på line med generell auke til musea. Musea i Sogn og Fjordane søkte også om støtte til Verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Dette prosjektet, som alt er sikra kommunal støtte frå Gloppen kommune, fekk ikkje støtte, og vi vil arbeide vidare med å sikre fylkeskommunal og statleg støtte til dette viktige prosjektet.

Kontaktperson:

Administrerande direktør Kjartan Aa Berge, 414 46 439, Kjartan.Aa.Berge@misf.museum.no

Vedlegg:

Fellesmagasin Førde - Eksteriør perspektiv.jpg

Fellesmagasin Angedalen, prosjektskildring 20.3.19.pdf



HORDALAND FYLKESKOMMUNE KULTUR- OG
IDRETTSDELINGA
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår referanse: 2018/29628-7
Saksbehandler: Anita Solbakken
Dato: 16. august 2019
Deres ref.:

Kode Kunstmuseer og komponisthjem - magasinutfordringer og fylkeskommunens økonomiske bidrag

KODE har meldt om akutt behov for nye magasiner. Innmeldt behov er på 3000 m² til magasinering av møbler, objekter, gjenstander og kunst. Gjenstandene er uerstattelige, og består av ca 50 000 verk. Magasinbehovene er omtalt i Kulturarenaplan for Bergen 2019-2030. Her er et utdrag fra KODEs innmeldte behov for magasin:

«KODE har behov for å leie lager for kunstgjenstander. Museet har fulgt markedet over tid, og undersøkt mange bygg. Egnede bygg er funnet og KODE planlegger å inngå kontrakt om leie samt ombygging. Magasinet skal benyttes til oppbevaring av kunst og det er følgende krav til egenskaper ved bygget: Størrelse på bygg må være omlag 3000 kvm med takhøyde 4 meter. Maks to etasjer. Gulv i betong, må tåle tunge gjenstander. Minimum to kjøreporter med høyde 3,5 meter eller mer. Ved flere etasjer er det krav om vareheis i bygg med minimum kapasitet på 1500 kg og høyde 2,5 meter. Vegger må være i betong for å minimere kostnader til sikring. Det er behov for fryserom, med kapasitet på 30-40 kvm. Bygget må være plassert med ca. 10 minutters utrykningstid for politi og brannvesen og nærhet til Bergen Lufthavn. Byggets uteareal må ønskelig kunne avsperras for annen trafikk. Det er en fordel med mulighet for utvidelse på eget område. Det kan ikke være delt bygg med andre eiere. Behov for godkjente garderobe- og toalettfasiliteter, møterom og enkelt kjøkken. Lokalene må være tørre og luftig. Huseier må være villig til å gjøre store investeringer på bygg for å tilpasse til magasinkrav mot kompensasjon i form av økt leie over kontraktens periode. Bygget må være godt egnet for å kunne installere klimaregulerte soner. KODE vil ha behov for å kunne installere forskjellige klimasoner for å kunne regulere temperatur og fuktighet mm. Bygget må ha ytre fasade som kan fungere som en del av skallsikringen, dette forenkler sikringsarbeidet som må gjøres på et slikt bygg. Det er behov for åpne arealer innvendig som gjør det enkelt å programmere (innrede) til museumsdriften. Dersom bygget er på flere etasjer må gulvet ha bæreevne på minimum 600 kg pr kvm.»

Situasjonen til KODE er forverret etter ombyggingen av KODE 1, Permanenten, da ca 800 m² magasin ble omgjort til møte- og konferanselokaler og der det i ettertid ble avdekket omfattende støvutfordringer. Store ressurser brukes til kortsiktig flytting av gjenstander. KODE opplyser at det nå ikke lengre er mulig å sikre forsvarlig oppbevaring av gjenstandene eller å drive KODEs planlagte utstillingsvirksomhet. Nå som støvrengingen går mot slutten melder utfordringen seg om hvor KODEs gjenstander skal lagres etter gjennomført støvsanering.

NIKU, Kodes eksterne fagekspertise, anbefaler ikke lagring i Kinasalen, den salen som KODE i dag benytter for en stor del av gjenstandene. Dette på grunn av klima og lysforhold. Det betyr at KODE fortsatt må lagre kunstgjenstandene i utstillingssalene, noe som igjen

betyr at KODE 1 må holdes stengt for publikum på ubestemt tid. Museet har hatt behov for en rask avklaring, da de ellers ville måtte avlyse planlagte utstillinger som hovedarena for Bergen Assembly i september, årsutstilling for Norske Kunsthåndverkere i oktober, utstilling i samarbeid med Tate Britain i London og Waldemars Udde i Stockholm i januar 2020, i tillegg til at reetableringen av Kina-samlingen og den faste samlingsutstillingen utsettes på ubestemt tid.

Byrådet i Bergen har av den grunn ønsket å bidra til å løse KODEs magasinbehov og har konkludert med at KODEs magasinsituasjon er prekær og at det haster med å finne løsninger. Byrådet har i forbindelse med Tertialrapport 1-2019 økt driftstilskuddet til KODE med 3,3 mill kr for å dekke økte driftskostnader for magasiner. Byrådet arbeider for at dette beløpet legges inn fra og med 2020 som et permanent økt driftstilskudd.

Jeg etterlyser økonomiske bidrag fra flere hold og mener det er en viss risiko for at ikke andre offentlige instanser følger opp med økte tilskudd til formålet. På bakgrunn av dette oppfordres både Kulturdepartementet og Hordaland fylkeskommune om å bidra økonomisk.

For KODE haster det med å finne en løsning. Det at kunsten i dag oppbevares i rom som vil kunne ødelegge verdiene er uholdbart. Det at kunsten flyttes på i ganger og rom man finner ledige er langt fra en god bevaring.

Kommunens bidrag, og dermed også fylkeskommunen/statens bidrag gjennom årlige driftstilskudd må økes for at KODE både skal kunne sikre seg magasin og ha et driftsbudsjett som tar høyde for både leiekostnader og øvrig drift. Museets økonomi alene vil ikke kunne tillate en slik økonomisk belastning.

Med hilsen

Julie Andersland
Byråd for klima, kultur og næring

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til: KULTURDEPARTEMENTET



Sakshandsamar:

Ingebjørg Erikstad
E-post: ingebjorg.erikstad@sfj.no
Tlf.: 41530941

Vår ref.

Sak nr.: 19/1878-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16

6823 SANDANE

Dato

LEIKANGER, 19.06.2019

Svar - Søknad om investeringsmidlar til fellesmagasin i Angedalen

Fylkestinget har i møte 04.06.2019 i samband med handsaming av tertialrapport 1/19; FT-sak 31/19, vedtaksptk 9, løyvd 21,4 mill kroner til museumsføremål.

20 mill kroner er løyvd til investering i fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane.

Grunnlag:

Løyvinga er basert på dykkar søknad av 20.05.2019, og kostnad og finansieringsplan for fellesmagasin som er oppgitt i søknad til Kulturdepartementet av 28.02.2019.

Vilkår:

Løyvinga på 20 mill kroner er gitt på vilkår av at prosjektet vert fullfinansiert i tråd med søknad.

Oppfølging og rapportering:

Fylkesrådmannen skal rapportere status for fullfinansiering av prosjekt som har fått tilskot frå fylkestinget til fylkesutvalet 28.august. Vi er innforstått med at det ikkje vil vere mogleg å få avklart søknaden til staten før statsbudsjettet vert lagt fram i oktober. Vi ber likevel om at de innan 15.august melder tilbake status for avklaringa av dei andre finansieringspostane i budsjettet for realisering av fellesmagasinet (eigarkommunar i Sunnfjord og eigenfinansieringa).

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
ass. fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Saksprotokoll FT-sak 31/19.

Mottakar (ar)

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane Gota 16 6823 SANDANE

Kopi til:

Astrid Lernes, FRM
Førde kommune

Avtale mellom Museumssenteret i Hordaland (MuHo) og KODE

Denne avtalen erstatter tidlegare avtale mellom Museumssenteret i Hordaland og KODE, signert 11.11.2015.

Mellom MuHo og KODE er det inngått følgjande avtale:

MuHo skal utføra konserveringstenester for KODE – både innan tekstil- og gjenstandskonservering - innafor ei kostnadsramme på kr 1.339.000,- pr. år (+ lpv 3%). MuHo presenterer for KODE kostnader knytt til avtalen kvartalsvis eller på førespurnad.

Dersom KODE har behov for tenester ut over den avtalte kostnaden i avtaleperioden, vil desse tenestene verta fakturert på vanleg måte etter nærare avtale mellom partane.

Intensjon om auka kompetanse på papir og måleri

MuHo og KODE har ein felles intensjon om at MuHo skal tilby konserveringskompetanse på måleri og papirarbeid.

MuHo kan ikkje skaffe seg slik kompetanse utan at dei økonomiske føresetnadane vart innfridde gjennom auka tilskot og/eller andre samarbeidsavtaler på feltet.

KODE treng slik kompetanse på MuHo om prinsippa for denne avtalen skal vidareførast og vidareutviklast.

KODE og MuHo skal arbeide saman for politisk gjennomslag i denne saka, slik at dei økonomiske føresetnadane kjem på plass.

KODE kan stilla konserveringsatelier for maleri og papir til disposisjon for MUHO etter avtale.

Vilkår

MuHo vil ha arbeidsgjevaransvar for dei konservatorane som utfører tenestene i tråd med avtalen.

Kostnadsramma skal dekkja fylgjande:

Lønskostnadar inkl. feriepengar og sosiale utgifter samt overtid og evt. andre ubekvemstillegg.
Administrative kostnadar (kontorhald, forsikring, reiser m.v)

Løns- og prisvekst skal dekkast i tillegg med 3% pr. år f.o.m. 2018.

Kostnad med materialar til konservering vert dekkja etter rekning. Transport av gjenstandar mellom KODE sine avdelingar og Bevaringstenestene er KODE sitt ansvar.

Konsulentarbeid, møte osv fakturerast kun etter avtale mellom partane.

Avtaletid

Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017. Avtalen har 6 månaders oppseiingstid.

Betaling

MuHo sender refusjonkrav til KODE 2 gonger pr. år; pr. 30.06. og 31.12.

Misleghald og brot på avtalen

Båe partar er gjennom avtalen forplikta til å samarbeida og sikra at føremålet med avtalen vert gjennomført.

Tvist

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolking av avtalen, skal tvisten først søkjast løyst ved forhandlingar. Fører ikkje slike forhandlingar fram innan to månadar, kan kvar av partane forlanga at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Evaluering

Det skal haldast eit evalueringsmøte/statusmøte i løpet av september kvart år. MuHo v/Bevaringstenestene tek initiativ til møtet.

Sollvi, den 7/7 17

Bergen, den 7/7 17



Museumssenteret i Hordaland

Atle Ove Martinussen
direktør



KODE

Sigrud Sverdrup Sandmo
konst. direktør

Saksnr: 2019/22-1

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Eva Moberg, Tor Titlestad, Roald Landøy, Knut Åland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	3/19	12.11.2019

Tilskot ti drift av verna fartøy i Vestland - Reviderte retningsliner frå 2020**Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner Vestland sine freda og verna fartøy utgjør ein viktig del av den regionale og nasjonale kulturarven.
2. For å styrke rammevilkåra til dei frivillige og aktiviteten med å ta vare på veteranskipa vil Hovudutval for kultur, idrett og integrering at tilskotsordninga for drift av verna fartøy vert vidareført i Vestland.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningsliner for ordninga tilskot til drift av verna fartøy i Vestland.

Samandrag

Vestland er det fylket i Noreg med flest freda og verneverdige fartøy. Veteranskipa utgjør ein viktig del av den norske kulturarven og samferdselshistoria vår.

Gjennom såkalla SAVOS-tilskot tildeler Riksantikvaren statlege midlar til kommunar og fylkeskommunar som sjølv gir midlar til fartøyvern, i tilhøvet ein til ein. Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har nytta SAVOS-ordninga. I 2019 var det samla regionale og statlege tilskotet til ordninga for driftstilskot til verna fartøy på kr. 2. mill. Prosjektleiaren vil tilrå at tilskotsordninga vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av gjeldane retningsliner som har vore nytta både i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i 2019.

Rune Haugsdal
prosjektlederPer Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 Retningsliner - Tilskot til drift av verna fartøy i Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland er det fylket i Noreg med flest freda og verneverdige fartøy. Veteranskipa utgjør ein viktig del av den norske kulturarven og samferdselshistoria vår. Veteranskipa fortel saga om livet langs kysten og i fjordane og grunnlaget for vår velstand. Frå siglende jektefart til dampande rutebåtar representerer veteranskipa sjølv livsnerven som vevde Vestland saman.

Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar tar på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Dette bevaringsarbeidet bygger identitet og skapar fellesskap. Tilskotsordninga for drift av veteranskip i Vestland er eit bidrag frå det offentlege for å støtte opp om dugnadsarbeidet og aktiviteten med å ta vare på Vestland sin viktige kulturarv.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Gjennom såkalla SAVOS-tilskot tildeler Riksantikvaren statlege midlar til kommunar og fylkeskommunar som sjølv gir midlar til fartøyvern, i tilhøvet ein til ein. Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har nytta SAVOS-ordninga. I 2019 var det samla regionale og statlege tilskotet til ordninga for driftstilskot til verna fartøy på 2. mill. Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i 2019 nytta same retningslinjer/kriteriesett for tilskotsordninga. Fylkesrådmannen tilrår mindre justeringar. Søknadsfrist er 1. desember 2019. Målet med tilskotsordninga er å stimulere til frivillig aktivitet der det skal vere mogleg for alle å engasjere seg og bidra til å fremje kystkulturen som del av vår felles kulturarv og identitet, som kjelde til kunnskap, oppleving og verdiskaping, gjennom støtte til drift og forvaltning av større verna eller freda fartøy i Vestland. Justeringane gjeld sjølv sagt det nye fylket sin geografiske avgrensing. Andre endringar vil ikkje gjelde sjølv innrettinga av ordninga, berre presiseringar med ei tydeleggjering av kva som er absolutte kriterier og kva som gjeld skjønn. Det er ikkje gjort endringar på dei mest sentrale avgrensingane på ordninga: storleik på fartøy (minst 100 bruttoregister tonn) eller kapasitet (minst 20 passasjerar). Forslag til retningslinjer frå 2020 er å sjå i vedlegg til saka.

Økonomi: Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for t.d. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa, og det er brei interesse og stor oppslutning rundt mange av fartøya.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan i Hordaland 2015-2025. PREMISS: KULTUR og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027. Kultur for alle.

Konklusjon

Fylkesrådmannen vil tilrå at tilskotsordninga for driftstilskot til verna fartøy vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av retningslinjer

Retningslinjer 12.11.2019:

Tilskot til drift av verna fartøy i Vestland

Vestland er det fylket i Noreg med flest freda og verneverdige fartøy. Veteranskipa utgjør ein viktig del av den norske kulturarven og samferdselshistoria vår. Veteranskipa fortel saga om livet langs kysten og i fjordane og grunnlaget for vår velstand. Frå siglende jektefart til dampande rutebåtar representerer veteranskipa sjølvne livsnerven som vevde Vestland saman.

Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar tar på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Dette bevaringsarbeidet bygger identitet og skapar fellesskap. Tilskotsordninga for forvaltning og drift av veteranskip i Vestland er eit bidrag frå det offentlege for å støtte opp om dugnadsarbeidet og aktiviteten med å ta vare på Vestland sin viktige kulturarv.

Kven kan søkje – absolutte kriterier

Målgruppa for ordninga er eigarar og forvaltarar av større, flytande kulturminne i Vestland. Kommunar, foreiningar, stiftingar, andre samanslutningar og private kan søkje. Aksjeselskap som får driftsstønning må vere ideelle, det vil seie at eigarane ikkje kan ta utbytte frå selskapet.

Fartøyet må vere over 100 bruttoregister tonn eller ta minst 20 passasjerar.

Det kan berre søkast tilskot for fartøy som har fått, eller vil få tildelt status som verna fartøy eller som er freda av Riksantikvaren.

Fartøyet må ha heimeadresse i Vestland. Etter nærare vurdering kan kravet fråvikast dersom fartøyet har størsteparten av seglingstida si i Vestland.

Det kan ikkje tildelast tilskot til fartøy som staten eller fylkeskommunen er eigarar av.

Kva kan støttast – absolutte kriterier

Det kan gjevast tilskot til:

- Dekning av naudsynte driftskostnader til fartøyet som kulturminne. Dette kan t.d. vere utgifter i samband med periodisk ettersyn, service av maskineri og teknisk utstyr, brannsikring av kulturminnet.
- Å sikre naudsynt forbruksmateriell og reservedelar til fartøyet. Dette kan t.d. vere propelldelar, motordelar og anna utstyr som er vanskeleg å få tak i, eller er gått ut av produksjon.
- Utgifter til planlegging og kompetanseheving, så som utarbeiding av FDV-planar og kursavgift for frivillige.
- Sikring av kompetanseoverføring ved dokumentasjon, bevaring og formidling av immateriell kulturarv knytt til handlingsboren kunnskap om drifta av fartøyet.

Det vert ikkje gjeve tilskot til tilrettelegging av den kommersielle drifta av fartøyet, så som kantineutstyr, suvenirsal, billettsal, arrangement eller annonsering/reklame, m.m.

Det vert ikkje gitt faste, årvisse tilskot.

Føremål med ordninga

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til frivillig aktivitet der det skal vere mogleg for alle å engasjere seg og bidra til å fremje kystkulturen som del av vår felles kulturarv og identitet, som kjelde til kunnskap, oppleving og verdiskaping, gjennom støtte til drift og forvaltning av større verna eller freda fartøy i Vestland.

Ytterlegare moment ved vurdering av søknad – skjønn

Søknader som fyller grunnvilkåra skal vurderast heilskapleg i høve føremålet med ordninga og ei vekting av fylgjande kriterium:

1. Søkjar sin dokumenterte gjennomføringsevne og eigeninnsats.
2. I kva grad tildeling vil:
 - A. Løyse særlege utfordringar i høve tilstandsgrad og teknisk drift av fartøyet.
 - B. Kjem ålmenta til gode, styrkar rekruttering og inkludering.

Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak

Søknaden må innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon og minst gjere greie for følgjande:

- Fartøyet sin formelle vernestaus
- Behov for driftstilskotet og målsetting
- Plan for gjennomføring og bruk av midlane
- Punktvis søknad om stønad til konkrete utgifter til forvaltnings- eller driftsoppgåver
- Finansieringsplan og detaljert budsjett (skal nyttast til seinare rapportering)
- Effekt av tilskotet for ålmenta

Søknaden skal vere signert av ansvarleg søkjar. Dersom andre enn eigar er søkjar, skal søknaden også vere signert av eigar eller rett representant for eigar. Dersom søknaden er mangelfull, kan det verte høve til å rette dette innan ein nærare fastsett frist. Dersom manglane ikkje er retta innan fristen, kan søknaden verte avvist.

For å få tilskot er det ein føresetnad at søknaden fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal fylkeskommunen gje ei samla fagleg vurdering av søknaden.

Oppfølging og rapportering

Søkjar skal rapportera status innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 15. november i det påfølgande år. Rapporten skal innehalde:

- Relevant dokumentasjon som klart viser korleis drift og forvaltning er gjennomført og om måla er nådd
- Utgreiing av gjennomført drift og eventuelle avvik frå budsjett/planen for arbeidet
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og samla finansiering, spesifisert på:
 - o Stat eller fylkeskommune
 - o Kommune
 - o Tilskot frå andre offentlege organ (t.d. Kulturminnefondet, Kulturrådet)
 - o Anna finansiering (spesifisert)
 - o Eigeninnsats/eigen finansiering

Søkjar skal elles varsle fylkeskommunen dersom ein ønsker å gjere vesentlege avvik frå søknaden. Om tilskotsmottakar er knytt til revisor og tilskotet er kr 300 000 eller høgare, skal tilskotsmottakar òg sende inn revidert årsrekneskap, signert av tilskotsmottakar, evt. ved styret. Det krevjast òg særattestasjon frå revisor på rekneskapen og evt. timelister knytt til arbeidet/tiltaket/prosjektet.

Fylkeskommunen kan, uavhengig beløp på tilskotet, krevje at det vert sendt inn kopiar av bilag til rekneskapet. Utbetalingsanmodning må underbyggast av kopi av faktura(er) som minst tilsvavar tilskotet frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalingar vert haldne attende og at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Misleghald

Om kostnadane vert rimelegare enn budsjettert i søknad, eller om drifta ikkje vart gjennomført etter føresetnadane, skal dei overskytande midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom mottakar gir uriktige opplysningar eller det ligg føre vesentlege avvik frå søknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Vestland fylkeskommune er klageinstans. Klage vert sendt til Vestland fylkeskommune, Avdeling for kultur, idrett og inkludering. Klagefrist er 3 veker frå søkjar mottok underretninga om vedtaket.

I Vestland fylkeskommune si underretning til søkjarane om vedtak skal det mellom anna opplysast om klagetilgang, klagefrist og partsinnsyn mv., jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Saksnr: 2019/41-1
Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Elizabeth Warren, Knut Åland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	4/19	12.11.2019

Tilskot til verna kulturminne i Vestland - Reviderte retningsliner frå 2020**Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner Vestland sine verna kulturminne utgjør ein viktig del av den regionale og nasjonale kulturarven.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningsliner for ordninga tilskot til verna kulturminne i Vestland.

Samandrag

Tilskotsordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikre kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Ordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Tilskotsordninga vart etablert i Hordaland i 2018. Etter at ordninga har blitt betre kjent har fleire kommunar jobba meir aktivt med lokalt kulturminnevern. Prosjektleiaren si vurdering er at tilskotsordninga har vore særskilt vellukka og vil tilrå at tilskotsordninga vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av gjeldande retningsliner.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg
1 Retningsliner - Tilskot til verna kulturminne i Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland har ei rik kulturhistorie med mange kulturminne og kulturmiljø som spenner over eit tidsrom på om lag 10 000 år. Det årlege tapet av kulturminne, både frå nyare og eldre tid, er vesentleg og bør reduserast.

Høgt tap av kulturminne har vore knytt til endringar i næringsstruktur og demografi, og kommunar som ikkje har tatt ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne. Dei siste åra har fleire kommunar fått etablert lokale kulturminneplanar og ei betre handsaming av kulturminne etter gjeldande lovverk. Forutan å nytte lovverket, vil støtte til vern og utvikling av kulturminneressursane vere viktig. Tilskot til verna kulturminne er eit positive verkemiddel som bidreg til å få gjennomført ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland var ei ny ordning i 2018. Den avløyste den ordninga tilskot til vern og vøling av kulturminne i Hordaland. Etter at den nye ordninga har blitt betre kjent har fleire kommunar jobba meir aktivt med lokalt kulturminnevern. I 2018 var det 16 kommunar Hordaland som sendte inn søknader, medan 19 kommunar har søkt i 2019. Total søknadssum til ordninga har nesten dobla seg, frå i overkant av 3 mill. kroner i 2018 til kring 5,5. millionar i 2019. Tilskotsordninga legg grunnlag for mykje verdiskapinga og samla totalkostnader på istandsettingsprosjekta er rekna til kr. 11,5 mill. Fylkesrådmannen ventar vekst i samla søknadssum i framtida. Den meir planmessige innretninga på ordninga har ført til høgare kvalitet på kulturminnetiltaka som søker tilskot.

Det har ikkje vore etablert tilsvarande ordning i Sogn og Fjordane, men av omsyn til det viktige ansvaret kommunane i Vestland fylke vil ha på kulturminnefeltet er det prosjektleiaren si vurdering at ordninga vil vere særskilt viktig for fylkeskommunen si samhandling med alle kommunane i Vestland fylke.

I høve nasjonale forventningar til kommunal planlegging har kommunane hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne. Fylkeskommunen ynskjer å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi. Den regionale tilskotsordninga sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne som er prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Prosjektleiaren si vurdering er at omlegginga av tilskotsordninga har vore særskilt vellukka. For framtida vil vi difor vurdere ei ytterlegare styrking av ordninga, slik at forholdet mellom kva det vert søkt om og kva som vert tildelt vert betra.

Økonomi: Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

Klima: Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapan.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025
PREMISS: KULTUR

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at tilskotsordninga for verna kulturminne vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av retningslinjer slik at den dekker heile Vestland

Retningslinjer 12.11.2019:

Tilskot til verna kulturminne i Vestland

Tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi.

Kven kan søkje – absolutte kriterier

Kommunar i Vestland og eigarar av regionalt verdfulle kulturminne registrert i kulturminnedatabasen Askeladden.

Kva kan støttast – absolutte kriterier

Kommunane kan berre søka tilskot til faste kulturminne i Vestland som enten er:

1. Prioritert i kommunal kulturminneplan.
2. Regulert til bevaring/omsynssone etter plan- og bygningslova.
3. Vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Tiltak som stettar fleire av dei tre kriteria skal prioriterast.

Tilskot skal i første rekkje nyttast til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg. Tilskot kan også nyttast til andre tiltak i handlingsplan til kulturminneplan som kurs og formidling.

Kva kan ikkje støttast:

- Tiltak på kulturminne i statleg, fylkeskommunalt eller kommunalt eige.
- Tiltak på freda kulturminne.
- Ordinær vedlikehald og drift.
- Kommunal sakshandsaming knytt til ordninga.

Det vert ikkje gjeve tilskot til kommunar som finansierar eiga forvaltning av ordninga med avgift pålagt brukarane.

Føremål med ordninga

Det overordna målet er å sikra regionen sine kulturminneressursar som vitskapeleg kjeldemateriale og grunnlag for nålevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Tilskotsordninga sitt føremål er å minimalisera tapet av verneverdige kulturminne, gjennom å støtte kommunar som tek ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Ordning skal stimulere til auka innsats på kulturminnefeltet og styrka vern av prioriterte kulturminne av lokal og regional verdi.

Søknadsfrist:

1. februar

Ytterlegare moment ved skjønnsutøvinga

Rammetilskotet til kommunane vert tildelt etter fylgjande prioriteringar:

- A. Om det er etablert kommunal tilskotsordning for kulturminne, tel det positivt.
- B. Om kommunen har eigedomsskatt, vert det rekna som positivt om kommunen gjev fritak for bygningar med historisk verde.
- C. Kulturminnet sin verdi og viktigheit av tiltaket.
- D. God framdrift- og finansieringsplan, samt lokal forankring.

Vilkår for tildeling

Tildeling føreset minst 50% kommunal eller anna finansiering av tiltaket. I særlege høve kan kravet fråvika. Tiltaka skal fylgje antikvariske retningslinjer og utførande handverkarar må ha utdanning eller realkompetanse innan bygningsvern og kunne vise til erfaring frå tilsvarande prosjekt.

Søknadskrav

Søknaden frå kommunen må innehalde ei kort skildring av tiltaka med finansiering- og framdriftsplan i prioriterte rekkjefølge.

Varigheit

Tilskotet gjeld ut tildelingsåret og det påfølgande år.

Oppfølging, rapportering og kontroll

Rapportering/kontroll:

Kommunane skal rapportere til fylkeskommunen innan 1. februar året etter tilskot er gjeve. Rapporten skal innehalde:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Oversikt over kostnader og finansiering for kvart tiltak.

Fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve.

Misleghald

Dersom tiltaka ikkje vert gjennomført eller det ligg føre vesentleg avvik, skal tilskotsmidlane førast attende til fylkeskommunen.

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar har motteke melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Vestland fylkeskommune.

Vi gjer merksam på at søkjarar etter Forvaltningslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Saksnr: 2019/51-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Linda Farestveit, Kathrin Jakobsen, Kjell Helge Kleppestø, Yrla Klein,
Marianne Seim**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	5/19	12.11.2019
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		12.11.2019
Hovudutval for opplæring og kompetanse		12.11.2019
Fylkesutvalet		13.11.2019

Høyringsuttale lov om integrering**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.

Samandrag

Saka gjeld forslag til lov om integrering og forslag til endring i lov om norsk statsborgarskap som Kunnskapsdepartementet har på høyring med frist 15. november. Den erstattar Lov av 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarak (introduksjonsloven). Forslaget inneber mellom anna at fylkeskommunen sitt ansvar innan enkeltområde/oppgåver vert lovfesta. Dette er oppfølging av Meld. St. 6 (2018-2019) *Oppgaver til nye regioner*. Overordna mål om rask oppstart av kvalifisering av nyankomne flyktningar, slik at fleire flyktningar og innvandrarak kjem i jobb, er ambisiøse og gode.

Rune Haugsdal
prosjektleiarPer Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskrivne underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld forslag til lov om integrering og forslag til endring i lov om norsk statsborgarskap som Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring med frist 15. november. Det er eit omfattande høyringsnotat på meir enn 200 sider. Bakgrunn for forslaget er å få rask oppstart av kvalifisering av nyankomne flyktningar, slik at fleire flyktningar og innvandrarak kjem i jobb.

Forslaget inneber lovfesting av nye oppgåver for fylkeskommunen innan integrering og kvalifisering. Dette er oppgåver som dels er gjort greie for i *Meld. St. 6 (2018-2019) Oppgaver til nye regioner*. Med forslaget vil det vidare skje ei forskyving på grunnleggjande opplæring til fylkeskommunane. Karriererettleiing er eit område som er omfatta av forslaget.

Om lovforslaget

I si uttale fokuserer prosjektleiar på dei overordna strukturane og det som gjeld fylkeskommunane. Med denne høyringa foreslår Kunnskapsdepartementet å oppheve lov 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarak (introduksjonsloven) og innføre lov om integrering (integreringsloven). Målet med lovforslaget er å få rask oppstart av kvalifisering av nyankomne flyktningar. Lovfesting av kartlegging av kompetanse og karriererettleiing før oppstart av introduksjonsprogrammet, er viktige verkemiddel i denne målsettinga. Medan kompetansekartlegging vil høyre til kommunane sitt ansvarsområde, er karriererettleiing ei fylkeskommunal oppgåve. Formålet er mellom anna å sikre større samsvar mellom den kompetansen flyktningar får, og det som er forventning og krav i arbeidsmarknaden. Det overordna målet er at fleire flyktningar og innvandrarak skal i jobb.

Fylkeskommunen sitt ansvar innan busetnad og rettleiing av kommunar i deira kvalifiseringsarbeid er formulert i § 5. Fleire andre paragrafar har direkte tilknytting til fylkeskommunen sine oppgåver innan vidaregåande opplæring og karriererettleiing. Dette gjeld særleg § 12 Karriereveiledning, § 14 Slutt mål for introduksjonsprogram, § 16 Programmets varighet, § 31 Ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Prosjektleiar sine innspel er såleis særleg knytt til §§ 5, 12, 14, 16 og 31.

Prosjektleiar har i tillegg vurdert og støttar forslag til behandling av personopplysningar slik det ligg føre i §§ 41 og 42.

Kommentarar knytt til dei ein skilde paragrafer

§ 5 Fylkeskommunens ansvar

Fylkeskommunen skal anbefale hvor mange flyktninger som bør bosettes i den enkelte kommune i fylket. Arbeidet skal gjøres i tråd med nasjonale føringer og i samarbeid med kommunene og integreringsmyndighetene.

Fylkeskommunen skal utarbeide planer for kvalifisering av innvandrere og sørge for tilbud om karriereveiledning etter § 12.

Fylkeskommunen skal veilede og følge opp kommunene i arbeidet med kvalifisering av nyankomne innvandrere.

Departementet kan gi forskrift om fylkeskommunens ansvar på integreringsfeltet, herunder ansvaret for bosetting og andre oppgaver.

Fylkeskommunen sine oppgåver innan busetnad og arbeid med å følgje opp og rettleie kommunane i arbeidet med kvalifisering av nyankomne flyktningar, høyrer til oppgåveoverføring frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi), sjå *Meld. St. 6 (2018-19) Oppgaver til nye regioner*.

Fylkeskommunen sitt ansvar innan desse nye oppgåvene vert lovfesta. I høyringsnotatet vert det gjort greie for at fylkeskommunen skal vurdere og anbefale talet på flyktningar som bør busettast i den ein skilde kommune i fylket. Fylkeskommunen si vurdering er basert på nasjonale føringer, samarbeid med kommunane, plan for kvalifisering av innvandrarak og fylkeskommunen sin kjennskap til regionen. Kunnskap om lokalt tenestetilbod og planar for samfunnsutvikling står sentralt i gjennomføring av oppgåva. Kommunen sitt tilbod om relevant kompetanseutvikling, utdanning og arbeid skal vektleggast i den

anbefalinga som fylkeskommunen gjer til IMDi. Kommunen fattar så vedtak basert på anmodning frå IMDi. IMDi skal i sitt arbeid legge stor vekt på anbefalinga frå fylkeskommunen.

Den nye saksflyten med fylkeskommunen som ein aktør i busetnadsvurderinga, gir etter departementet si oppfatning sams praksis på tvers av dei elleve fylkeskommunane. Ein påpekar likevel at oppgåvefordeling mellom IMDi, fylkeskommunen og kommunane føreset god informasjonsflyt og samhandling.

Prosjektleiari er positiv til at fylkeskommunen får oppgåve innan busetnad, men skulle gjerne sett at fylkeskommunen si oppgåve også omfattar det å anmode.

Fylkeskommunen skal utarbeide planer for kvalifisering av innvandrere og sørge for tilbud om karriereveiledning etter § 12.

Karriererettleiing kan bety eit meir målretta og langsiktig kvalifiseringsløp og auka motivasjon hos deltakarane. Karriere Hordaland har god kompetanse og erfaring med karriererettleiing i ordinært asylmottak, og har vore del av Kompetanse Norge og IMDi sitt prosjekt om karriererettleiing i ordinære mottak og integreringsmottak i 3 år. Det er viktig at det vert gjort av kvalifiserte karriererettleiarar med nettopp fagleg kompetanse.

Med omsyn til karriererettleiing føreset prosjektleiari at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å sette deltakare i stand til å gjere kvalifiserte karriereval. Prosjektleiari finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gi ei anbefaling om arbeid eller utdanning for den einskilde.

Det er viktig å styrke og systematisere samarbeid mellom karriererettleiinga og flyktingetenesta (og ev. vgs) som følgjer opp deltakaren vidare i introduksjonsprogrammet. Det karakteristiske i arbeid med denne gruppa er at det ikkje er sekvensielle prosessar, men at det trengs prosessar som tek høgde for at ein kan gå fram og tilbake. Med mange etatar inne er det potensielt lett å skape unødige stopp i gode prosessar for enkeltindividet.

Lovforslaget legg opp til fast tid til kvar enkelt individ utan å ta høgde for individuelle skilnader og føresetnader. Nokon vil måtte trenge fleire samtalar, andre lengre/kortare.

Det er viktig at det takast høgde for at alle vil ha behov tolk for å kunne nyttiggjer seg av rettleiinga. Fleire tiltak må setjast i verk skal dette fungere slik forslaget er tenkt. Utdanning av fleire kvalifiserte tolkar med spesialitet på karriererettleiing eller liknande, vil vere eit slikt døme.

Lovforslaget inneber endringar frå dagens introduksjonslov og departementet meiner at endringsforslaga ikkje vil få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. Prosjektleiari meiner at dei økonomiske konsekvensane av endringane ikkje er godt utgreidd. Det vil bety usikkerheit om dei nye ordningane vert iverksett utan grundig analyse av konsekvensar. Det vil vere avgjerande at fylkeskommunen får ressursar til å ha tilstrekkeleg kapasitet for å nå alle nybusede flyktingar i kommunane innan 3 månader etter busetting.

Fylkeskommunen skal veilede og følge opp kommunene i arbeidet med kvalifisering av nyankomne innvandrere.

Ei anna oppgåve som vert overført frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) til fylkeskommunane er rettleiing og kompetanseheving av kommunane i deira kvalifiseringsarbeid. Dette arbeidet skal styrke kommunane si kompetanse på integrering og mangfald for å nå målet om varig sysselsetting for innvandrarakar. Virkemidlar fins i ulike sektorar, slik at samordning og koordinering av innsats, det å sjå verkemidlar i samanheng, prøver ut nye metodar og deler kunnskap, høyrer til fylkeskommunen sitt arbeidsfelt.

Prosjektleiari vil understreke at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør har sær gode føresetnader for å lukkast.

§ 12 Karriereveiledning

Personer som inngår i målgruppen for introduksjonsprogram, jf. § 9 har rett og plikt til å gjennomføre karriereveiledning. Karriereveiledningen skal bygge på kompetansekartlegging, jf. § 11, og bør gjennomføres før det fattes vedtak etter § 13. Karriereveiledningen skal bidra til at den enkelte kan ta informerte valg om utdanning og arbeid og til at introduksjonsprogrammet blir tilpasset den enkeltes behov. Fylkeskommunen skal sørge for karriereveiledning av personer i målgruppen, jf. første ledd. Ved gjennomført karriereveiledning bør det gis en anbefaling om arbeid eller utdanning for den enkelte deltaker innenfor rammen av §§ 14 til 16.

Prosjektleiari viser til sine kommentarar om karriererettleiing i § 5. Desse gjeld og for § 12.

§ 14 Slutt mål for introduksjonsprogrammet

Kommunen skal sette et slutt mål for den enkeltes deltakelse i introduksjonsprogrammet. Slutt målet skal fastsettes i den individuelle planen, jf. § 17. Slutt målet for deltakere som minimum har utdanning på videregående nivå fra før skal ta utgangspunkt i at deltakeren skal kvalifisere til høyere utdanning eller arbeid. Deltakere under 25 år som ikke har utdanning på videregående nivå skal primært ha slutt mål om fullført videregående opplæring.

Ved utforming av slutt målet for deltakere som ikke omfattes av andre ledd, skal det legges stor vekt på deltakerens motivasjon. For deltakere som har fullført grunnskolen og er motivert for videregående opplæring bør slutt målet ta utgangspunkt i at deltakeren skal fullføre videregående opplæring. For andre deltakere bør slutt målet ta utgangspunkt i at den enkelte skal få arbeid eller fullføre deler av eller hele grunnskolen eller videregående opplæring.

Prosjektleiari er positiv til at slutt mål skal gi deltakar formell kvalifisering, men ser at det er utfordringar knytt til tidsavgrensing i § 16 om programmets varigheit. Ein må også sikre at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.

§ 16 Programmets varighet

Kommunen fastsetter varigheten av programmet på bakgrunn av slutt målet, jf. § 14. Programmets varighet skal fremgå av den individuelle planen, jf. § 17. For deltakere som har slutt mål etter § 14 andre ledd første punktum, kan programmet vare mellom tre og seks måneder.

For deltakere med slutt mål om fullført videregående opplæring, jf. § 14 andre og tredje ledd, begge andre punktum, kan programmet vare mellom tre måneder og tre år. For deltakere med andre slutt mål kan programmet vare mellom tre måneder og to år.

Til første del av § 16 har prosjektleiari følgjande kommentar: Ein er usikker på korleis lovforslaget skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent videregående opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom § 16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent videregående opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensing på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg

§ 31 Ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Kommunen skal treffe vedtak om og sørge for opplæring i norsk og samfunnskunnskap til personar i målgruppa, jf. § 28, som er folkeregistrert i kommunen. Dette gjelder også for personar i målgruppa som bor midlertidig på asylmottak i kommunen.

Fylkeskommunen skal sørge for opplæring i norsk og samfunnskunnskap til personar i målgruppa, jf. § 28, som går i videregående opplæring etter opplæringsloven på full tid. Tilbud om opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal gis så snart som mulig og innen tre måneder etter folkeregistrering i kommunen eller at krav om deltakelse blir framsatt.

Fylkeskommunens ansvar inntreir ved oppstart i videregående opplæring. Kommunen kan kreve at personar som omfattes av § 28 andre og fjerde ledd betaler for opplæringen. Kommunen skal utstede deltakerbevis ved gjennomført eller avbrutt opplæring. Departementet gir forskrift om innholdet i opplæringen i norsk og samfunnskunnskap.

Departementet foreslår å dele ansvaret for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap mellom kommunen og fylkeskommunen, § 31 første og andre ledd. Fylkeskommunen sitt ansvar skjer ved oppstart i vidaregåande opplæring. Tidlegare har mange i aldersgruppa fått si norskopplæring i den kommunale vaksenopplæringa, men i ny lov skal denne gruppa primært ha vidaregåande opplæring på fulltid som sitt introduksjonsprogram. Prosjektleiari ser at det kan bety at fleire søker vidaregåande opplæring og at de søker på eit tidligare tidspunkt enn før. Introduksjonsprogram for vaksne over 25 år kan også innehalde vidaregåande opplæring på fulltid. Departementet foreslår at fylkeskommunen skal vere mottakar av tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for dei deltakarane som fylkeskommunen faktisk gir opplæring til. Prosjektleiari støttar ei slik fordeling.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi: Lovforslaget inneber tiltak som har økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen

Klima: Lovforslaget har ikkje tiltak som inneber direkte konsekvensar for klima.

Folkehelse: Fokus på individuell planlegging og rettleiing, med mål om betre samanheng mellom individuelle føresetnader, opplæring og fast tilknytting til arbeidslivet for flyktingar og innvandrarak, har ein positiv effekt på folkehelse

Regional planstrategi: Det er viktig å styrke integrering som fokusområde i regional planstrategi.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune er positiv til at det kjem ny lov om integrering og endring i lov om statsborgarskap, og støttar lovforslaget. Det har eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkeskommunen sine oppgåver innan fleire nye område på integreringsfeltet vert lovfesta. Hovudkommentarane knytt til §§ 5, 12, 14 og 16 er:

§ 5:

Innan busetnad ønskjer prosjektleiari at fylkeskommunen også får rolla med å anmode.

Med omsyn til karriererettleiing føreset prosjektleiari at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å sette deltakare i stand til å gjere kvalifiserte karriereval. Prosjektleiari finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gi ei anbefaling om arbeid eller utdanning for den einskilde.

§ 12:

Prosjektleiari er usikker på om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.

§ 14:

Prosjektleiari er positiv til at sluttmaal skal gi deltakar formell kvalifisering, men ser at det er utfordringar knytt til tidsavgrensing i § 16 om programmets varigheit. Ein må også sikre at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.

§ 16:

Prosjektleiari er usikker på korleis første del av § 16 skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom § 16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensing på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.